

Kommuneplanen sin handlingsplan

Budsjett 2026 Økonomiplan 2026-2029

Formannskapet sitt høyringsframlegg



Luster
kommune

Høyringsfrist er 9. desember.

Formannskapet handsamar saka den 10. desember og gjev tilråding til kommunestyret som gjer endeleg vedtak den 18. desember.



Innhold:

Samandrag budsjett 2026 og økonomiplan 2026 – 2029	3
Budsjettvedtak.....	8
Satsingsområde.....	15
Investeringar i økonomiplanen	20
Økonomisk utvikling i planperioden.....	22
Gebyrliste	27
Planleggingsprogram	65
Klimabudsjett.....	72
Utvikling i befolkning.....	79
Kommunen sine tenesteområde	82
Politikk og administrasjon	82
Oppvekst og kultur	92
Helse, omsorg og sosial	115
Samfunn og næring	128
Eigedom	144
Investering og felleskostnader	163
Vedlegg:	
ØP notat 4	169
ØP notat 3 Investering Status	171
ØP notat 2 Driftsgjennomgang	174
ØP notat 1 Oppstartsmøte.....	176

Samandrag budsjett 2026 og økonomiplan 2026 – 2029

Luster kommune har ein del gode inntekter, men hovudkjelda varierer med kraftmarknaden. Netto driftsresultat er negativt i økonomiplanens fire år. Dette peikar på behov for ytterlegare konkrete omstillingstiltak. Planlagde investeringar gjev stor auke i lånegjeld til tross for bidrag frå fond.

Vi budsjetterte i desember 2024 med eit negativt netto driftsresultat på kr. 0,95 mill. for 2025, tilsvarande 0,1 % av brutto driftsinntekter. Driftsunderskotet var planlagt dekt av fond. Halvårsrapporten og førebelse tal for 2025 syner eit negativt netto driftsresultat på ca 15 mill kr. Det gjev ein stor ubalanse frå drift som vi tek med oss inn i økonomiplanperioden, samtidig som inntektsgrunnlaget vert svekka.

Økonomiplan 2026 – 2029

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar og dei mål og premisser som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på.

Kommunen budsjetterer med negative netto driftsresultat i perioden. Budsjettet vert balansert/finansiert med bruk av fond. Dette er sjølvstendig ikkje berekraftig over tid.

Det er lagt opp fleire viktige investeringar i økonomiplanperioden, der Helse- og omsorgssenter åleine er estimert til 650 mill kroner. Administrasjonen arbeider med ulike alternativ for utbygginga der den økonomiske bereevna til kommunen blir ein dimensjonerande faktor. Det gjenstår ein del utgreiingar og vurderingar før ein landar på kva nytt helse- og omsorgssenter skal innehalde. Det vil vera 2026 før ei slik avgjersle kan takast. Uavhengig av investeringsstorleik, vil behovet for ramme i 2026 vera uendra. Det vert derfor tilrådd å avvente justeringar i investeringsplanen på dette prosjektet til økonomiplanarbeidet hausten 2026, og at investeringsplanen vert vidareført med eksisterande ramme på dette prosjektet.

Totalt er investeringane samla på kr. 884 mill., av desse er berre kr. 50 mill. avgiftsfinansierte («sjølvkost»). Det vil være mva kompensasjon (om lag 159 mill kroner) og tilskot frå Husbanken (om lag 170 mill kroner) til fråtrekk. Låneopptaka i perioden kan dermed bli store og gjelda («investeringslån») aukar frå vel 583 mill. som vi hadde ved starten av dette året (2025) og nærmar seg dobling ved utgangen av perioden. Avdraga er planlagt med kr. 50,- mill. årleg.

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid.

Vi har vedteke følgjande måltal:

1. Netto driftsresultat på 2 % av brutto driftsinntekter:
Dette målet vert ikkje nådd i nokon av åra omfatta av økonomiplanen.
2. Disposisjonsfond på minst 12 % av brutto driftsinntekter:
Negativ drift tærer på fondet, men ikkje slik at kommunen ikkje er innanfor målalet i perioden.
3. Netto lånegjeld skal være maks 75 % av brutto driftsinntekter:
Målalet vert ikkje nådd frå 2027 og vidare i perioden dersom investeringsbudsjettet blir gjennomført som skissert.

Kommunedirektøren sin vurdering:

Kommunen har hatt gode inntekter, men inntektene varierer med kraftmarknaden, og har gitt rom for nye (og høge) faste driftsutgifter. Mange gode formål er blir tilgodesett og prioritert. Ein følgje er negativt netto driftsresultat når driftsinntektene ikkje følger kostnadsutviklinga lenger. Store planlagde investeringar gjev stor auke i lånegjeld til tross for bidrag frå fond. Rentenivået er usikkert.

Gitt dei budsjetterte negative resultata er det tvingande naudsynt med konkret omstilling. Kommunen må i 2026 arbeide fram ytterlegare tiltak for å betre budsjettbalansen, og redusere usikkerheita. Å setje av nok kapasitet til slikt arbeid kan bli avgjerande. Kommunedirektøren vurderer det som forsvarleg i ein periode å gå med eit mindre negativt resultat dersom ein nyttar tid og ressursar på omstilling og utvikling. Realistiske tiltak, tilstrekkeleg kapasitet, gode prosessar, god styring og samordning administrativt og politisk blir svært viktig.

Dersom vi ser på behovet for aktuelle investeringar ut over økonomiplanperioden (10-årsperspektiv (klima/miljø: veg, vatn/ avløp, bygg, teknologi osv)), så er vi truleg på etterskot i omstillinga ut frå antatt utvikling og behov.

Utviklingstrekk

Kostnadsveksten er høg og stikkord er; rekruttering/bemannings/vikarutgifter på fleire område, sterk vekst i «særomsorg» yngre, stor auke samferdsel og kapitalutgifter knytt til renteutviklinga. Kommunen har og stor aktivitet og engasjement innan samfunns- og næringsutvikling. Befolkningsutviklinga har over tid synt positive trekk, og det er heldigvis ikkje berre randsona mot Sogndal som har tilflytting og auke i folketalet. Kommunen har i 2025 gjort vedtak om «omsorgstrapp», noko som fordrar justering i bustadpolitikken for å legge til rette for auka mobilitet i bustadmarknaden. Vidare er merksemda mot naturfare ein stor utfordring for ein kommune som Luster, når ein skal utvikle areal og infrastruktur. Ny arealdel til kommuneplanen er venta vedteken i 2026.

Det er fleire konkrete planar om auka interkommunalt samarbeid (vertskommunesamarbeid) i regionen. Dei fleste vil fyrst ha oppstart i 2027, men vi må nytte 2026 godt for å sikre god organisering og styring av samarbeidet og økonomien knytt til dette.

Drift

Det er små aktivitetssendringar i den vanlege drifta i 2026. Det må påreknast krevjande arbeid med både å skaffe rett bemanning og oppdekking av ferie og vikarordningar.

I planlegginga er det og rekna på at kommunen er blitt oppmoda om å ta mot flyktningar i 2026, og det er budsjettert med mottak av 35 personar. Luster kommune ønskjer i den samanheng å være aktivt med tilrettelegging for arbeid i staden for passiv økonomisk støtte.

Heile kommuneorganisasjonen har bidrege inn i salderingsarbeidet. Generelt er drifta redusert med 1% (utgjør 6,5 mill kroner) i tillegg til andre spesifikke tiltak. Vi har tatt høgde for negativ utvikling på områder som IKT, pensjon, justeringar i inntektssystemet, lovfesta rettigheter, osv, der ein i mindre grad kan påverke utviklinga. Dette reduserer effekten på eigne omstillingstiltak og stadfestar behovet for å ha tryggleiksmarginar/ buffer. Netto driftsresultat burde truleg vore rundt 20 millionar i pluss dersom vi skulle ha ein føre var strategi. Varig reduserte driftskostnader betyr i praksis at talet årsverk må reduserast i åra som kjem.

Investering

Driftsbalanse heng og saman med investeringsnivå. Det er oppslutnad om ei stor investering i nytt helse- og omsorgssenter. Økonomien må førebuast på å løfte ei slik investering. Det vert mellom anna gjort ved å skyve andre investeringar noko ut i tid og betale ned gjeld. Denne strategien kan ev tilpassast nærare ved neste rullering av budsjett/øp, då økonomi for utbygging, tidslinjer for bygging og gevinstar i ny driftsmodell omsorg er meir klarlagt. Budsjettbalansen i framlegg til årsbudsjett for 2026 syner eit svakt netto driftsresultat på minus 2,3 millionar kroner. Målet bør være eit resultat så nær null som mogeleg og ytterlegare tiltak inn mot 2027.

Investeringsplanar

Plan og budsjettarbeidet har gjort vurderingar for heile økonomiplanperioden, jf at det vert tilrådd tilpassingar og utgreiingar som kan balansere budsjett i åra framover. For investeringsplanen er det gjort nokre framskrivingar for ein 10-års periode som kan gje haldepunkt på kva økonomien kan løfte, jf planane om ei større bruttoinvestering i nytt helse og omsorgssenter i siste del av denne øp-perioden (27-29).

Kraftinntekter

Inntektssida i budsjettframlegget er usikker når det gjeld sal av konsesjonskraft. Potensialet for auka inntekter relatert til både pris og volum er til stades, men prisutviklinga på straum og volum uttak til storkunde er krevjande å vurdere. Korleis kommunen skal posisjonere seg i marknaden med konsesjonskraft er til vurdering. Energimarknaden er i stor endring og kommunen ønskjer, som dei fleste andre, både føreseielegdom og høgast mogeleg avkastning.


Andre forhold

Budsjett/øp har, i tillegg til drift og investeringar, framlegg til betalingssatsar, planleggingsprogram og klimabudsjett i eigne vedlegg som tidlegare. Satsingsområde i kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) og link til B/ØP er del av web. versjonen. Det vert vist til desse kapitla som gjev informasjon om den planlagde aktivitet.

Organisasjonskart Luster kommune:



Organisering av politisk nivå i kommunen:



Budsjettvedtak

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
Rammetilskot	-229 312	-253 409	-251 653	-245 930	-245 938	-245 932
Inntekt- og formuesskatt	-179 110	-185 768	-210 360	-210 360	-210 360	-210 360
Eigedomsskatt	-75 302	-75 000	-75 000	-75 000	-75 000	-75 000
Andre generelle driftsinntekter	-103 585	-95 427	-86 772	-81 682	-81 877	-81 877
Sum generelle driftsinntekter	-587 308	-609 604	-623 785	-612 972	-613 175	-613 169
Korrigert sum løyvingar drift, netto	558 168	580 998	579 609	579 535	579 031	578 031
Avskrivningar	40 186	40 705	46 015	46 015	46 015	46 015
Sum netto driftsutgifter	598 354	621 703	625 624	625 550	625 046	624 046
Brutto driftsresultat	11 046	12 099	1 839	12 578	11 871	10 877
Renteinntekter	-12 553	-11 630	-11 230	-11 230	-11 230	-11 230
Utbytte	-13 967	-13 500	-12 000	-12 000	-12 000	-12 000
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	-20 246	-12 000	-13 500	-13 500	-13 500	-13 500
Renteutgifter	32 733	35 360	33 300	38 595	41 082	41 082
Avdrag på lån	49 953	46 000	50 000	50 000	50 000	50 000
Netto finansutgifter	35 921	44 230	46 570	51 865	54 352	54 352
Motpost avskrivningar	-40 186	-40 705	-46 097	-46 097	-46 097	-46 097
Netto driftsresultat	6 781	15 624	2 312	18 346	20 126	19 132
Disponering eller dekning av netto driftsresultat						
Overføring til investering	27 580	12 000	12 000	12 000	12 000	12 000
Avsetningar til bundne driftsfond	11 951	10 374	10 374	10 374	10 374	10 374
Bruk av bundne driftsfond	-40 124	-18 345	-24 745	-14 745	-24 745	-13 745
Avsetningar til disposisjonsfond	15 766	0	6 857	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-21 955	-19 654	-2 686	-9 147	-3 609	-13 609
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-6 781	-15 624	1 801	-1 517	-5 979	-4 979
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0	4 113	16 828	14 146	14 152

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
Administrasjon	28 706	29 819	30 007	30 007	30 007	30 007
Politikk	4 172	4 991	4 668	5 172	4 668	4 668
Grunnskule	122 910	126 588	127 972	127 972	127 972	127 972
Barnehage	67 573	68 687	70 589	70 719	70 719	70 719
Kultur	22 050	24 113	23 719	23 399	23 399	23 399
Folkehelse	1 434	1 975	2 390	2 390	2 390	2 390
Barnevern	9 730	11 262	10 705	12 317	12 317	12 317
Sosial	32 518	31 937	26 815	26 815	26 815	26 815
Helse	39 800	41 514	43 119	43 119	43 119	43 119
Omsorg	195 508	207 569	209 230	209 230	209 230	209 230
Landbruk	4 750	4 791	5 275	5 275	5 275	5 275
Næring	-56	140	-65	-65	-65	-65
Plan	5 191	6 255	6 432	6 432	6 432	6 432
Beredskap	281	291	298	298	298	298
Kulturarv	152	129	198	198	198	198
Eigedom	3 622	4 391	4 502	4 502	4 502	4 502
Veg og park	23 405	19 655	19 135	19 135	19 135	19 135
Kommunale bygg	22 225	22 274	21 641	21 641	21 641	21 641
Utleigebustad	-1 713	-1 241	-1 266	-1 266	-1 266	-1 266
VARs	-5 841	-9 441	-9 446	-9 446	-9 446	-9 446
Brannførebygging	9 748	9 888	10 136	10 136	10 136	10 136
Felles inntekter og utgifter	-48 252	-36 326	-34 583	-36 583	-36 583	-36 583
Byggeprosjekt - eigedom	0	0	0	0	0	0
Sum løyvingar drift, netto	537 915	569 261	571 472	571 398	570 894	570 894
Av dette:						
Avskrivinger	0	0	0	0	0	0
Netto renteutgifter og -inntekter	2 327	-1 080	-1 080	-1 080	-1 080	-1 080
Avsetninger til bundne driftsfond	11 798	10 374	10 374	10 374	10 374	10 374
Bruk av bundne driftsfond	-30 124	-18 345	-14 745	-14 745	-14 745	-13 745
Bruk av disposisjonsfond	-4 255	-2 687	-2 687	-2 687	-2 687	-2 687
Korrigert sum løyvingar drift, netto	558 168	580 998	579 609	579 535	579 031	578 031

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
Investeringar i varige driftsmidlar	197 030	126 039	81 450	268 750	251 750	272 000
Tilskot til andre sine investeringar	1 401	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	2 655	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000
Sum investeringsutgifter	201 086	129 039	84 450	271 750	254 750	275 000
Kompensasjon for meirverdiavgift	-21 810	-21 447	-10 690	-49 200	-47 350	-51 400
Tilskot frå andre	-11 007	200	0	0	-85 000	-85 000
Sal av varige driftsmiddel	-7 543	-6 000	-6 000	-4 500	-4 500	-4 500
Sal av finansielle anleggsmiddel	-5 312	0	0	0	0	0
Bruk av lån	-128 266	-89 792	-55 760	-206 050	-105 900	-122 100
Sum investeringsinntekter	-173 938	-117 039	-72 450	-259 750	-242 750	-263 000
Vidareutlån Husbanken	21 672	30 000	20 000	20 000	20 000	20 000
Bruk av lån til vidareutlån Husbanken	-21 672	-30 000	-20 000	-20 000	-20 000	-20 000
Avdrag på lån til vidareutlån Husbanken	4 707	4 000	4 000	4 000	4 000	4 000
Mottatte avdrag på vidarelån Husbanken	-2 740	-4 000	-4 000	-4 000	-4 000	-4 000
Netto utgifter Husbanken	1 967	0	0	0	0	0
Overføring frå drift	-27 580	-12 000	-12 000	-12 000	-12 000	-12 000
Avsetningar til bundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	-1 535	0	0	0	0	0
Bruk av ubunde investeringsfond	0	0	0	0	0	0
Dekning av tidlegare års udekka beløp	0	0	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetningar	-29 115	-12 000	-12 000	-12 000	-12 000	-12 000
Framført til inndekning i seinare år (udekt)	0	0	0	0	0	0

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd

1. Investeringar i varige driftsmidlar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan Sum 2026- 2029
Ikke-avgiftsfinansierte investeringer							
Bustadfelt infrastruktur	905	500	0	3 000	3 000	3 000	9 000
Bustadfelt Indre Hafslo	4	100	0	500	3 500	0	4 000
Bustadfelt Bolstadmoen	150	500	2 500	0	0	0	2 500
Bustadfelt Treningsfeltet	2 134	979	0	0	0	0	0
Bustadfelt Marifjøra	64	384	500	4 000	0	0	4 500
Bustadfelt Salen	95	2 005	2 400	2 000	0	0	4 400
Bustadfelt Hotla	0	150	0	500	7 500	0	8 000
Næringsområdet	11 364	300	0	0	0	0	0
Gaupnegrandane							
Næringsbygg	1 032	200	0	0	0	0	0
Gaupnegrandane							
Næringsområde Hafslo	54	961	1 500	3 000	4 000	0	8 500
Fellesløyving bygg til fordeling	1 939	4 250	3 500	3 500	3 500	3 500	14 000
Felles inventar/utstyr til fordeling	1 348	2 000	1 500	1 500	1 500	1 500	6 000
Utleigebustader generelt	50 731	5 500	8 000	5 000	5 000	5 000	23 000
Hafslo omsorgssenter (bygg)	1 447	437	0	0	0	1 000	1 000
Helse og omsorgssenter	3 315	4 893	10 000	200 000	200 000	231 500	641 500
"Nye" Hafslo barnehage	42 378	34 855	0	0	0	0	0
Skjolden oppvekstsenter, barnehage	0	500	2 500	0	0	0	2 500
ATS	4 425	16 313	0	0	0	0	0
Utgreiing areal rådhuset	0	500	0	0	0	0	0
Friskhus, evt Kultursal	0	0	0	0	1 000	0	1 000
Gaupne barnehage	512	204	0	0	0	0	0
Anleggsutvikling til fordeling	4 429	3 500	4 000	4 000	4 000	4 000	16 000
Kommunal veg Heggmyrane	179	1 187	0	0	0	0	0
Kommunal veg Bruflat - Grindhaug, Sviggaplassane	0	3 000	0	0	0	0	0
Parkering og friluftsområde Indre Hafslo	0	250	1 000	0	0	0	1 000
Bilar og maskiner	1 560	2 940	1 500	1 500	1 500	1 500	6 000
Turstiar	138	300	0	0	0	0	0
Friområde/turveg	0	0	0	1 000	0	0	1 000
Gaupnegrandane - Hotla							
Trafikktryggingstiltak	1 197	750	750	750	750	1 000	3 250
Opprusting Gaupne sentrum	486	1 000	2 000	1 000	0	5 000	8 000
Planarbeid Gaupne sentrum	963	1 000	0	0	0	0	0
Sentrumsopprustning Luster	0	0	0	1 000	1 000	0	2 000
Gjerde sentrum	4 179	958	5 500	0	0	0	5 500
Kommunalt toalett	0	0	1 000	0	0	0	1 000
Vassbakken							
Offentleg toalett Krossen	0	0	500	0	0	0	500
Sentrumstiltak Hafslo	216	1 966	1 100	2 500	0	0	3 600
Fortun sentrum	0	150	500	0	0	0	500
Bru Drægne	0	0	0	0	4 000	0	4 000
Bru Mjølver	0	0	250	4 750	0	0	5 000
Storekaiaen Solvorn	73	2 127	1 500	0	0	0	1 500
Veg og parkering Solvorn	456	81	2 000	0	0	0	2 000

	Rekneskap 2024	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan Sum 2026- 2029
Infrastruktur Ornes	0	500	0	0	0	1 000	1 000
Rassikring Luster omsorgssenter	92	908	0	0	0	0	0
Veg og gatelys	1 151	1 500	0	1 500	0	1 500	3 000
Bakkingavegen, fortau	103	4 147	3 700	0	0	0	3 700
Lustrabadet	1 137	2 263	6 000	2 000	500	500	9 000
Molo Gaupnegrandane	99	3 101	0	0	0	0	0
Ungdomsbasis Hafslo	0	3 500	0	0	0	0	0
Jostedal samfunnshus	256	0	1 000	0	0	0	1 000
Fleirbrukshall Hafslo	92	100	0	0	0	1 000	1 000
Eigedom Heggmyrane	261	1 200	0	0	0	0	0
Tele og datakommunikasjon	1 993	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
Oppmåling	0	0	750	750	0	0	1 500
Brannførebygging Ornes	69	3 080	0	0	0	0	0
Deponi Lambhaug	0	0	0	9 000	0	0	9 000
Sum Ikke-avgiftsfinansierte investeringer	141 025	116 039	66 450	253 750	241 750	262 000	823 950
Avgiftsfinansierte investeringer							
Vassforsyning, generelt	13 094	6 000	6 000	6 000	6 000	6 000	24 000
Avløpstiltak	5 329	4 000	9 000	9 000	4 000	4 000	26 000
Sum Avgiftsfinansierte investeringer	18 423	10 000	15 000	15 000	10 000	10 000	50 000
Investeringar i varige driftsmidar	159 448	126 039	81 450	268 750	251 750	272 000	873 950

2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan Sum 2026-2029
Vassforsyning, generelt	5	0	0	0	0	0	0
Vassleidning Lunde/Indre Hafslo	11	0	0	0	0	0	0
Omlegging av VAO-anlegg	5	0	0	0	0	0	0
Grandmo - vatn Pumpestasjon	25	0	0	0	0	0	0
Solvornstrondi							
Tilskot kyrkjeleg fellesråd	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
Mva komp investering	355	0	0	0	0	0	0
Tilskot til andre sine investeringar	1 401	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000

3. Investeringar i aksjer og andelar i selskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan Sum 2026-2029
Eigenkapitalinnskot KLP	1 580	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
Aksjekjøp	1 075	0	0	0	0	0	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	2 655	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000

4. Utlån av egne midler

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan Sum 2026-2029
Utlån av egne midler	0	0	0	0	0	0	0
Sum del 1-4	163 504	129 039	84 450	271 750	254 750	275 000	885 950

Økonomisk oversikt drift etter § 5-6

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
Rammetilskot	-229 312	-253 409	-251 653	-245 930	-245 938	-245 932
Skatt på inntekt og formue	-179 110	-185 768	-210 360	-210 360	-210 360	-210 360
Eigedomsskatt	-75 302	-75 000	-75 000	-75 000	-75 000	-75 000
Andre skatteinntekter	-53 164	-53 122	-54 822	-54 822	-55 122	-55 122
Andre overføringer og tilskot frå staten	-50 421	-42 305	-31 950	-26 860	-26 755	-26 755
Overføringer og tilskot frå andre	-98 322	-67 343	-67 017	-67 017	-67 017	-67 017
Brukarbetalingar	-22 984	-20 572	-20 025	-20 025	-20 025	-20 025
Sals- og leigeinntekter	-107 247	-119 132	-121 256	-121 256	-121 256	-121 256
Sum driftsinntekter	-815 861	-816 651	-832 084	-821 271	-821 474	-821 468
Utgifter til løn	443 567	436 191	440 645	441 279	440 775	439 900
Sosiale utgifter	99 559	108 089	116 133	116 133	116 133	116 133
Kjøp av varer og tenester	174 381	186 356	187 858	187 150	187 150	187 025
Overføringer og tilskot til andre	69 213	57 409	43 272	43 272	43 272	43 272
Avskrivningar	40 186	40 705	46 015	46 015	46 015	46 015
Sum driftsutgifter	826 907	828 750	833 923	833 849	833 345	832 345
Brutto driftsresultat	11 046	12 099	1 839	12 578	11 871	10 877
Renteinntekter	-12 553	-11 630	-11 230	-11 230	-11 230	-11 230
Utbytte	-13 967	-13 500	-12 000	-12 000	-12 000	-12 000
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar	-20 246	-12 000	-13 500	-13 500	-13 500	-13 500
Renteutgifter	32 733	35 360	33 300	38 595	41 082	41 082
Avdrag på lån	49 953	46 000	50 000	50 000	50 000	50 000
Netto finansutgifter	35 921	44 230	46 570	51 865	54 352	54 352
Motpost avskrivningar	-40 186	-40 705	-46 097	-46 097	-46 097	-46 097
Netto driftsresultat	6 781	15 624	2 312	18 346	20 126	19 132
Disponering eller dekning av netto driftsresultat						
Overføring til investering	27 580	12 000	12 000	12 000	12 000	12 000
Avsetningar til bundne driftsfond	11 951	10 374	10 374	10 374	10 374	10 374
Bruk av bundne driftsfond	-40 124	-18 345	-24 745	-14 745	-24 745	-13 745
Avsetningar til disposisjonsfond	15 766	0	6 857	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-21 955	-19 654	-2 686	-9 147	-3 609	-13 609
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-6 781	-15 624	1 801	-1 517	-5 979	-4 979
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0	4 113	16 828	14 146	14 152

Satsingsområde

Kommuneplanen skal vere det langsiktige og overordna styringsdokumentet til Luster kommune. Den sett mål for utviklinga og bestemmer dei overordna linjene i arealforvaltninga. Planen er pålagt gjennom plan og bygningslova, og skal bidra til langsiktig, sektorovergripande og demokratisk styring i kommunen.

Luster kommune reviderte samfunnsdelen til kommuneplanen i 2021. Planen inneheld eit sett av mål og strategiar utarbeidd på bakgrunn av brei medverknad, innspel frå politikarar, føringar frå overordna myndigheiter og samarbeid internt i administrasjonen. Måla er det vi ynskjer å oppnå, og strategiane er forslag til korleis me skal jobbe for å nå dei.

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale og regionale planer vert følgt opp, og i Luster kommune har me sagt at økonomiplanen skal vere handlingsdelen til kommuneplanen. Plansystemet Framsikt let oss kople saman mål, strategi, tiltak og investeringar på tvers av planar. Ved å trykke på dei fire satsingsområda kan du se kva aktuelle strategiar, tiltak, klimatiltak eller investeringar som teke med i økonomiplanen for å jobbe mot å oppnå måla.

Eit utval av dei måla som er mest aktuelle er fordelt i teksten under dei ulike ansvarsområda basert på innspel frå einingane, og dei strategiane som er teke med i økonomiplanen er valt ut og fordelt etter innspel frå einingane.

Aktiv heile livet

Beskriving av satsingsområdet

Satsingsområdet “Aktiv heile livet” er tett knytt mot folkehelse og leve heile livet reforma. Aktivitet gjeld ikkje berre fysisk rørsle, men også arbeid, sosial aktivitet, inkludering og læring for folk i alle aldrar. Mange av kommunen sine oppgåver innan område som helse- og omsorg, kultur og plan og forvaltning, kan kanskje løysast betre om ein har fokus på det mest grunnleggjande i lokalsamfunnet: At menneskjer møtast, utvekslar meiningar og erfaring, og samarbeider mot felles mål. Eit godt samfunn med sterk samhøyr stimulerer til god helse, kreativitet, og dugnadsånd.

Kva eit godt lokalsamfunn er, kan bety ulike ting for eldre og yngre, tilflyttarar og innfødde, funksjonsfriske og dei med funksjonsnedsetjing. Framover blir det spesielt viktig å finne løysningar som rustar kommunen for endringar i befolkninga si alderssamansetjing. Dette er ein formidabel utfordring som krev tverrfaglege løysningar innan arealforvaltning, samferdsle, kulturliv og helsetenester. Det er viktig å skape eit samfunn der alle har gode høve for å delta. Luster skal vere ein kommune for alle. Folk må få utfolde seg og utfordre seg ut ifrå sine føresetnader. Mål og strategiar under “Aktiv heile livet” er i stor grad utforma på bakgrunn av brei medverknad med innspel frå folk, frivillige organisasjonar, leiarar i administrasjonen og politikarar.

Måltabell for kommunen

Hovudmål

Aldersvenleg samfunn og tenester som gjennomgåande legg vekt på aktiv omsorg

Alle har gode høve for å kjenne friluftsglede i nærmiljøet

Barn og unge har gode lokalsamfunn som fremjar sosial kompetanse, deltaking, meistring og tilhøyrslø

Gode tilbod av kultur, fritidsaktivitetar og læringsarenaer som motverkar utanforskap og fremjar psykisk helse

Delmål

Aktive generasjonsmøteplassar med god tilkomst

Dei eldre i Luster kommune får nytta potensialet sitt og er ein verdifull ressurs for lustrasamfunnet

God oppfølging av leve heile livet reformen med fokus på førebyggjande folkehelsearbeid

Betre tilrettelegging for møteplassar langs fjorden

God tilrettelegging av aktivitets- og friluftsområder

Barn og unge får god rettleiing i å meistre livet

Barn og unge har god tilgang på uformelle møteplassar og sosiale aktivitetstilbod

Alle barn og ungdom skal ha høve til å delta i fritidsaktivitetar og leik i samsvar med barnet sin alder

Attraktive nærmiljøanlegg og friområde i alle bustadfelt og ved alle barnehagar og skular

Barn og unge er fysisk aktive og har god helse

Det frivillige organisasjonslivet i Luster kommune har gode rammevilkår og er kompetent og samkøyrd

God tilkomst til møteplassar, nærmiljøanlegg og alle offentlege bygg, og fokus på tilrettelegging for personar med funksjonsnedsetting

Kulturarven blir teke vare på og nytta som ein kjelde til kunnskap, identitet og oppleving

Styrka identitetskjennele og samhøyr mellom innbyggjarane i kommunen

Klimasmart

Beskriving av satsingsområdet

Gjennom Parisavtalen har Norge forplikta seg til å bidra til at den globale oppvarminga held seg godt under to grader samanlikna med førindustriell tid, og helst avgrense temperaturauken til 1,5 grader. Klimamåla er vedteke gjennom ein eigen klimalov, og kommunane sitt ansvar for å redusere klimagassutslepp er fastsett i plan og bygningsloven § 3, og statlege planretningslinje for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing.

Luster kommune som organisasjon er både samfunnsutviklar, planmyndigheit, eigar og driftar, arbeidsgjevar, innkjøpar og tenesteleverandør. Kommunen har gode mulegheiter til å redusere utslepp og bidra til å drive fram klimaomstillinga gjennom ansvarleg utøving av dei ulike rollene. Under satsingsområdet klimasmart er det sett overordna mål og fleire strategiar for klimaarbeidet i Luster kommune. Handlinga bør konkretiserast i underordna planar, og oppfølginga av klimamåla skal skje gjennom og gjennom klimabudsjettet i økonomiplanen.

Miljøutfordringane må løysast med å sjå natur, klima og samfunn i samanheng. Ofte kan ivaretaking og vern av natur ha positiv effekt for både klimatilpassing og klimagassreduksjon. Under klimasmart er det også definert mål for å ivareta og forvalte naturområda i kommunen.

Måltabell for kommunen

Hovudmål

Direkte utslepp halverast innan 2030, og betydeleg reduksjon i energibruk og forbruk av forureinande varer og tenester

Delmål

Det er gode høve for å gjenbruke og resirkulere i Luster, og me klarar å nytte ressursane som finns i avfall

Energibruken i privathushaldningar reduserast og energien nyttast berekraftig sett i eit globalt perspektiv

Gjennomgåande bevisstheit og fokus på miljøvennleg livsstil i befolkninga

Innbyggjar og næringsliv får gode høve for å velge utsleppsfrie transportløyningar og redusere transportbehovet

Landbruket har gode rammer og støtte frå kommunen for å klare å redusere klimagassutslepp i tråd med intensjonsavtalen med regjeringa

Nedgang i utslepp frå sjøfart og vekst i utsleppsfri ferdsel på fjorden

Kommuneorganisasjonen framstår som eit forbilde i klimaomstillinga

Klimagassutsleppa og energibruken frå kommunen sin verksemd reduserast

Klimaomstilling er eit gjennomgripande tema i styringa av kommunen

Naturområda i Luster skal ivaretakast og styrkast

Ingen søppel i naturområder

Naturmangfaldet i nærområde skal styrkast

Distriktsinnovasjon

Beskriving av satsingsområdet

Sentralisering fører til nedgang i innbyggjartal i mange distriktkommunar. Luster har hatt folketalsauke dei siste åra, men det er ikkje sjølvstendig at det vil halde fram. Skal folketallet halde seg på dagens nivå og aller helst vekse, må ein halde fram utviklingsorientert arbeid og gjere det attraktivt å bu og drive verdiskaping i kommunen. Godt utviklingsarbeid er og å ta vare på dei verksemdene som alt er etablerte i Luster. Samtidig er det viktig å ha ressursar for å leggje til rette for nyetablering av verksemdar. Reiselivet er ei stor næring i Luster, utvikling av reiselivet framover må ha eit berekraftperspektiv. Dei siste åra har det vore stor investeringslyst i landbruket og eit viktig generasjonsskifte har skjedd på mange gardar. Det er viktig at det vert arbeidd vidare for å få utvikling i landbruket.

Luster kommune må samarbeide med regionen i sitt utviklingsarbeid og leggje til rette for at folk ynskjer å bu i Luster. Det er eit mål å sjå næringsutvikling og samfunnsbygging i samanheng, og jobbe for å skape gode lokalsamfunn der alle innbyggjarane vert inkludert og får nytta sine ressursar. Gode samferdsle- og kommunikasjonsløyser er eit viktig grunnlag for dette, og kommunen må jobbe for at innbyggjarar og besøkjande har gode høve for å drive med idrett og friluftsliv.

Måltabell for kommunen

Hovudmål	Delmål
Berekraftig reiseliv basert på dei unike natur- og kulturverdiane i Luster	Aktivt reiseliv heile året med hovudfokus på kortreiste besøkjande med lang oppholdstid Godt tilrettelagt for friluftsliv i tilknytning til bre, fjell, dal, kulturlandskap og fjorden, både for lokale og besøkjande Samordna lokale reiselivsaktørar og utvikling i samsvar med den regionale satsinga Status som versdsarv - og nasjonalparkkommune vert nytta til å formidla og vidareutvikla ein berekraftig verdiskaping
Landbruket har gode rammer og det er mangfald innan landbruksproduksjonen i Luster	Berekraftig utvikling blir eit overordna prinsipp ved all planlegging og drift Verdiskapninga og produksjonen i landbruket oppretthaldast
Luster kommune legg til rette for berekraftig utvikling og nyskaping innan næringslivet og støttar opp om dei eksisterande verksemdene	Luster har godt utbygd breibandtilbod og det er fleire møteplassar i kommunen der folk kan arbeide digitalt Luster kommune er offensiv for medfinansiering av utviklingsprosjekt i næringslivet jmf «grunnlag for handsaming av næringssaker - Det gjeld både eksisterande bedrifter og nystarta bedrifter/grunderar Næringslivet tek miljøutfordringane på alvor og deltek i klimaomstillinga
Positiv utvikling av felles arbeidsmarknad i Sogneregionen, særleg innafor offentlege arbeidsplassar	Luster kommune deltek aktivt for å utvikle fleire offentlege arbeidsplassar i Sogneregionen
Sterke og attraktive og lokalsamfunn	Attraktive tettstader som tilbyr varierte bustad- og tenestetilbod og gir bulyst Flyktningar og arbeidsinnvandrarar blir godt integrerte og føler seg heime i lokalsamfunnet Luster skal vere ein attraktiv stad å bu for folk som arbeider i regionen Sogn Luster skal vere ein god kommune å etablere verksemd i

Tryggleik

Beskriving av satsingsområdet

Luster skal vere ein trygg kommune. Dette går blant anna ut på å ha ei kompetent og velfungerande helse- og omsorgsteneste med god beredskap, god vedlikehald av infrastruktur og system for varsling av feil og manglar, ei politisk leiing som speglar samfunnet og set innbyggjarane først, og at me klarar å sikre busetnad mot naturfare.

I tida framover vil vi møte nye utfordringar som følgje av klimaendringane, og dette vil krevje tilpassing. Førebygging er som oftast å førebyggje framfor reparasjon, men førebygging krev god innsikt og planlegging. Ein anna utfordring som me må jobbe systematisk og langsiktig med er aukinga i tal eldre. Me må førebygge sjukdom og skadar, og sørge for at eldre lever gode liv med tilgang til naudsynte helsetenester. På same tid skal me sikre at at barn og unge har trygg skuleveg og gode oppvekstvilkår. For å klare dette er det viktig med politisk og administrativ leiing som samarbeider godt og har innsikt nok til å gjere gode prioriteringar og handle framsynt i tråd med behova. Arbeidet for å oppnå gode, trygge lokalsamfunn er ein overordna tverrfagleg oppgåve. Det er viktig at ein ser arbeidet innan sikkerheit og folkehelse i samanheng og jobbar systematisk og målretta at Luster kommune skal vere ein trafikksikker kommune. Satsingsområdet «Tryggleik» definerer mål og strategiar innan mange av dei viktigaste ansvarsområda kommunen har.

Måltabell for kommunen

Hovudmål	Delmål
Innbyggjarane har sosial, økonomisk og arbeidsmessig tryggleik	Gode lågterskeltilbod som førebygger einsemd og fremjar psykisk helse Luster kommune er ein påliteleg støttespelar for arbeidsledige og sikrar varierte tilrettelagte oppgåver for personar med nedsett arbeidsevne Luster kommune skal betre levekår for vanskelegstilte og førebyggja sosiale problem. Prioriterte grupper er ungdom, flyktningar, einslege forsørgjarar og barnefamiliar Luster kommune skal vere ein inkluderande og attraktiv arbeidsgjevar
Påliteleg og bærekraftig infrastruktur og robuste tenester	God beredskap mot uføresette hendingar og framsynt førebygging mot klimaendringane Luster er ein trafikksikker kommune med god tilrettelegging for gåande og syklende Trygg levering av veg, vatn og avløp
Samordna tenester for alle barn og unge som gjev trygge og gode oppvekstvilkår	Godt og inkluderande barnehage- og grunnskuletilbod med høg fagleg kvalitet Gode, samordna og førebyggjande tenester med fokus på tidleg innsats for barn og unge og foreldrerettleiing Utsette barn og unge får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid
Trygge og attraktive bustader	Luster kommune vil ha gode og framtidsretta bustader og bustadløysningar for barnefamiliar, eldre og utsette grupper

Investeringar i økonomiplanen

Samla investeringar i eit 10-års perspektiv

Samla investeringar - 10-års perspektiv

Beløp i 1000 kr


Gruppering	Investering	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030	Øk.plan 2031	Øk.plan 2032	Øk.plan 2033	Øk.plan 2034	Øk.plan 2035
Bustadfelt - bustadutvikling	Bustadfelt Bolstadmoen	2 500	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Bustadfelt - bustadutvikling	Bustadfelt Hotla	0	500	7 500	0	0	0	0	0	0	0
Bustadfelt - bustadutvikling	Bustadfelt Indre Hafslo	0	500	3 500	0	0	0	0	0	0	0
Bustadfelt - bustadutvikling	Bustadfelt infrastruktur	0	3 000	3 000	3 000	4 500	4 500	4 500	4 500	4 500	4 500
Bustadfelt - bustadutvikling	Bustadfelt Marifjøra	500	4 000	0	0	0	0	0	0	0	0
Bustadfelt - bustadutvikling	Bustadfelt Salen	2 400	2 000	0	0	0	0	0	0	0	0
Bustadfelt - bustadutvikling	Sal av tomter	-6 000	-4 500	-4 500	-4 500	-4 500	-4 500	-4 500	-4 500	-4 500	-4 500
Sum Bustadfelt - bustadutvikling		-600	5 500	9 500	-1 500	0	0	0	0	0	0
Bygg	Hafslo omsorgssenter (bygg)	0	0	0	1 000	20 000	7 000	0	0	0	0
Bygg	Helse og omsorgssenter	10 000	200 000	115 000	146 500	0	0	0	0	0	0
Bygg	Skjolden oppvekstsenter, barnehage	2 500	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Bygg	Utleigebustader generelt	8 000	5 000	5 000	5 000	5 500	5 500	5 500	5 500	5 500	5 500
Sum Bygg		20 500	205 000	120 000	152 500	25 500	12 500	5 500	5 500	5 500	5 500
Fellesløyvingar	Anleggsutvikling til fordeling	4 000	4 000	4 000	4 000	4 500	4 500	10 000	10 000	10 000	10 000
Fellesløyvingar	Bilar og maskiner	1 500	1 500	1 500	1 500	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000
Fellesløyvingar	Felles inventar/utstyr til fordeling	1 500	1 500	1 500	1 500	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000
Fellesløyvingar	Fellesløyving bygg til fordeling	3 500	3 500	3 500	3 500	4 000	4 000	20 000	20 000	20 000	20 000
Fellesløyvingar	Oppmåling	750	750	0	0	0	0	0	0	0	0
Fellesløyvingar	Tele og datakommunikasjon	1 000	1 000	1 000	1 000	1 500	1 500	1 500	1 500	1 500	1 500
Fellesløyvingar	Trafikktryggingstiltak	750	750	750	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Fellesløyvingar	Veg og gateløys	0	1 500	0	1 500	0	1 500	0	1 500	0	1 500
Sum Fellesløyvingar		13 000	14 500	12 250	14 000	15 000	16 500	36 500	38 000	36 500	38 000
Kultur og fritid	Fleirbrukshall Hafslo	0	0	0	1 000	40 000	34 000	0	0	0	0
Kultur og fritid	Friskhus, evt Kultursal	0	0	1 000	0	20 000	30 000	0	0	0	0
Kultur og fritid	Jostedal samfunnshus	1 000	0	0	0	0	0	0	0	0	0

Gruppering	Investering	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030	Øk.plan 2031	Øk.plan 2032	Øk.plan 2033	Øk.plan 2034	Øk.plan 2035
Kultur og fritid	Kommunalt toalett Vassbakken	1 000	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Kultur og fritid	Lustrabadet	6 000	2 000	500	500	750	750	750	750	750	0
Kultur og fritid	Parkering og friluftsområde Indre Hafslo	1 000	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Kultur og fritid	Tilskot kyrkjeleg fellelsråd	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	0
Sum Kultur og fritid		10 000	3 000	2 500	2 500	61 750	65 750	1 750	1 750	1 750	0
næringsområde - næringsutvikling	Næringsområde Hafslo	1 500	3 000	4 000	0	0	0	0	0	0	0
Sum næringsområde - næringsutvikling		1 500	3 000	4 000	0	0	0	0	0	0	0
Sentrumsområde	Fortun sentrum	500	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Sentrumsområde	Gjerde sentrum	5 500	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Sentrumsområde	Infrastruktur Ornes	0	0	0	1 000	6 000	0	0	0	0	0
Sentrumsområde	Opprusting Gaupne sentrum	2 000	1 000	0	5 000	5 000	0	0	0	0	0
Sentrumsområde	Sentrumsopprustning Luster	0	1 000	1 000	0	0	0	0	0	0	0
Sentrumsområde	Sentrumstiltak Hafslo	1 100	2 500	0	0	0	0	0	0	0	0
Sentrumsområde	Storekaiaen Solvorn	1 500	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Sentrumsområde	Veg og parkering Solvorn	2 000	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Sum Sentrumsområde		12 600	4 500	1 000	6 000	11 000	0	0	0	0	0
Vatn og avløp	Avløpstiltak	9 000	9 000	4 000	4 000	7 000	4 500	4 500	4 500	4 500	4 500
Vatn og avløp	Vassforsyning, generelt	6 000	6 000	6 000	6 000	9 000	6 500	6 500	6 500	6 500	6 500
Sum Vatn og avløp		15 000	15 000	10 000	10 000	16 000	11 000	11 000	11 000	11 000	11 000
Veg	Bakkingavegen, fortau	3 700	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Veg	Bru Drægne	0	0	4 000	0	0	0	0	0	0	0
Veg	Bru Mjølver	250	4 750	0	0	0	0	0	0	0	0
Sum Veg		3 950	4 750	4 000	0	0	0	0	0	0	0
Totalsum		75 950	255 250	163 250	183 500	129 250	105 750	54 750	56 250	54 750	54 500

Økonomisk utvikling i planperioden

Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter


Grafen er i %



Tabell	KOSTRA 2021	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	KOSTRA 2024	Budsjett 2025	Økplan 2026	Økplan 2027	Økplan 2028	Økplan 2029
Luster ny struktur	12,5 %	11,6 %	5,6 %	-0,8 %	-1,9 %	-0,3 %	-2,2 %	-2,4 %	-2,3 %
Handlingsregel	2,0 %	2,0 %	2,0 %	2,0 %	2,0 %	2,0 %	2,0 %	2,0 %	2,0 %

Korrigert netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter


Grafen er i %



Tabell	KOSTRA 2021	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	KOSTRA 2024	Budsjett 2025	Økplan 2026	Økplan 2027	Økplan 2028	Økplan 2029
Luster ny struktur	10,9 %	10,1 %	3,0 %	7,8 %	-0,9 %	1,4 %	-1,7 %	-0,7 %	-1,9 %
Handlingsregel	1,0 %	1,0 %	1,0 %	1,0 %	1,0 %	1,0 %	1,0 %	1,0 %	1,0 %

Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter


Grafen er i %



Tabell	KOSTRA 2021	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	KOSTRA 2024	Budsjett 2025	Økplan 2026	Økplan 2027	Økplan 2028	Økplan 2029
Luster ny struktur	22,1 %	29,3 %	29,7 %	28,1 %	25,6 %	25,6 %	24,9 %	24,4 %	22,8 %
Handlingsregel	12,0 %	12,0 %	12,0 %	12,0 %	12,0 %	12,0 %	12,0 %	12,0 %	12,0 %

Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinntekter


Grafen er i %



Tabell	KOSTRA 2021	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	KOSTRA 2024	Budsjett 2025	Økplan 2026	Økplan 2027	Økplan 2028	Økplan 2029
Luster ny struktur	1,2 %	5,5 %	2,2 %	4,4 %	5,4 %	5,6 %	6,3 %	6,6 %	6,6 %

Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter


Grafen er i %



Tabell	KOSTRA 2021	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	KOSTRA 2024	Budsjett 2025	Økplan 2026	Økplan 2027	Økplan 2028	Økplan 2029
Luster ny struktur	57,7 %	53,1 %	50,2 %	57,2 %	62,5 %	62,0 %	81,8 %	88,6 %	97,4 %
Handlingsregel	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %

Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar

Grafen er i hele kr



Tabell	KOSTRA 2021	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	KOSTRA 2024	Budsjett 2025	Økplan 2026	Økplan 2027	Økplan 2028	Økplan 2029
Luster ny struktur	73 977	75 302	74 082	85 887	93 949	95 856	125 073	135 702	149 336
Handlingsregel	75 000	75 000	75 000	75 000	75 000	75 000	75 000	75 000	75 000


Vurdering av den økonomiske utviklinga

Beløp i 1000

	Budsjett 2025	Økonomiplan			
		2026	2027	2028	2029
Sum inntekter	-804 010	-832 084	-821 271	-821 474	-821 468
Sum utgifter	799 915	833 922	833 848	833 344	832 344
Brutto resultat	-4 095	1 838	12 577	11 870	10 876
Netto finansutgifter og inntekter	45 730	46 570	51 865	54 352	54 352
Motpost avskrivninger	-40 705	-46 097	-46 097	-46 097	-46 097
Netto resultat	931	2 311	18 345	20 125	19 131
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-953	1 801	-1 517	-5 979	-4 979
Årsresultat	-22	4 112	16 827	14 145	14 151
Netto resultat i prosent av sum inntekter	-0,1 %	-0,3 %	-2,2 %	-2,4 %	-2,3 %

Kommunaløkonomisk bærekraft (KØB)

Grafen viser avviket mellom vedtekne mål for dei tre viktigaste finansielle indikatorane som skal bidra til kommunaløkonomisk bærekraft (KØB). Verdiane i trekanten er relative, og målet er rekna om til 100 for alle dei tre indikatorane. Verdi under 100 indikerer behov for ytterlegare tilpassing for å nå målsettinga.



Verkelege verdiar

Indikatornavn	Målsetting	Økonomiplan 2026	Økonomiplan 2029
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	2,0 %	-0,3 %	-2,3 %
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar	75 000	95 856	149 336
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	75,0 %	62,0 %	97,4 %
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter	12,0 %	25,6 %	22,8 %

Relative verdiar

Indikatornavn	Målsetting	Økonomiplan 2026	Økonomiplan 2029
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	100,0 %	-15,0 %	-115,0 %
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar	100	72	1
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	100,0 %	117,0 %	70,0 %
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter	100,0 %	213,0 %	190,0 %

Gebyrliste

Innleiing

Årsbudsjettet skal fastsetja betalingssatsar kvart år.

Reguleringa vert vurdert i høve satsar fastsett nasjonalt, (t.d. fleire i kommuneopplegget i Statsbudsjettet), regelverk t.d. sjølvkostvurderingar, løns-/prisutvikling samt kommunale vurderingar.

For løn og pris er utviklinga prognosert i statsbudsjettet:

- lønnsvekst = 3,7 %
- prisvekst = 3,3 %
- deflator = 3,5 %
- KPI frå sept. 2024 til sept. 2025 = 3,6 %.

For mange satsar er det nasjonalt regelverk og i nokre samanhengar maks-satsar:

- Barnehage; makspris redusert til 700,- kr frå august 2025, redusert foreldrebetaling til låginntektsfamiliar og gratis kjernetid for definerte grupper
- SFO; gratis 12 t tilbod til 1 - 3 klasse, redusert foreldrebetaling til låginntektsfamiliar, 1-4 trinn. Syskenrabatt gjeld ikkje dersom eit av borna har gratis SFO tilbod.
- Omsorg; maks-pris på «heimhjelp», gradert etter inntektsnivå i hht folketrygda.
- Husleige kommunale bustader; Endring av husleige, fornying av løpande avtalar kan maksimalt regulerast med kpi siste året. (2024-2025= 3,6 %)
- Sjølvkostregelverk; For ein del tenester innan teknisk område gjeld regelverk om sjølvkostoppdekking. Renovasjon skal ha sjølvkost. Vatn, avløp, slam, byggesak, oppmåling, feiing kan ha sjølvkost.

Når det gjeld «reine» kommunale gebyr og betalingssatsar så vert det sett hen mot kompensasjon av kostnadsveksten. (pris-lønn-deflator)

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %	Trendpil	Merknad
Betalingssatsar							Gebyrheftet er utarbeidd basert på føringane ovanfor.

Administrasjon

Kopiar mm

Kommunen tilbyr tenester innan:

- Kopiering – eksterne dokument
- Kopiar/plott av kart m.m.
- Laminering

Tilbodet er prisa til inndekking av kostnadane. (Uprenta vedlegg/fullstendig prisliste på heimesida.)
Enkel kopiering av kommunale saksdokument, og innsyn er utan kostnader.

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %	Trendpil	Merknad
Kommunal vigsle	Kr	0/1300*	0/1500				

*

Kommunen sine eigne innbyggjarar og personar som ikkje er busette i Noreg får gratis vigsle på rådhuset i opningstida (lovfesta).

Brudepar som er heimehøyrande i andre kommunar i landet, får vigsle på rådhuset innanfor opningstida til kroner 1 500,-

Dersom det vert avtalt vigsle på andre tidspunkt eller andre stader i kommunen, må brudeparet betale meirkostnaden kommunen har (medgått tid og reise).

Oppvekst

Betalingssatsar barnehage 2026

Stortinget vedtok å redusera maksprisen i barnehagane til 700 kr per måned for utkantkommunar frå 1. august 2025.

Prisen for 80 % plass og 60 % plass er sett proporsjonalt i høve til 100 % plass.

For 2026 er kostprisane auka med 3,3 %.

Redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid

Eiga forskrift regulerer ordningane om gratis kjernetid og redusert foreldrebetaling. I følge forskrift er det hushaldet si samla skattepliktige kapital- og personinntekt det skal takast omsyn til ved utrekning av foreldrebetaling, og dette er det etablert eige søknadsopplegg for.

Søskenmoderasjon barnehage:

- Barn 1 etter regulativ
- Barn 2 får 30 % moderasjon
- Barn 3 gratis

Ordninga med at barnehagen er gratis for det tredje barnet vart innført nasjonalt f.o.m. 1. august 2023 og gjeld så lenge alle barna går i barnehagen samtidig.

Den lokale ordninga med søskenmoderasjon på tvers av barnehage og SFO vart oppheva frå og med 1. august 2024

Betalingssatsar SFO 2026

Prinsipp for prisfastsetjing:

- Inndeling i fire hovudkategoriar (100 – 75 – 50 – 25) for å ha ei oversiktleg prisliste. Innafor kvar kategori er det ein viss variasjon, dvs. spenn i timetal, grunna ulike opningstider mellom dei ulike skulane. Prisane er auka med 3,5 % samanlikna med 2024.
- Prisane er auka med 3,5 %.
- Matpengar er justert med 3,3 %, runda av til næraste 5 eller 10 kroner.
- Dagsats sommar-SFO vert sett til kr 300 også for 2026
- Det vert gjeve eit frådrag for timar med leksehjelp. I 2026 er frådraget kr 29 per time.

Etter 01.08.24 gjeld nasjonale ordningar for moderasjon SFO

- Gratis SFO for elevar med særskilte behov på 5.–7. trinn
- 12 timer gratis SFO for elevar på 1., 2. og 3. trinn

Tilpassa lokal ordning til den nasjonale ordninga gjeldande frå 1. januar 2024:

- Inntektsavhengig ordning med redusert foreldrebetaling i SFO for husholdningar med elever på 1.–4. trinn. Ordningen sikrar at ingen familiar skal bruke meir enn maksimalt **fem prosent** (nasjonal ordning er 6 prosent) av inntekta si til å betale for ein SFO-plass.

Søskenmoderasjon: (frå 01.08.24.)

1. Barn 1 etter regulativ.
2. Barn 2 får 30 % moderasjon.
3. Barn 3 får 50 % moderasjon.

Lokal ordning med søskenmoderasjon på tvers av barnehage og SFO vart oppheva frå og med 1. august 2024.

Dersom eitt av barna har gratis SFO, vert søskenmoderasjon ikkje gjeve.

Foreldrebetaling barnehage

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %	Trendpil	Merknad
60 % plass	kr/mnd	1 200,00	560,00	-640,00	-53,33%		
80 % plass	kr/mnd	1 350,00	630,00	-720,00	-53,33%		
Dagsats	kr/dag	300,00	300,00	0,00	0,00%		Uendra
Heil plass	kr/mnd	1 500,00	700,00	-800,00	-53,33%		
Matpengar - 60 % plass	kr/mnd	280,00	289,00	9,00	3,21%		
Matpengar - 80 % plass	kr/mnd	330,00	341,00	11,00	3,33%		
Matpengar - Dagsats	kr/dag	32,00	33,00	1,00	3,13%		
Matpengar - Heil plass	kr/mnd	380,00	393,00	13,00	3,42%		

Foreldrebetaling SFO

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %	Trendpil	Merknad
100 % plass	kr/mnd	2 970,00	3 070,00	100,00	3,37%		Alle
25 % plass	Kr/mnd	890,00	915,00	25,00	2,81%		Hafslo - Solvorn - Luster - Indre Hafslo - Skjolden - Veitastrond
50 % plass	Kr/mnd	1 650,00	1 705,00	55,00	3,33%		Alle
75 % plass	Kr/mnd	2 260,00	2 335,00	75,00	3,32%		Hafslo - Solvorn - Luster - Skjolden - Indre Hafslo
Dagsats sommar-SFO	Kr/dag	300,00	300,00	0,00	0,00%		Gaupne - Hafslo. Uendra
Frådrag leksehjelp	Kr	29,00	29,00	0,00	0,00%		Uendra

100 % plass

2026: Pris 1. -3. trinn: 1190,- til 1230,- Matpenger: 190,- til 196,-

50 % plass

Matpenger: 103,- eller 150,- avhengig av tal ettermiddagar. Auke frå 100,- og 145,-.

75 % plass

2026: Pris 1. -3. trinn: 260,- til 270,- Matpenger: 190,- til 196,-

Helse

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %	Trendpil	Merknad
Etablerarprøva for serveringsløyve	Kr	400,00	400,00	0,00	0,00%		Uendra

Ambulerande skjenkeløyve med meir

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %	Trendpil	Merknad
Ambulerande skjenkeløyve	Kr	450,00	460,00	10,00	2,22%		Pr. løyve/arrangement.
Kunnskapsprøva for salsløyve alkohol	Kr	400,00	400,00	0,00	0,00%		Følgjer nasjonale føringar
Kunnskapsprøva for skjenkeløyve	Kr	400,00	400,00	0,00	0,00%		Følgjer nasjonale føringar

Ambulerande skjenkeløyve

Harmonisert med andre kommunar til 2026

Kunnskapsprøva for salsløyve alkohol

Jmf. Alkoholforskrifta §5-6 og §5-4

Kunnskapsprøva for skjenkeløyve

Jmf. Alkoholforskrifta §5-6 og §5-4

Helsesenter

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %	Trendpil	Merknad
Brystpumper elektrisk, utlån	Kr	568,00	588,00	20,00	3,52%		
Enuresealarm	Kr	513,00	531,00	18,00	3,51%		

Omsorgstenesta

ATS

Prisar vert regulert/skal regulerast med deflator 3,5 %.
(uprenta vedlegg/fullstendig prisliste på heimesida).

Omsorgsbustader og omsorgsplassar

- Regulering av husleigesatsane følgjer husleigelova og er avgrensa til indeks, endring i KPI, med 1 mnd varsel dvs. 3,6 % frå sep-24 til sep-25.
- Betalingssatsane for alle bustader er inkl VAR (vatn, avløp, renovasjon). For omsorgsplassane er også straum inkludert i husleiga.
- I omsorgsplassane er ein avskoren frå høve til å ordne mat sjølve. Matabonnement er difor rabattert.
Erstatning av bøker og anna materiale Lånaren er ansvarleg for alt materiale han/ ho låner og må erstatta eventuelle tap og skader, jfr utlansreglementet for Luster bibliotek. Biblioteket vurderer erstatningssummen i kvart enkelt tilfelle ut frå følgjande kriterier: - Kva det kostar å kjøpe inn eit nytt eksemplar. - Kor mange gonger har boka/ materialet vore utlån. - Alder og eventuell slitasje Bøker: Minstesats kr 150 for barn, kr 300 for vaksne. For fjernlånte bøker gjeld satsar til det enkelte eigarbibliotek.

Kommunale bygningar:

Utleige til private, næringsdrivande, offentlege etatar, organisasjonar utanfor kommunen.

- Alle prisar er kr pr.time
- Leigeavtalar som gjeld heile dagar skal betalast med 5 gonger timepris. Eit leigeforhold som går ut over kl. 24.00, men er under 24 timar skal betalast som ein dag.
- Lag og organisasjonar som nyttar basseng må betale i samsvar med dei satsar som gjeld for bruk av basseng, og skal vera avtala på førehand.
- Lag og organisasjonar i kommunen får nytte bygningane vederlagsfritt - også til inntektsbringande arrangement - så langt bruken ikkje påfører kommunen ekstra utgifter til reinhald og tilsyn.

Unnateke for betalingssatsane er:

- Kommunale aktivitetar som musikkskule, kommunalt valde styre, råd og utval, foreldreråd og samarbeidsutval

Bilettprisar symjebasseng

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %	Trendpil	Merknad
Jostedal og Fjordstova							Jostedal og Fjordstova fastset prisane sjølve.
Lustrabadet							Vert fastsett gjennom budsjett Lustrabadet KF

Bygdebok

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %	Trendpil	Merknad
Kjøp av ei bok	Kr	750,00	750,00	0,00	0,00%		uendra
Kjøp av serie på 3 el. Fleire bøker 1 og 2 kr 750, deretter kr 500 pr bok	Kr	500,00	500,00	0,00	0,00%		uendra

Kjøp av serie på 3 el. Fleire bøker 1 og 2 kr 750, deretter kr 500 pr bok

Bok nr. 1 og 2 kr. 750, deretter kr. 500 pr bok

Bygg

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %	Trendpil	Merknad
Andre rom	Kr/time	193,00	200,00	7,00	3,63%	↗	
Idrettshallen Gaupne, 1/3 av hallen m/garderobar	Kr/time	349,00	361,00	12,00	3,44%	↗	
Idrettshallen Gaupne, Heile hallen m/garderobar	Kr/time	770,00	797,00	27,00	3,51%	↗	
Leige av skule til barnebursdag	Kr	400,00	414,00	14,00	3,50%	↗	
Samfunns-/gymsalar i andre kommunale bygg	Kr/time	387,00	400,00	13,00	3,36%	↗	
Samfunnssal i Hafslo samfunnshus	Kr/time	564,00	584,00	20,00	3,55%	↗	
Symjebasseng m/garderobar. (Jostedal)	Kr/time	710,00	735,00	25,00	3,52%	↗	

Danseverkstad

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %	Trendpil	Merknad
Kontingent pr semester	Kr	590,00	590,00	0,00	0,00%	↘	30 % søskenmod. Uendra i 2026

Festeavgift graver

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %	Trendpil	Merknad
Festeavgifta for graver er sett til kr 230, - pr år. Innkrevjing kr 1 150,- for 5 år.	Kr	230,00	300,00	70,00	30,43%	↗	Forslag frå Morten til fellesrådet i nov

Kulturskule

Gebyr	Eining	Sats 2025	Sats 2026	Endring i kr	Endring i %	Trendpil	Merknad
Instrumentleige pr semester	Kr	450,00	450,00	0,00	0,00%	↘	
Instrumentopplæring, individuell pr semester	Kr	2 250,00	2 250,00	0,00	0,00%	↘	Kjøp av dobbelttime vert ein plass til fullpris og ein med 25 % moderasjon.
Samspelgruppe pr semester	Kr	1 500,00	1 500,00	0,00	0,00%	↘	Det vert gjeve 25 % syskenmoderasjon

Instrumentleige pr semester
uendra til 2026

Instrumentopplæring, individuell pr semester
uendra til 2026

Samspelgruppe pr semester
uendra til 2026

Planleggingsprogram

Del 1 – Kommuneplaner

Plan	Ansvar	Politisk behandling	Off. ettersyn	Oppstart	Status	Framdrift	Prioritet
KP arealdel	Plan	F-skap – utlegging off ettersyn K-styret - godkjenner	Gjennomført		Bearbeiding av motsegn og merknadar. Mål om utlegging til nytt offentlig ettersyn i desember.	Vedtak våren 2026 dersom ein unngår for mykje motsegn.	Høg
KP samfunnsdel	Plan	F-skap – utlegging off ettersyn K-styret - godkjenner		Haust 26	Dette arbeidet startar ikkje før ein ser korleis KPA utviklar seg.	Oppstartsprosessen må definere framdrift. Er eit spørsmål om det er eit mål at dette kommunestyret skal godkjenne ny KPS	middels

Del 2 – Kommunedelplaner som skal handsamast etter plan- og bygningsloven

Plan	Ansvar	Politisk behandling	Off ettersyn	Oppstart	Status	Framdrift	Prioritet
Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2020 – 2032	kultur	F-skap – utlegging K-styret - godkjenner		2025	Oppstart av revidering av handlingsdelen	Vedtak 2026	Høg
Ny Kommunedelplan for avlaup 2026 - 2035	Eigedom	F-skap – utlegging K-styret - godkjenner	Ja	2025	Utlekking på høyring anten seint i 2025 eller tidleg i 2026	Vedtak i 2026	Høg
Ny Kommunedelplan for trafikktrygging	Eigedom / teknisk drift / plan	F-skap – utlegging K-styret - godkjenner	Nei, men innspelsrunde	2025	Revidering av handlingsprogrammet	Vedtak i 2026	Høg

Del 3 – Reguleringsplanar – formalkrav om offentlig ettersyn.

Plan	Ansvar	Behandling	Plan-program	Oppstart	Status	Framdrift	Prioritet
Områdeplan - Hafslo	Plan	PFU/ F-skap til høyring K-styret godkjenner	Ja	Er meldt oppstart/ plan-program vedteke	Lagt ut til offentlig ettersyn	Mål om vedtak desember/ tidleg 2026. Vil her vere eit atterhald om at ein kan komme til å måtte ha eit nytt ettersyn.	Høg
Fortun besøks-senter med nær-område	Plan	PFU/ K-styret	Nei	Gjennomført	Er i prosess. Høge kostnader med kulturminne undersøkingar.	Fokus med omsyn til infrastruktur i Fortun sett opp mot Statnett sitt arbeid med ny netstasjon. Mål om offentlig ettersyn vår 2026.	Høg
Gaupne sentrum	Plan	PFU/ K-styret		Gjennomført	Vart halde att litt grunna flaumproblematikk/ utfordringar med nytt helsesenter. Offentleg ettersyn november 25.	Mål om vedtak i 2026.	Høg
Ny Gaupne sentrum sør - Øyrane	Plan	PFU/ K-styret	Nei	Okt 25	Hasteigangsett grunna alternativvurdering av tomt til helsehus.	Mål om offentlig ettersyn våren 26	Høg
Marheim	Plan	PFU/ K-styret	Nei	Er varsla	Tildelt Nordplan Formannskapet har lagt til grunn at planen skal gjennomføres	I prosess. Kulturminneundersøkingane er gjennomført. Relativt store funn og byggeområdet redusert. Må avklarast opp mot økonomiplan.	Høg – Off Ett vår 26

Plan	Ansvar	Behandling	Plan-program	Oppstart	Status	Framdrift	Prioritet
Nedre del av Engjadals elvi + revisjon Gaupne-grandane	Plan	PFU/ K-styret	Nei	Er varslet	Arbeidet med denne planen har utvikla seg mykje basert på interessentar i næringsområdet, samt kommunen sitt grep med Hotla. Revidert plan nærmar seg, motsegn som må svarast ut.	Plan til nytt offentlig ettersyn haust 25.	Høg
Ny Indre Hafslo oppvekster	Plan	PFU/ K-styret	Nei	Varsla oppstart	Føremålet med planen er å sjå på trafikkavvikling/ parkering og uteområde.	Offentlig ettersyn i løpet av 2026.	
Salen	Plan	PFU/ K-styret	Nei	Oppstart varslet	Er under arbeid – grunnundersøkingar nyleg gjennomført.	Offentlig ettersyn i løpet av 2026.	Høg
Revisjon resten av Sandvik nord	Plan	PFU/ K-styret	Nei	Ikkje varslet	Bedt om frå PFU Ikkje prioritert enda	Om kapasitet så mogleg oppstart 2026	Middels
Røneids-grandane - revisjon	Plan	PFU/ K-styret	Nei	Ikkje varslet	Ikkje prioritert oppstart.	Muleg oppstart 26 Har fått utarbeidd rasrapport med omsyn til arealet mot vegen. Ser vanskeleg ut. Lagt på is, men behov for revisjon av gjeldande plan i tillegg til rasvurdering.	Middels

Plan	Ansvar	Behandling	Plan-program	Oppstart	Status	Framdrift	Prioritet
Revisjon Kvitevodd en	Plan	PFU/k- styret	Nei	Ikkje varsla	Fått rasrapport som viser at noko av planen er rasutsett Då det er sett i gang bygging/ tildelt 2 tomter, ser ein ann litt her.	Planen bør reviderast, men no er delar av byggeområdet under bygging. Vert ikkje prioritert før nokre større oppgåver er landa.	Middels
Revisjon av delar av Beimfelte t	Plan	PFU/k- styret	Nei	Ikkje varsla	Ikkje prioritert oppstart.	Administrasjonen ser for seg eit arbeid mot næringslivet før planoppstart slik at plan kan justerast mot eit prosjekt.	Middels
Hestnes – revisjon	Plan	PFU/ k- styret	Nei	Varsla oppstar t	Offentleg ettersyn okt/ nov 25	Håp om godkjenning vår 26	Høg

Del 4 – Reguleringsplanar – uprioritert som ein ser at ein kanskje må snu seg fort rundt for å gjennomføre/ reguleringsplanar som oppfølging av ny KPA

Plan	Ansvar	Grunngjeving	Prioritet
Klokkargarden pelsdyr - revisjon	Plan/ privat	Kommunen er kontakta av aktør i området om muleg omregulering. Då kommunen har ein del areal her, er dette eit muleg framtidig næringsareal knytt til Hafslo. Situasjonen er til kontinuerleg vurdering saman med andre område på Hafslo. Vert også vurdert kost/nytte opp mot utviding av næringsområdet på Galden.	Usikker
Bustadfelt Indre Hafslo	Plan	Grunna problem med Lundshaugen over tid og også Marheim, må bustadfelt på Indre Hafslo prioriterast når KPA er ferdig. Kanskje førebu noko før det.	
Revisjon Heggmyrane	Plan	Prosessane som har vore knytt til Heggmyrane kjem truleg til å medføre revisjonsarbeid. Privat planinitiativ.	
Nytt bustadfelt Solvorn	Plan	Avhengig av KPA	
Parkering/ buss Solvorn	Plan	Avhengig av KPA	
Plan for tilrettelegging av nytt sprengstofflager	Plan	Jobbar med å få denne godkjent på dispensasjon.	Høg
Ny Elveførebyggingsprosjekt Gaupne	Tverrfagleg plan/eigedom/ næring og natur	NVE signaliserer at dei vil ha på plass intern ressurs hjå seg i løpet av 2026. Når NVE er klar til å starte prosessen må også kommunen rigge seg for bidra inn i arbeidet.	Høg
Ny Nytt bustadfelt Sandviki/Hotla	Plan	Når KPA er vedteken bør kommunen raskt starte regulering av nytt bustadfelt Hotla. Grunntilgang er avklara.	Høg

Del 5 – Reguleringsplanar – private som må følgjast opp/ som er venta i 2025/ 2026

Plan	Status	Kommentar	Sannsynleg prosess vidare
Harastølen	Planinitiativ/ oppstartsmøte oktober 24. Er varsla oppstart	Truleg framdrift på denne no	Uavklara
FV 55 Nes - Høyheimsvik	Reguleringsplan heilt i sluttfasen.	Vert handsama/ lagt ut til offentleg ettersyn av Vestland fylkeskommune.	PFu-behandling i 2025.
Skytebane Hillestadstølen	Førebuande møte	Eventuell plan kjem til å legge opp til utvidingar på Hillestadstølen	Usikker framdrift

Plan	Status	Kommentar	Sannsynleg prosess vidare
		Ikkje noko nytt.	
Revisjon Storhaug - Turtagrø	Gjennomført handsaming av planinitiativ og oppstartsmøte	Truleg lagt på is.	Vart varsla oppstart aug 22.
Bustadfelt Eidsbakkane Skjolden	Gjennomført oppstartsmøte	Gjennomført stabilitetsvurderingar. Er i prosess.	Truleg handsaming tidleg 2026
Plan for næringsareal Hillestadmarki	Oppstartsmøte 17.11.22	Vedteke planinitiativ Lagt noko på is.	
Ny Resaland	Motteke planinitiativ	Truleg handsaming av planinitiativ og oppstartsmøte i okt/ nov 25	
Ny Bestebakken	Varsla oppstart	Truleg mottak av planforslag i 2025	

□

Del 6 – Temaplaner/ strategiar og liknande som ikkje skal handsamast etter plan- og bygningsloven

Plan	Ansvar	Behandling	Oppstart	Status	Framdrift	Prioritet
Kommunedelplan lokale kulturhus	kultur	F-skap K-styre	Revisjon 2022	Har tidshorisont fram til 2021		Høg
Friluftslivets ferdselsårer	Plan	F-skap	2021	Er under utarbeiding	Nærmast seg høyringsutkast	Middels
Bustadplan	Plan/ Eigedom/ helse	F-skap/K-styre	2023	Nærmast seg ferdigstilling	Grunnlag for KPA	Høg
Grunnlag for handsaming av næringsaker	Næring/ landbruk	F-skap K-styre anna kvart år	Vår 22	Årleg rullering		Høg
Landbrukspolitisk strategidokument/ kommunal jordvernstrategi*	Landbruk	F-skap K-styre?	2026			Høg
Plan for forvaltning av fiske	Landbruk	PFU	2026			

Plan	Ansvar	Behandling	Oppstart	Status	Framdrift	Prioritet
Hovudplan for skogsvegar i Luster kommune	Landbruk	PFU	2027	Revisjon, avhengig av områdetakst		
Plan for hjortevilt	Landbruk	PFU	2026			
Overordna retningslinjer for tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket	Landbruk	PFU	2026			
Besøksstrategi for Nigardsbreen	Landbruk		2026			
Forvaltningsplan Loi	Landbruk		2026			

**Utarbeiding av eit landbrukspolitisk strategidokument inkludert ein jordvernstrategi jf. KOM- 12/25 vedtak. Kommunen har etter søknad fått innvilga tilskot på kr. 100 000 til utarbeiding av kommunal jordvernstrategi. Det er naturleg å sjå kjerneområde landbruk/kulturlandskap i samanheng med dette arbeidet.*

Klimabudsjett

Om klimabudsjettet

Menneskeleg aktivitet bidreg til å endre temperaturen på jorda, ifølge FN sitt klimapanel. Bruk av fossile brennstoff og avskoging er dei største kjeldene til klimagassutslepp globalt. CO2 konsentrasjonen i atmosfæren har auka med rundt 40 prosent sidan 1750.

Temperaturauken har mange følgjer. Smelting av brear og oppvarming av vatnet i havet medfører havnivåstigning. Varmare atmosfære førar til meir ekstremvær med både hetebølger, flaum og tørke. For oss i Norge gjev klimaendringa fyrst og fremst eit mildare klima med meir nedbør, styrtregn og fleire stormar, men me er ikkje skjerma for dei indirekte konsekvensane av det som skjer rundt oss.

Norge har forplikta seg til å bidra i kampen mot klimaendringane gjennom Parisavtalen. Avtalen har som overordna mål å halde den globale auken i jordas snittemperatur under 2, og helst ned mot 1,5 gradar celsius. Norges mål er å kutte klimagassutsleppa med minst 55% innan 2030, samanlikna med 1990. Norge har også lovfesta bidraget til Parisavtalen gjennom klimalova.

Ved oppstart av kommuneplanen blei «Klimaspart» peikt ut som eit av Luster sine 4 satsingsområde, og kommunestyret har gjennom handsaminga av planen vedteke overordna mål for klimaarbeidet i Luster kommune.

Føremålet med klimabudsjettet i økonomiplanen er å rapportere på arbeidet og konkretisere handlinga for å nå måla. Klimabudsjettet skal synleggjere kva kommunen gjer no, og kva me må jobbe meir med for å nytte handlingsrommet best mogleg.

Overordna mål for miljø:

Direkte utslepp halverast innan 2030, og betydeleg reduksjon i energibruk og forbruk av forureinande varer og tenester

- Landbruket har gode rammer og støtte frå kommunen for å klare å redusere klimagassutslepp i tråd med intensjonsavtalen med regjeringa
- Innbyggjar og næringsliv får gode høve for å velge utsleppsfrie transportløyningar og redusere transportbehovet
- Det er gode høve for å gjenbruke og resirkulere i Luster, og me klarar å nytte ressursane som finns i avfall
- Gjennomgåande bevisstheit og fokus på miljøvennleg livsstil i befolkninga
- Nedgang i utslepp frå sjøfart og vekst i utsleppsfri ferdsel på fjorden
- Energibruken i privathushaldningar vert redusert og energien nyttast berekraftig sett i eit globalt perspektiv

Kommuneorganisasjonen framstår som eit forbilde i klimaomstillinga

- Klimaomstilling er eit gjennomgripande tema i styringa av kommunen
- Klimagassutsleppa og energibruken frå kommunen sin verksemd vert redusert


Naturområda i Luster skal ivaretakast og styrkast

- Ingen søppel i naturområder
- Naturmangfaldet i nærområde skal styrkast

Klimastatistikk

Kor store utslepp står kommunen for?

Figur 1 viser utsleppsestimat med to grunnleggjande forskjellige utrekningsmetodar (2022).




Figur 1

Direkte utslepp er henta frå miljødirektoratet. Dette er estimat av utslepp som oppstår innafor kommunen sin geografiske avgrensing. Td. vil utsleppa frå eit cruiseskip som skal til Skjolden berre bli rekna med så lenge det er innafor kommunegrensa. Metoden med geografisk avgrensing er brukt når ein reknar på dei nasjonale utsleppsforpliktingane til FN.

Forbruksbaserte eller indirekte utslepp oppstår i ein produktkjede uavhengig av geografisk lokasjon, knytt til den som nyttar eit produkt eller ei teneste. Dette gir eit anna bilede, fordi levemåten vår ofte førar til utslepp andre stader. Til dømes blir lustringane sine flyreiser til andre land rekna på Luster kommune med denne metoden.

Siste oppdaterte oversikt over klimagassutslepp frå miljødirektoratet på sektorfordelte utslepp per år er synt i figur 2:



Figur 2

For betre innsikt i forbruksbaserte klimagassutslepp og samanlikning med andre kommunar, trykk på følgjande link: [Folkets Fotavtrykk](#)

Klimaarbeid i kommunen

Klimaleiing

Arbeid for å redusere klimagassutslepp er eit relativt nytt fokusområde for kommunane. Det er derfor viktig at ein får satt arbeidet i system med overordna mål og rutinar for rapportering og oppfølging. For å vurdere korleis Luster kommune ligg an har administrasjonen teke utgangspunkt i miljøorganisasjonen Zero sin sjekklister for klimaleiing i kommunane. Ein oppsummering av hovudpunkta følgjer under.

Sett klimamål: Ok

- Luster kommune har hatt fokus på å innarbeide mål for klima i kommuneplanen sin samfunnsdel, og vi har utarbeida ein felles strategi for klima med Sogndal kommune.

Lag klimabudsjett: Ok

- Det har blitt laga klimabudsjett i økonomiplanen dei siste åra. Me må jobba meir og betre med prosessen med klimabudsjett for å sikre at dette er eit styringsverktøy som heile kommunen nyttar i sitt arbeid. Zero foreslår å lage ein belønningsordning som stimulerer til klimatiltak innan ulike einingar, noko me så langt ikkje har gjort.

Bruk eigarmakta: Ok

- Vi har utgreia mulegheitene for fjordvarme i Gaupne og solceller på taka på kommunale bygg. Solceller er lite økonomi i, men likevel aktuelt grunna nye EU direktiv. Fjordvarme har bra potensiale både for kommunale og private bygg.

Investér i klimaløysningar: Ok

- Luster kommune har tidlegare flytta ein del kapital til meir berekraftige fond. Ved alle nye innskot vert det vurdert om ein skal sette dei i grønare fondsplasseringar. Luster kommune yt ekstra økonomisk medverknad til næringsprosjekt som har positiv klimaeffekt jf. grunnlag for handsaming av næringssaker. Me har litt å gå på når det kjem til å vurdere risiko i investeringar. Me har ikkje definert eit eget spydspissprosjekt på klima for kommunen, noko Zero anbefala.

Lag grøn innkjøpsstrategi: Vert arbeida med

- Innkjøp er eit av dei sterkaste verktøya kommunar har for å redusere klimagassutslepp og stimulere til omstilling i lokalsamfunnet. I forrige økonomiplan vart dette trukke fram som eit område med forbettringspotensiale. I løpet av året har det har vert fokus på klimaomsyn i innkjøpsgruppa og på å lage retningslinjer for klima i relevante innkjøp.

Kommuniser klimaløysningar: Ok

- Det er sett fokus på klima i politiske møter og innspel frå politisk hald blir teke med i arbeidet for å bli betre på klima og miljø. Temaet har blitt løfta fram gjennom planarbeid, og har fått mykje plass på dialogmøte med næringslivet i kommunen. Bruk av næringsfondet har også bidrege til å kommunisere og stimulere til tiltak rundt i kommunen.

Bygg nettverk: OK

- God dialog med næringsliv og samarbeid med Sogndal om planarbeid. Kunne vert betre samarbeid med høgskulen, og me har ikkje samarbeidsprosjekt på større klimatiltak.

Klimaarbeid i einingane

Næring og natur

Luster kommune sitt næringsarbeid tek utgangspunkt i dokumentet Grunnlag for handsaming av næringssaker, som vert revidert kvart år. For å støtte opp om klimaomstillinga i kommunen er det oppretta følgjande stønadsordningar:

- Elbil ladarar – hurtigladarar og destinasjonsladarar for reiselivet
- Solceller for næringsliv / landbruk
- Miljøsertifisering
- Reduksjon av klimagassutslepp frå bedrifters verksemd

I tillegg er det eit prinsipp jf. dokumentet at kommunen skal yte ekstra økonomisk stønad til næringsprosjekt med positiv klimaeffekt. Klimaeffekten av prosjekt vurderast i kvar enkelt sak. Klima vart i år innarbeida i malen for politisk handsaming av næringssaker.

GT Bil AS og Josvanger Elektro AS har fått utbetalt tilskot for miljøsertifisering i år.

Kommunen deltok på ein studietur om industriell symbiose til Danmark, i samarbeid med Sogn Næring

og Sognekraft/Sogn Utvikling. Målsetjinga med studieturen var å førebu seg på utbygging av kraftkrevjande industri i Sogn som vil ha ytterlegare verdiskapingspotensiale ved å nytte seg av overskotsvarme til anna næringsutvikling.

Regionale miljøtilskot stimulerer til å redusere klimagassutslepp i landbrukssektoren. I 2025 har 15 stykk søkt om tilskot til klimarådgiving gjennom denne ordninga, mot 47 i 2024 og 5 stykk i 2023. I tillegg er det 30 søkjarar på tilskotsordninga for miljøvennleg spreiding av husdyrgjødsel i 2024 (29 i 2024, 26 i 2023 og 16 i 2022). Dette gjeld nedlegging, nedfelling og spreiding av gjødsel med tilførselsslange. Tiltaka kan redusere avrenning og utslepp frå spreidinga. Det er totalt 139 søkjarar på ordninga regionalt miljøtilskot.

I 2026 vert BuLust-prosjektet sett i gang. Det treårige bustads- og tilflyttingsprosjekt som har fått namnet BuLust, er ei kortform av bulyst i Luster. Luster har tidlegare hatt vellukka prosjekt med å få omsett både gardsbruk og tomme hus. Dette er erfaring som ein tek med seg inn i det nye prosjektet, men målet er samstundes å tenke heilskapeleg på heile kommunen. Gjennom BuLust er målet å få jobba både med:

- Betra tettstadsutvikling
- Få omsett eksisterande bustadmasse som er lite nytta
- Få omsett ledige tomter
- Vurdere om det er marknad for nye bukonsept, eventuelt transformasjon av ledige bygg

Viss kommunen lukkast med å få omsett eksisterande bustadmasse som er lite nytta, t.d. frå feriebusstad til heilårsbusstad og der ny eigar kan gjere dette som alternativ til å byggje nytt, så vil det ha positiv effekt på klimarekneskapen også. Det same gjeld til ei viss grad punktet å jobbe med transformasjon av ledige bygg.

Planavdelinga

Dei siste åra har det vert fokus på å:

- Kommuneplanen sin samfunnsdel - definere eige satsingsområde med mål og strategiar
- Klimabudsjett - årleg rapportering og konkretisering av klimaarbeidet i kommunen
- BAKT - felles plan for Bustad, arbeid, klima og transport med Sogndal kommune
- Integrere klima som ein del av arbeidet med arealdelen - dvs. føre arealrekneskap og gjere klimaomsyn til ein del av konsekvensvurderingane.

Målet om halvering av direkte utslepp i kommunen innan 2030 er ikkje realistisk.

Handlingsplan frå BAKT planen vart innarbeida i Klimabudsjettet i førre omgang. Vi har ikkje fått snakka med Sogndal om revisjon pt. Klima har vert eit punkt på konsekvensutgreiingane i arealdelen og det vart utarbeida klimagassberekningar for arealendringar som ein del av kunnskapsgrunnlaget for politisk behandling. Temaet har likevel fått liten plass i diskusjonen rundt arealbruken.

Planavdelinga merkar godt effektane av klimaendringar, både med strengare krav til naturfare og behovet for å avklare denne tematikken både i plan- og byggesaker. Det vert arbeidd saman med NVE å starte flaumsikring av Gaupne, noko som er aktualisert av våtare klima.

Eigedomsavdelinga

I arbeidet med ny barnehage på Hafslo vart det lagt stor innsats i å bygge om Husmorskulen framfor å bygge nytt. Prosjektet fekk stønad av miljødirektoratet sin klimasatsordning og omfattar bruksendring/ ombygging av ca. 2000 m³ betong/ murbygg og frigjering av framtidig utbyggingsareal som alternativ til bygging på dyrka mark. Det er nær 100% gjenbruk av betong i prosjektet.

Reduksjon av massetransport og ombruk av eksisterande konstruksjonar gir betydeleg miljøgevinst. I arbeidet med helse og omsorg 2030 vert det aktivt teke med i vurderingane korleis miljø og klimagasspåverknaden til prosjektet og ulike alternativ er.

Teknisk drift

Det er ønskjeleg å starte utskifting av “vaktmeisterbilar” frå eldre dieslbilar til el-bilar.

Helse, sosial og omsorg

Det vert jobba med å skifte ut den kommunale bilparken med el-bilar.

Oppvekst

Erasmus+-prosjektet PROTECT

Prosjektet er finansiert av EU sitt undervisningsprogram Erasmus+ og har fått innvilga over 4 millionar kroner. Det er Gaupne skule, Luster ungdomsskule og Luster oppvekstsenter som deltek i prosjektet frå Luster. Dette er det tredje store europeiske prosjektet som skular i Luster er med på.

PROTECT

Prosjektet har fått namnet PROTECT som står for *Pupil-led Response to the Effects of Climate Change on Their Local Communities* og dreier seg om korleis klimaendringane påverkar kvart enkelt lokalsamfunn og kva skular og elevar kan bidra med.

Partnarane i dette prosjektet er forutan lustraskulane ein barne- og ungdomsskule utanfor Zagreb i Kroatia, ein skule i Nord-Serbia, ei samling av skular utanfor Lisboa i Portugal, lærarskulen i Limerick i Irland og tre skular i County Clare vest i Irland. Koordinator for prosjektet er det pedagogiske senteret i Ennis i County Clare.

I forkant av prosjektet laga kvar partnar ein film der elevar frå skulane fortalde om sine tankar rundt klimautfordringane i deira lokalsamfunn og kva som burde gjerast. Desse filmane vart vist i kommunestyresalen i Ennis for deltakarane på oppstartsamlinga, elevar frå skular i Ennis, ordføraren og klimaavdelinga i County Clare.

Arrangere eigen klimakonferanse

Gjennom prosjektet skal det haldast fagsamlingar og kurs for lærarar hjå kvar av partnarane, det skal utviklast undervisningsopplegg og kvar partnar skal gjennomføra eit såkalla case-arbeid, ei form for forskingsrapport på klimaprojektet som kvar enkelt skule skal bidra med i det treårige prosjektet. Dette

skal dokumenterast både gjennom film og skrift. Sluttproduktet i prosjektet vil vera ein lokal klimakonferanse som partnarane vil arrangera i Lisboa våren 2028 der også elevar frå dei ulike partnarlanda får vera med. Elevens stemme er eit nøkkelord i prosjektet.

Strategi for Bustad, Arbeid, Klima og Transport (BAKT-strategien)

Sogndal kommune og Luster kommune vedtok ein felles strategi for bustad, arbeid, klima og transport i juni 2023. Strategien peiker på mål og strategiar der kommunane har mykje å hente på å samarbeide om utviklinga mot eit nullutsleppsamfunn. Måla i strategien er følgjande:

- **Hovudmål:** Styrke den felles bu- og arbeidsregionen i Sogndal og Luster med klimaomstilling som fellesnemnar.
- **Delmål 1:** Saumlaus ferdsel basert på nullutsleppstransport.
- **Delmål 2:** Eit arbeidsliv som fremjar grøn omstilling
- **Delmål 3:** Sosial bustadutvikling med lågt klimafotavtrykk

Strategien skal følgjast opp med årlege handlingsplanar som syner kva tiltak kommunane skal samarbeide om for å nærme oss måla i strategien.

Strategi og vedtak på følgjande lenke: https://www.luster.kommune.no/innsyn-postliste-og-mote/moteoversikt/#/details/m-721139d1_230b_45c0_9cf1_92f0ef921828-179!NkFNMK/d-721139d1_230b_45c0_9cf1_92f0ef921828-1100035499!m-179!2XDclf

Dette strategiarbeidet er viktig å ha med seg i kommunen sitt arbeid, særleg i planarbeid.


Utvikling i befolkning

Befolkningsutvikling per årsak

	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Folketal ved inngangen av kvartalet	5 174	5 189	5 246	5 302	5 371	5 432
Fødde	55	53	57	52	46	44
Døde	49	42	40	48	58	39
Fødselsoverskot	6	11	17	4	-12	5
Innvandring	25	33	45	56	30	16
Utvandring	13	23	22	31	15	24
Innflytting, innanlands	146	199	192	198	207	166
Utflytting, innanlands	149	164	173	160	149	129
Netto innvandring og flytting	9	45	42	63	73	29
Folkevekst	15	57	56	69	61	34
Folketalet ved utgangen av kvartalet	5 189	5 246	5 302	5 371	5 432	5 466

Demografi


Historisk utvikling



	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
0 - åringer	72	53	44	76	50	53	54	58	54	51	46
Barnehage (1-5 år)	283	297	294	302	318	309	302	315	325	307	315
Grunnskole (6-15 år)	681	662	664	667	647	640	643	625	631	664	643
Videregående (16-19 år)	286	278	266	271	273	272	267	278	273	269	271
Voksne (20-66 år)	2 908	2 897	2 957	2 971	2 956	2 929	2 924	2 943	2 941	2 990	3 051
Eldre (67-79 år)	557	584	596	613	635	654	680	696	728	741	750
Eldre (80-89 år)	248	235	240	238	246	248	250	256	277	278	290
Eldre (90 år og eldre)	83	87	90	85	70	69	69	75	73	71	66
Total	5 118	5 093	5 151	5 223	5 195	5 174	5 189	5 246	5 302	5 371	5 432

Prognose vekst

Grafen er i prosent




	2025	2026	2027	2028	2029
0 - åringar	100,0 %	106,5 %	106,5 %	106,5 %	104,3 %
Barnehage (1-5 år)	100,0 %	94,0 %	91,7 %	87,3 %	83,8 %
Grunnskole (6-15 år)	100,0 %	104,0 %	103,4 %	105,1 %	105,4 %
Videregående (16-19 år)	100,0 %	95,6 %	97,8 %	93,0 %	90,8 %
Voksne (20-66 år)	100,0 %	97,7 %	96,6 %	95,9 %	95,9 %
Eldre (67-79 år)	100,0 %	102,7 %	104,5 %	105,3 %	104,8 %
Eldre (80-89 år)	100,0 %	102,1 %	106,9 %	113,8 %	118,6 %
Eldre (90 år og eldre)	100,0 %	97,0 %	98,5 %	103,0 %	101,5 %
Total	100,0 %	99,1 %	98,9 %	98,8 %	98,6 %

Prognose type : Middels nasjonal vekst

Prognose periode : 0

Demografiutgifter



	2025	2026	2027	2028	2029	Totalt
0 - åringar	-484 420	290 652	0	0	-96 884	-290 652
Barnehage (1-5 år)	2 402 110	-3 648 616	-2 124 444	-3 887 324	-2 873 544	-10 131 818
Grunnskole (6-15 år)	-4 050 963	5 015 478	-771 612	2 121 933	385 806	2 700 642
Videregående (16-19 år)	49 416	-341 332	174 742	-339 546	-178 818	-635 538
Voksne (20-66 år)	1 561 354	-1 645 970	-836 151	-447 052	22 230	-1 345 589
Eldre (67-79 år)	600 903	1 335 340	934 738	400 602	-267 068	3 004 515
Eldre (80-89 år)	2 657 184	1 328 592	3 100 048	4 428 640	3 100 048	14 614 512
Eldre (90 år og eldre)	-2 306 315	-922 526	461 263	1 383 789	-461 263	-1 845 052
Total	429 269	1 411 618	938 584	3 661 042	-369 493	6 071 020


Demografiutgifter

Tabellen syner den økonomiske effekten av endring i befolkningsprognosen fra eit år til neste. I grafen oppe til høgre syner tala frå tabellen akkumulert. I begge berekningane vil basisåret vere året før første år i tabellen. Til dømes vil 2024 vere basisåret som det blir berekna ut frå dersom 2025 er første år i tabellen og grafen. Berekning av økonomisk endring som følge av befolkningsutviklingen er basert på TBU sin berekningsmetode.

Kommunen sine tenesteområde

Politikk og administrasjon

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Skildring av verksemda i dag

Stabseining kommunikasjon og driftsstøtte

Infotorget, kommunikasjon/IKT, arkiv, løn/personal, økonomi og politisk sekretariat inngår.

Tenestene i stabseininga kommunikasjon og driftsstøtte utgjør ein stor del av tenesteområde i administrasjon og dekker utgifter knytt til den politiske og administrative styringa av kommunen. I stabseininga inngår infotorget, politisk sekretariat, post- og arkiv, ikt- og kvalitet, personal- og lønnsarbeid, økonomistyring, arbeid med utviklingsoppgåver for einingane og folkevalde organ som til dømes kommunestyret, formannskapet, plan- og forvaltningsutval, råda og kontrollutvalet inkludert utgifter til revisjon. Store fellespostar som forsikringar, pensjon, frikjøp hovudtillitsvalde og felles ikt-utgifter ligg også her.

Stabsområdet skal:

- Yte innbyggjarane gode tenester, tilstrekkeleg informasjon og vere eit effektivt forvaltningsorgan
- Arbeide med å forenkle rutinar, prosessar og planarbeid
- Gje folkevalde tilstrekkeleg grunnlag for å fatta vedtak
- Følgje opp politiske vedtak og dei mål og arbeidsoppgåver som ligg i budsjett, økonomiplan, kommuneplan og andre planar
- Initiere og leggje til rette for continuerleg organisasjonsutvikling

- Skape ein organisasjonsstruktur og -kultur som gjev rom for både omstilling og personleg og fagleg utvikling samt fremje eit godt arbeidsmiljø
- Vidareutvikle og styrke samarbeidet mellom ulike fagområde
- Leggje til rette for at tenesteeiningar skal få naudsynt støtte, rettleiing, kvalitetssikring, styring og koordinering
- Levere grunnlag og tenester innan ikt, økonomi, dokumentasjon og personal
- Arbeide aktivt med kompetanseheving og rekruttering.

Utfordringar og moglegheiter i perioden

Det har vore utfordrande å få budsjettet i balanse. Det er lagt inn ei innsparing på lønsutgifter (vacanse i årsverk). Som innsparingstiltak er ordninga med seniorfri for 62+ teke bort, kompetansepotten til kompetanseheving for tilsette teke bort og velferdsgoder som t.d screeningprogram/mammografi teke bort.

Det vert ekstra utgifter i samband arkivordninga i 2026/2027 (2027/2028).

Det er i hovudsak under administrasjon ein driv sakshandsaming mot folkevalde organ. Det er også her ein følgjer opp råda-, formannskapets- og kommunestyret sine vedtak.

Kommunens informasjons- og kommunikasjonsarbeid er eit stort og viktig område. Det er viktig at ein her har god tilgang på ressursar for å profilere kommunen og vere offensive inn mot alle saker og prosessar.

Digitalisering er eit område som har stor merksemd. I takt med den raske digitaliseringa er dette eit kontinuerleg arbeid. Skjemautvikling og utviklingsarbeid generelt held fram.

Kommunikasjon og driftsstøtte som handterer dei administrative fellestenestene følgjer opp overordna mål og strategiar og satsingsområde i heile kommunen, og bidreg inn mot andre tenestekområde. Leiarstøtte og samarbeid med hovudtillitsvalde og vernetenesta står også sentralt for denne stabseininga.

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Lønn	21 303	22 124	22 124	22 037	22 541	22 037	22 037
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal egenproduksjon	10 350	11 170	10 770	10 103	10 103	10 103	10 103
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal egenproduksjon	2 094	2 338	2 338	3 008	3 008	3 008	3 008
Overføringsutgifter	2 149	1 063	815	782	782	782	782
Finansutgifter	1	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	35 897	36 694	36 046	35 930	36 434	35 930	35 930
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-750	-856	-856	-876	-876	-876	-876
Refusjoner	-2 202	-300	-300	-300	-300	-300	-300
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-67	-80	-80	-80	-80	-80	-80
Sum Driftsinntekter	-3 019	-1 236	-1 236	-1 256	-1 256	-1 256	-1 256
Sum	32 878	35 458	34 810	34 674	35 178	34 674	34 674

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Administrasjon	28 706	30 467	29 819	30 007	30 007	30 007	30 007
Politikk	4 172	4 991	4 991	4 668	5 172	4 668	4 668
Sum	32 878	35 458	34 810	34 674	35 178	34 674	34 674

Måltabell**Hovudmål**

Innbyggjarane har sosial, økonomisk og arbeidsmessig tryggleik

Kommuneorgansisasjonen framstår som eit forbilde i klimaomstillinga

Sterkt demokrati

Delmål

Luster kommune skal vere ein inkluderande og attraktiv arbeidsgjevar

Den politiske representasjonen skal spegle Lustrasamfunnet

God involvering av frivillige organisasjonar og råd


Investeringstabell

Beløp i 1000

	Økonomiplan				Sum
	2026	2027	2028	2029	Økonomiplan 2026-29
Investeringsprosjekter					
Eigenkapitalinnskott KLP	2 000	0	0	0	2 000
Sum investeringsprosjekt	2 000	0	0	0	2 000

Administrasjon

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Lønn	18 796	18 747	18 747	18 973	18 973	18 973	18 973
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	9 146	10 012	9 612	8 967	8 967	8 967	8 967
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	2 094	2 338	2 338	3 008	3 008	3 008	3 008
Overføringsutgifter	1 586	603	355	311	311	311	311
Finansutgifter	1	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	31 623	31 699	31 051	31 259	31 259	31 259	31 259
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-747	-852	-852	-872	-872	-872	-872
Refusjoner	-2 103	-300	-300	-300	-300	-300	-300
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-67	-80	-80	-80	-80	-80	-80
Sum Driftsinntekter	-2 917	-1 232	-1 232	-1 252	-1 252	-1 252	-1 252
Sum	28 706	30 467	29 819	30 007	30 007	30 007	30 007

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Administrasjon	28 706	30 467	29 819	30 007	30 007	30 007	30 007
Sum	28 706	30 467	29 819	30 007	30 007	30 007	30 007

Skildring av verksemda i dag

Overordna leiing.

- Kommunedirektøren har ansvar for overordna planlegging, planarbeid og rapportering. Dialog med KS, KS Vestland og overordna kommunesamarbeid. Infotorget, kommunikasjon/IKT, arkiv, økonomi, løn og personal inngår i dei sentraladministrative funksjonane.
- Kommunens informasjons- og kommunikasjonsarbeid er til for å profilere kommunen og vere offensive i ulike informasjons- og kommunikasjonssamanhengar.
- Digitalisering er eit område som har stor merksemd og er eit kontinuerleg arbeid.
- Kommunikasjon og driftsstøtte som handterer dei administrative fellestenestene og følgjer opp overordna mål og strategiar og satsingsområde i heile kommunen, og bidreg inn mot andre tenesteområde. Leiarstøtte og samarbeid med hovudtillitsvalde og vernetenesta står også sentralt for denne eininga.

Utfordringar og moglegheiter i perioden

- I økonomiplanperioden 2026-2029 vil ein legge enda betre til rette for god styring av kommunen si verksemd, herunder internkontroll og kvalitetsarbeid i det nye kvalitetssystemet – Netpower.
- Å vidareutvikle det digitale styringssystemet Framsikt blir ein viktig faktor med omsyn til å etablere gode rutinar for arbeidet med analyse, økonomiplan og budsjett samt rapportering.
- Driftssamarbeid med SySIKT om drift og utvikling av IKT-området, samt følg opp retningslinene for personvern og GDPR.
- Det er eit mål at investeringar som vert gjort på digitaliseringsområdet skal medføre reduserte driftskostnader på sikt, slik at desse i størst mogleg grad blir sjølvfinansiert. På same tid er det viktig å vere merksam på at IKT er ein integrert del av tenesteproduksjonen, og at ingen tenester eller medarbeidarar i Luster kommune kan løyse oppgåvene sine utan nødvendig IT-utstyr eller programvare.
- Organisasjonsutvikling, leiarutvikling, oppdateringar av styrande dokument og retningslinjer er ein naudsynt del av vidareutviklinga av kommunen, herunder partssamarbeidet.

Særskild for 2026

Kommunikasjon og IKT

- 2026 blir eit år med vidareføring og effektivisering. Kommunen står framfor krevjande økonomiske prioriteringar, og avdelinga vil fokusere på å forvalte og vidareutvikle system og løysingar me allereie har.
- Me har ein god og moderne systempark i administrasjonen, og arbeidet framover vil handle om å ta ut meir effekt og nytte av desse verktøya.
- Fokus på informasjonstryggleik og god internkontroll skal haldast oppe, med oppfølging av tiltak og vidare opplæring i organisasjonen.
- Me skal bidra aktivt i interkommunale samarbeid som SySIKT, og dra nytte av felles ressursar og kompetanse der det er mogleg.

- I ein periode med avgrensa ressursar blir det ikkje sett i gang nye prosjekt som ikkje allereie er planlagde, men me skal sikre god drift, kontinuitet og vidare utvikling innanfor eksisterande løysingar.
- Målet er framleis det same - betre og enklare kvardag for tilsette og innbyggjarar – gjennom kloke val, digital modenheit og trygg bruk av teknologi.

Lønn og personal

- Bistå einingane med rådgjeving
- Følgje opp møter med AMU, ADM og HTV
- Generell sakshandsaming
- Fokus på utviklingsarbeid
- Lønn- og refusjonsarbeid.
- Revisjon av reglement/retningslinjer
- Oppfølging av dei ulike forsikringane.
- Følgje opp pensjonsordningane
- Oppfølging av lærlingar
- Lokale lønsforhandlingar

Post/arkiv:

- Ordningsprosjektet for formannskapsarkivet (1979-2000) held fram i 2026. Arkivet er no deponert kommunearkivordninga i Vestland (KAV) som utfører oppdraget.
- Det er oppdaga fukt i naboromma til fjernarkivet. Me har gjort strakstiltak for å få ned luftfuktigheita og følg med i tilfelle det er behov for større tiltak. For å vera føre var so har ordning og klargjering av papirarkiv til deponering til KAV høg prioritet i 2026.

Oppfølging av kommunale vedtak

- Stabseininga skal gje ut eitt nummer av Lustranytt og vidareutviklar informasjonstenesta i digitale kanalar.
- Vidare skal ein her følgje opp tildeling av startlån i tråd med gjeldande reglar og rammer.

Arbeidspraksis for ungdom

- Kommunen vil gi tilbod også om sommararbeidsplassar (arbeidspraksis) for skuleelevar mellom 16 og 17 år innafor områda teknisk drift, helse og omsorg, barnehage, SFO og sentralkjøken etter behov.
- Stor lærlingaktivitet skal vidareførast, jf avtale.

Innkjøp

- Innkjøpssamarbeid med faglig assistanse frå Kinn kommune fungerer på ein god måte. Kommunen har 2 sertifiserte medarbeidarar innan innkjøp. Bemanning, rekruttering og kompetanseutvikling
- Turnover er relativ stor og vesentleg grunna overgang til pensjon. Det er meir krevjande rekruttering enn tidlegare, spesielt er vikarsituasjonen krevjande, særskilt innan pleie/omsorg og oppvekstsektoren. Det er i samband med dette vedteke eigen kompetanseplan for å behalde og rekruttere.

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	30 467	30 467	30 467	30 467
Sum Vedtak forrige periode	-270	-270	-270	-270
Sum Lønns- og prisvekst	790	790	790	790
Konsekvensjustert budsjett	520	520	520	520
Konsekvensjustert ramme	30 987	30 987	30 987	30 987
Innsparingstiltak				
Kommunal opplæring - fjerning av fellespott	-500	-500	-500	-500
Lustranytt - reduksjon frå to til ei utgåver per år	-50	-50	-50	-50
Organisasjonsutvikling - avvikling av fellespott	-250	-250	-250	-250
Seniortiltak - avvikling av ordninga	-300	-300	-300	-300
Sum Innsparingstiltak	-1 100	-1 100	-1 100	-1 100
Nye tiltak				
Endra fordelingsnøkkel SYSIKT	120	120	120	120
Sum Nye tiltak	120	120	120	120
Nye tiltak og realendringer budsjett	-980	-980	-980	-980
Ramme 2026-2029	30 007	30 007	30 007	30 007


Investeringsbudsjett

Beløp i 1000

Investeringsprosjekter	Økonomiplan				Sum Økonomiplan 2026-29
	2026	2027	2028	2029	
Politikk og administrasjon					
Eigenkapitalinnskott KLP	2 000	0	0	0	2 000
Sum Politikk og administrasjon	2 000	0	0	0	2 000
Sum investeringsprosjekt	2 000	0	0	0	2 000

Politikk

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Lønn	2 507	3 377	3 377	3 064	3 568	3 064	3 064
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	1 204	1 158	1 158	1 136	1 136	1 136	1 136
Overføringsutgifter	563	460	460	471	471	471	471
Sum Driftsutgifter	4 274	4 995	4 995	4 671	5 175	4 671	4 671
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-3	-4	-4	-4	-4	-4	-4
Refusjoner	-99	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	-102	-4	-4	-4	-4	-4	-4
Sum	4 172	4 991	4 991	4 668	5 172	4 668	4 668

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Politikk	4 172	4 991	4 991	4 668	5 172	4 668	4 668
Sum	4 172	4 991	4 991	4 668	5 172	4 668	4 668

Skildring av verksemda i dag

Den politiske organisering består av følgjande organ:

- Kommunestyret
- Formannskapet/Næringsutvalet - supplert med repr frå Frp, Krf og V i budsjett og økonomiplanarbeidet.
- Plan og forvaltningsutvalet
- Mellombelse utval
- Kontrollutvalet
- Råda

Sentrale oppgåver:

- Gje dei folkevalde arbeidsforhold slik at alle i kommunen har høve til å delta i lokalpolitikken.
- Sikra gode avgjerdsprosessar og effektiv fordeling av oppgåver ved hjelp av delegering og klare retningslinjer.
- Leggje til rette for at politiske organ får frigjort tid til overordna oppgåver.
- Sjå til at Luster kommune i alle samanhengar opererer innafor gjeldande regelverk og nyttar fellesskapet sine midlar på ein effektiv og god måte.
- Arbeide godt med alle saker som måtte kome frå kommunen sine kontrollorgan.
- Styrke det interkommunale samarbeidet. Delta aktivt i Sognatinget og Sognarådet.

Særskild for 2026

Oppfølging av nasjonale føringar:

- Vedta ny ruspolitisk handlingsplan.

Regionale tiltak:

- Følgje opp satsingar i regionalplanen og vedtekne prioriteringar i regi av Sognarådet og Sognatinget.
- Gje uttale til planar i Vestland fylkeskommune, mellom anna plan for areal og mobilitet og plan for verdiskaping og kompetanse.
- Handsame samarbeidsavtalar utarbeida av Sogn KO og interkommunale selskap.

Lokale tiltak:

- Formannskapet deltek som styringsgruppe i det treårige prosjektet BuLust. Prosjektet vart vedteke oppstart i 2025.
- Gjere naudsynte politiske vedtak i prosjektet Helse og omsorg mot 2030.
- Vedta Kommuneplanen sin arealdel etter ny høyringsrunde i 25/26.
- Starte arbeidet med Kommuneplanen sin samfunnsdel.
- Følgje opp arbeidet med tolegreanseanalyse og mogleghetsstudie for reiseliv i Sogn, der kommunen har avtale med Vestlandsforskning.

- Gjennomføre temaøkter/faglege orienteringar i kommunestyret.
- Handsame saker frå styret i Lustrabadet KF.
- Følgje opp forvaltningsrevisjonen 2024-2028 i samarbeid med kontrollutvalet.
- Halde fram med kommune-TV overføring på møta i formannskapet og kommunestyret.


Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	4 991	4 991	4 991	4 991
Sum Vedtak forrige periode	-404	100	-404	-404
Sum Lønns- og prisvekst	130	130	130	130
Konsekvensjustert budsjett	-274	230	-274	-274
Konsekvensjustert ramme	4 718	5 222	4 718	4 718
Innsparingstiltak				
Lustranytt - reduksjon frå to til ei utgåver per år	-50	-50	-50	-50
Sum Innsparingstiltak	-50	-50	-50	-50
Nye tiltak og realendringer budsjett	-50	-50	-50	-50
Ramme 2026-2029	4 668	5 172	4 668	4 668

Oppvekst og kultur

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Skildring av verksemda i dag

Frå og med 2024 er kommunalsjefsområdet Oppvekst utvida til å femna om Kultur og Folkehelse, særleg med tanke på barn-og-unge-tiltak, i tillegg til å vera kontaktpunkt for barnevernstenesta.

Samla nettobudsjett for tenestene under *Oppvekst og kultur* er i B-26 kr 235 103 059. Dette er 4,7 millionar høgare enn nettobudsjettet i B-25. *Grunnskule* og *Barnehage* er dei to største tenestene med nettobudsjett på høvesvis kr 125 850 376 og kr 70 553 921.

Kultur har eit nettobudsjett på kr 23 991 241. Kyrkja, funksjon 390,393 sorterer og under Kultur, med kommunalt driftstilskot til kyrkjeleg fellestråd; til drift/vedlikehald av kyrkjer og anlegg samt driftstilskot til ikkje kyrkjelege bemanning/stillingar.

Folkehelse har eit nettobudsjett på kr 2 390 330. Her er mykje av drifta finansiert gjennom tilskotsmidlar. *Barnevern* har for 2026 eit nettobudsjett på kr 12 317 191, ramma for barnevernstenesta er sterkt knytt til nivået og omfanget av hjelpetiltak i og utanfor familien.

Detaljar om dei einskilde tenesteområda er skildra i eigne kapittel.

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Lønn	205 438	190 013	195 966	194 981	195 111	195 111	195 111
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	19 129	18 984	20 034	20 494	20 174	20 174	20 174
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	21 055	23 520	22 570	21 939	23 551	23 551	23 551
Overføringsutgifter	18 735	19 296	19 296	18 941	18 941	18 941	18 941
Finansutgifter	1 480	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	265 837	251 813	257 866	256 355	257 777	257 777	257 777
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-10 431	-9 666	-8 665	-7 833	-7 833	-7 833	-7 833
Refusjoner	-25 633	-7 613	-11 113	-7 683	-7 683	-7 683	-7 683
Overføringsinntekter	-518	-2 050	-2 050	-2 050	-2 050	-2 050	-2 050
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-5 558	-3 412	-3 412	-3 412	-3 412	-3 412	-3 412
Sum Driftsinntekter	-42 140	-22 741	-25 240	-20 979	-20 979	-20 979	-20 979
Sum	223 697	229 072	232 625	235 376	236 798	236 798	236 798

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Grunnskule	122 910	124 656	126 588	127 972	127 972	127 972	127 972
Barnehage	67 573	66 296	68 687	70 589	70 719	70 719	70 719
Kultur	22 050	24 093	24 113	23 719	23 399	23 399	23 399
Folkehelse	1 434	1 815	1 975	2 390	2 390	2 390	2 390
Barnevern	9 730	12 212	11 262	10 705	12 317	12 317	12 317
Sum	223 697	229 072	232 625	235 376	236 798	236 798	236 798

Måltabell

Hovudmål

Barn og unge har gode lokalsamfunn som fremjar sosial kompetanse, deltaking, meistring og tilhøyrse

Gode tilbod av kultur, fritidsaktivitetar og læringsarenaer som motverkar utanforskap og fremjar psykisk helse

Samordna tenester for alle barn og unge som gjev trygge og gode oppvekstvilkår

Delmål

Barn og unge får god rettleiing i å meistre livet

Barn og unge er fysisk aktive og har god helse


Styrka identitetskjennele og samhøyr mellom innbyggjarane i kommunen

Godt og inkluderande barnehage- og grunnskuletilbod med høg fagleg kvalitet

Gode, samordna og førebyggjande tenester med fokus på tidleg innsats for barn og unge og foreldrerettleiing

Grunnskule

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Lønn	122 431	112 129	115 091	114 197	114 197	114 197	114 197
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	10 925	11 521	12 491	12 539	12 539	12 539	12 539
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	4 768	4 698	4 698	4 997	4 997	4 997	4 997
Overføringsutgifter	1 837	200	200	205	205	205	205
Finansutgifter	720	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	140 680	128 548	132 480	131 938	131 938	131 938	131 938
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-1 531	-1 264	-1 264	-1 295	-1 295	-1 295	-1 295
Refusjoner	-14 772	-2 628	-4 628	-2 671	-2 671	-2 671	-2 671
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-1 467	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	-17 770	-3 892	-5 892	-3 966	-3 966	-3 966	-3 966
Sum	122 910	124 656	126 588	127 972	127 972	127 972	127 972

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Grunnskule	122 910	124 656	126 588	127 972	127 972	127 972	127 972
Sum	122 910	124 656	126 588	127 972	127 972	127 972	127 972

Skildring av verksemda i dag

Obligatorisk grunnskuleopplæring er basert på opplæringslova og læreplanverket Kunnskapsløftet, revidert og gjeldande frå august 2020. Det er ni grunnskular i Luster. Det er seks oppvekstsenter med barneskule 1.-7. trinn i krinsane Indre Hafslo, Jostedal, Luster, Skjolden, Solvorn og Veitastrond. Det er kombinert barne- og ungdomsskule på Hafslo, barneskule og ungdomsskule i Gaupne. Kvar skule og kvart oppvekstsenter er sjølvstendige tenesteeiningar. Ansvar og mynde er internt delegert til leiarane av tenesteeiningane.

Tenestene vert fordelte på følgjande kostrafunksjonar:

- 202 Grunnskule
- 213 Vaksenopplæring
- 215 Skulefritidsordning (SFO)
- 222 Skulelokalar
- 223 Skuleskyss

Pedagogisk psykologisk rettleiingsteneste (PPT)

Luster kommune har felles PP-teneste med kommunane Sogndal, Aurland og Vik. Sogndal kommune er vertskommune for den interkommunale PP-tenesta. Frå hausten 2017 er det også inngått samarbeidsavtale mellom dei same kommunane om felles logopedteneste. Tenesta vert organisert via Sogn PPT.

Om grunnskule og SFO

- Grunnskule har omleg 114,5 årsverk per 1. oktober 2025 og 13,8 årsverk innan SFO.
- Nettobudsjettet for grunnskule inkludert SFO i B-26 er kr 125 850 376. Dette er 1,45 millionar kr meir enn budsjettet for 2025.
- Elevtalet i 2026/27 vil omleg vera det same som i 2025/26. Basert på noverande talgrunnlag, vil det vera 41 klassar i Lustraskulen skuleåret 2026/27; det er ein klasse meir enn inneverande år. Dette gjer at grunnbemanninga vil vera noko større neste skuleår. Når det gjeld individuell tilrettelagt opplæring, så har omfanget og ressursbruken i Lustraskulen vore stabilt høgt over fleire år. Økonomiplanen tek høgd for at ressursbruken på dette området går ned i 2026.
- Skuleåret 2025/26 er dei eldste elevane ved Skjolden oppvekstsenter overført til Luster oppvekstsenter grunna ombygging av barnehagen i Skjolden.
- På Hafslo barne- og ungdomsskule var førsteklasseskullet så stort hausten 2025 at det gav klassesdeling. Denne klassesdelinga held fram vidare ut barneskulen om elevtalet held seg på same nivå.
- Tal barn i SFO har gått kraftig opp dei seinare åra grunna innføringa av gratis 12 timar kjernetid for barn på 1.-3. trinn. Dette har ført til auke i bemanning på SFO, særleg på Hafslo og i Gaupne. Ordninga med gratis kjernetid har også medført mindreinntekter med tanke på foreldrebetaling, noko som i stor grad er kompensert frå staten i rammeoverføringa til kommunane.

Utviklingsarbeid

Kunnskapsløftet 2020

1. august 2020 trådte det nye læreplanverket for grunnskulen og vidaregåande opplæring, **Kunnskapsløftet 2020 (LK-20)**, i kraft. Arbeidet med innføring av det nye læreplanverket er ei kontinuerleg oppgåve som held fram for grunnskulane i Luster i 2025. Sentrale element i LK-20 er:

- Ny overordna del med verdier og prinsipp for grunnopplæringa
- Vektlegging av ei aktiv elevrolle og at opplæringa skal ha relevans, av djupnelæring og kritisk tenkning
- Innføring av tre tverrfaglege tema: demokrati og medborgarskap, berekraftig utvikling, folkehelse og livsmeistring
- Programmering, algoritmisk tekning og teknologi er løfta fram i fleire fag

Livsmeistring: robuste barn og unge

“Livsmeistring – Robuste barn og unge” er eit samarbeidsprosjekt mellom Luster kommune og Sogndal kommune. Målet er at barn og unge skal bli godt rusta til å takla medgang og motgang i livet og at borna som bur her, skal få like moglegheiter til å utvikla ei god og robust psykisk helse. Eit siktemål for arbeidet i Luster er å få til ei ramme der “Livsmeistring” er eit eige fag med ein time per veke. Prosjektet er no ferdigstilt, og prosjektet utvida til å gjelda alle kommunane i Sogn. Ressursane vert samla på nettstaden www.meistrelivet.no.

Kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderande praksis er ei statleg kompetansesatsing på lik linje med desentralisert kompetanseutvikling. Det er kompetanseregion Sogn som søker midlar og legg til rette for regional kompetanseutvikling retta mot lærarar i barnehage og skule og mot tilsette i PPT i form av fagdagar, webinar og regionale nettverk. Samarbeidspartar er HVL og Statped. Kommunalsjef oppvekst er leiar av arbeidsgruppa for Kompetanseløftet i region Sogn. Hovudsatsinga dei to siste åra har vore åtfærd som utfordrar oss.

Skulemiljøteam

I 2025 fekk Luster kommune innvilga tilskot på kr 728 000 til å etablera skulemiljøteam. For skuleåret 2025/26 er det planlagt fire kommunale fagsamlingar om skulemiljø saman med ekstern ressursperson. Enkeltskular vil få tilbod om rettleiing i skulemiljøsaker etter behov. Dersom ordninga vert vidareført av Stortinget, så vil Luster få tilskot i tre år for dette tiltaket.

Erasmus+-prosjekt 2025-2028

Tre av lustraskulane - Gaupne skule, Luster oppvekstsenter, Luster ungdomsskule - deltek i eit treårig Erasmus+-prosjekt med oppstart hausten 2025. Tema for prosjektet er klima og elevinvolvering. Prosjektet har fått tittelen PROTECT og står for *Pupil-led Response to the Effects of Climate Change on Their Local Communities*. Forutan lustraskulane deltek skular frå Irland, Kroatia, Serbia og Portugal. Prosjektet varar frå 2025 til 2028 og er finansiert av utdanningsprogrammet til EU.

Lærarutdanningsskule

I 2024 fekk Hafslo barne- og ungdomsskule etter søknad vidareført statusen som lærarutdanningsskule av HVL fram til 2028. I Sogn og Fjordane er det to skular som har denne statusen. Det er eit prosjekt som inneber eit tett samarbeid med HVL når det gjeld praksis for lærarstudentar, moglegheit for lærarar på Hafslo til å ha delstilling på HVL og deltaking i forskingsprosjekt.

Kommunale ressurslærarar og kommunale fagnettverk

Under Oppvekst er det tilsett 20 % kommunal ressurslærer i IKT. Stillinga er særleg retta inn mot pedagogisk utvikling og bruk av IKT i undervisninga. Ressurslærer er ansvarleg for det kommunale fagnettverket for IKT-pedagogar og bidreg elles med rettleiing inn mot dei einskilde skulane og planarbeid.

Frå og med hausten 2024 er det tilsett 20 % stilling som kommunal ressurslærer for begynnaropplæring. Ressurslærer har ansvar for koordinering av ulike kommunale fagnettverk inkl. nettverket for begynnaropplæring i tillegg til kommunale samlingar for nyutdanna lærarar.

Frå 2024 er det også eit tettare samarbeid mellom HVL og kompetanseregion Sogn om regionale samlingar for nyutdanna lærarar i skule og barnehage.

Regionalt samarbeid

Det regionale utviklingsarbeidet er forankra i programmet «**System for styrka læring**» som alle kommunane i Sogn har vedteke. Gjeldande programperiode er frå 2022-2030. Tiltak i programmet er i stor grad knytt til drift av kompetanseutvikling i form av regionale fagdagar, webinar og drift av ulike fag- og leiarnettverk.

Særskild for 2026**Innsparingstiltak:**

Løns- og prisvekst: Det er lagt til grunn eit nedtrekk på 1 % løns- og prisvekst. Dette gjev ei innsparing på 1,25 millionar kroner for grunnskule og SFO.

Skulesymjing: Det er lagt inn redusert kostnad til skulesymjing på 0,25 millionar kroner.

Individuelt tilrettelagt opplæring: I økonomiplanen er det allereie lagt opp til redusert ressursbruk til individuell tilrettelagt opplæring (tidlegare omtala som spesialundervisning) på 2 millionar kroner.

Interkommunalt samarbeid:

På oppdrag frå Sogn kommunalt oppgåvefellesskap er det hausten 2025 gjennomført utgreiing om samarbeid mellom dei to PP-tenestene i region Sogn. Den mest omfattande samarbeidsforma vil innebere samanslåing av dei to PPT-kontora i Sogn. Det er halde innsiktsøker både med dei tilsette ved dei to PPT-kontora og med barnehageeigar og skuleeigar i sognekommunane. Innsiktsarbeidet og tilrådingar vil verta fullført første halvår 2026.

Utgreiingsarbeid:

Hausten 2025 vert det gjennomført høyring om det framtidige opplæringstilbodet ved Solvorn oppvekstsenter. Etter planen skal saka opp til politisk handsaming tidleg i 2026.


Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	124 656	124 656	124 656	124 656
Sum Vedtak forrige periode	-2 250	-2 250	-2 250	-2 250
Sum Budsjettendring i år	2 110	2 110	2 110	2 110
Sum Lønns- og prisvekst	3 341	3 341	3 341	3 341
Konsekvensjustert budsjett	3 201	3 201	3 201	3 201
Konsekvensjustert ramme	127 857	127 857	127 857	127 857
Innsparingstiltak				
Nasjonale screeningprogram - avvikling av ordning	-65	-65	-65	-65
Sum Innsparingstiltak	-65	-65	-65	-65
Nye tiltak				
Endra fordelingsnøkkel SYSIKT	180	180	180	180
Sum Nye tiltak	180	180	180	180
Nye tiltak og realendringer budsjett	115	115	115	115
Ramme 2026-2029	127 972	127 972	127 972	127 972

Barnehage

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Lønn	75 745	70 808	73 638	73 077	73 207	73 207	73 207
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	4 173	3 665	3 725	3 750	3 750	3 750	3 750
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	866	628	628	704	704	704	704
Overføringsutgifter	733	0	0	0	0	0	0
Finansutgifter	424	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	81 941	75 101	77 991	77 530	77 660	77 660	77 660
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-7 986	-7 244	-6 243	-5 352	-5 352	-5 352	-5 352
Refusjoner	-5 921	-1 511	-3 011	-1 539	-1 539	-1 539	-1 539
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-461	-50	-50	-50	-50	-50	-50
Sum Driftsinntekter	-14 368	-8 805	-9 304	-6 941	-6 941	-6 941	-6 941
Sum	67 573	66 296	68 687	70 589	70 719	70 719	70 719

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Barnehage	67 573	66 296	68 687	70 589	70 719	70 719	70 719
Sum	67 573	66 296	68 687	70 589	70 719	70 719	70 719

Skildring av verksemda i dag

Luster kommune har ni kommunale barnehagar. Det er ein barnehage i Gaupne, to barnehagar på Hafslo, Gamlestova og Hafslo barnehage, og seks barnehagar knytt til dei ulike oppvekstsentra; Skjolden, Luster, Jostedal, Indre Hafslo, Solvorn og Veitastrand. Dei tre reine barnehagane er sjølvstendige tenesteeiningar der ansvar og mynde er internt delegert til leiarane av desse einingane.

Tenestene vert fordelt på følgjande funksjonar:

- 201 Barnehage
- 211 Styrka tilbod til førskuleborn
- 221 Barnehagelokalar og skyss

Teneste 201 Barnehage er knytt til drifta av barnehagane. Teneste 211 Styrka tilbod til førskulebarn dekkar spesialpedagogisk hjelp i barnehagane, tilrettelegging av barnehagetilbod i samsvar med barnehagelova § 37 og eventuell mellombels styrking av det ordinære barnehagetilbodet. Nærare forklaring av kostrafunksjonane finn ein ved å gå inn i [kostrarettleiarane](#).

Barnehage

- Nettobudsjettet for barnehage i B-26 er kr 70 553 921. Dette er 1,9 millionar kr meir enn budsjettet for 2025.
- .Per 15.12.2025 er det 91,75 årsverk i Lustrabarnehagen inkludert styrka tilbod og spesialpedagogisk hjelp.
- Det er framleis høge barnetal i Lustrabarnehagen, og tal barnehagebarn i 2026 vil vera omlag på same nivå som i 2025. På avdelingsnivå så vil det hausten 2026 truleg verta ei barnehageavdeling mindre i Luster og ei avdeling meir i Skjolden gitt noverande barnetal og at det er mogleg å rekruttera tilstrekkeleg grunnbemanning.
- Når det gjeld spesialpedagogisk hjelp er prognosen for 2026 at omfanget av denne vert redusert med omlag 0,5 millionar kr samanlikna med 2025.
- Frå 1. august 2026 vil barnehagane på Hafslo vera rekna som ei eining med namn Hafslo barnehage og felles leing.
- Hausten 2025 er det gjennomført ei høyring om det framtidige opplæringstilbodet i Solvorn inkludert barnehagetilbodet. Saka kjem til politisk handsaming på nyåret 2026.
- Tiltak med styrka bemanning/ekstra vikardekning er vidareført i ramma som del av økonomiplanen. Dette sikrar større stabilitet med tanke på bemanningssituasjonen. Rekrutteringssituasjonen er gjennomgåande krevjande for heile barnehagesektoren.
- Makspris for 100 % barnehageplass vart nasjonalt fastsett til 700 kr gjeldande frå og med august 2025. Kommunane vert kompensert for mindreinntekter gjennom rammeoverføringa frå staten.
- Det er fleirtal på Stortinget for også å gje barn fødde i desember lovfesta rett til barnehageplass innan utgangen av månaden dei fyller eitt år. Dette kan tidlegast gjelda frå hausten 2026 og krev både finansiering og at Stortinget vedtek endringar i barnehagelova.

Barnehageplassar og opptak

Alle barn som har rett på barnehageplass får plass ved hovudopptak. Kommunen har også suppleringsopptak med oppstart frå 1. januar. Dei kommunale barnehagevedtektene opnar elles for løpande opptak for barn som har fylt eitt år i periodane 15. august – 1. november, og 1. januar – 1.mai dersom det er ledige plassar.

Pedagogisk psykologisk rettleiingsteneste (PPT)

Luster kommune har felles PP-teneste med kommunane Sogndal, Aurland og Vik. Sogndal kommune er vertskommune for den interkommunale PP-tenesta. Frå hausten 2017 er det også inngått samarbeidsavtale mellom dei same kommunane om felles logopedteneste. Tenesta vert organisert via Sogn PPT.

Utviklingsarbeid**Psykisk helsefremjande barnehagar og inkluderande barnehagemiljø**

Dette området held fram som fagleg hovudsatsing for Lustrabarnhagen. Psykisk helsefremjande barnehagar og inkluderande barnehagemiljø har vore overbygninga og den raude tråden i utviklingsarbeidet i barnehagane sidan 2017. Saman med helsestasjonen har barnehagane i Luster sidan 2017 delteke i eit kompetansehevande prosjekt om COS-modellen (tryggleikssirkelen), ein tilknytingsmodell om korleis barn knyter seg til vaksne. Til no er 19 tilsette frå ulike barnehagar vorten sertifiserte til å kunne ha rådgjevingskurs for foreldre saman med helsesjukepleiar. Kursa er eit lågterskeltilbod for føresette.

Regional kompetanseheving

Dette er ei av tre statlege hovudsatsingar på kompetanseheving innafor oppvekstsektoren. Ordninga er barnehagebasert. Det vil seie at einskildbarnehagar sender inn søknad som vert vurdert og prioritert kommunalt og regionalt utifrå avsett pott til fylket og regionen.

Livsmeistring: robuste barn og unge

“Livsmeistring – Robuste barn og unge” er eit samarbeidsprosjekt mellom Luster kommune og Sogndal kommune. Målet er at barn og unge skal bli godt rusta til å takla medgang og motgang i livet og at ungane som bur her, skal få like moglegheiter til å utvikla ei god og robust psykisk helse. Prosjektet er no ferdigstilt og utvida til å gjelda alle kommunane i Sogn. Alle ressursane ligg fritt tilgjengelege på nettsida meistrelivet.no.

Kompetanseløft for spesialundervisning og inkluderande praksis er ei statleg kompetanseordning på linje med desentralisert kompetanseutvikling. Det er kompetanseregion Sogn som søker midlar og legg til rette for regional kompetanseutvikling retta mot lærarar i barnehage og skule og mot tilsette i PPT i form av fagdagar, webinar og regionale fagnettverk. Samarbeidspartar er HVL og Statped. Kommunalsjef oppvekst er leiar av arbeidsgruppa for Kompetanseløftet i region Sogn. Hovudtema siste to år har vore åtfærd som utfordrar oss.

Fagdagar og nettverk for nyutdanna barnehagelærarar

I samarbeid med Sogn kommunalt oppgåvefelleskap og HVL vert det arrangert fagdagar og regionale samlingar for nyutdanna lærarar frå barnehage og skule.

Regionalt samarbeid

Den faglege paraplyen for det regionale samarbeidet er utviklingsprogrammet «**System for styrka læring**», 2022-2030. Satsinga inneber deltaking på regionale fagdagar og medverknad i ulike fagnettverk. Det er også eige regionalt nettverk for barnehageleiarar med faste møtepunkt.

Særskild for 2026**Innsparingstiltak:**

Løns- og prisvekst: Det er lagt til grunn eit nedtrekk på 1 % løns- og prisvekst. Dette gjev ei innsparing på 0,68 millionar kroner for barnehagesektoren.

Administrasjon Oppvekst: Stillingsressursen til barnehageadministrasjon hjå Oppvekst er redusert med 30 % vår-halvåret 2026.

Styrka tilbod: Årsramma for teneste 21149 Styrka tilbod er i økonomiplanen teke ned med 0,5 millionar kroner. Årsaken er forventta nedgang i ressursbruk knytt til spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging i barnehagen.


Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	66 296	66 296	66 296	66 296
Sum Budsjettendring i år	2 623	2 623	2 623	2 623
Sum Lønns- og prisvekst	1 803	1 803	1 803	1 803
Konsekvensjustert budsjett	4 426	4 426	4 426	4 426
Konsekvensjustert ramme	70 722	70 722	70 722	70 722
Innsparingstiltak				
Nasjonale screeningprogram - avvikling av ordning	-63	-63	-63	-63
Redusert bemanning adm barnehage første halvår	-130	0	0	0
Sum Innsparingstiltak	-193	-63	-63	-63
Nye tiltak				
Endra fordelingsnøkkel SYSIKT	60	60	60	60
Sum Nye tiltak	60	60	60	60
Nye tiltak og realendringer budsjett	-133	-3	-3	-3
Ramme 2026-2029	70 589	70 719	70 719	70 719

Kultur

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Lønn	3 120	3 208	3 208	3 295	3 295	3 295	3 295
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	3 096	2 798	2 818	3 183	2 863	2 863	2 863
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	4 871	5 687	5 687	5 229	5 229	5 229	5 229
Overføringsutgifter	15 812	18 913	18 913	18 549	18 549	18 549	18 549
Finansutgifter	18	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	26 917	30 606	30 626	30 256	29 936	29 936	29 936
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-722	-979	-979	-1 001	-1 001	-1 001	-1 001
Refusjoner	-1 933	-848	-848	-848	-848	-848	-848
Overføringsinntekter	-408	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-1 804	-2 687	-2 687	-2 687	-2 687	-2 687	-2 687
Sum Driftsinntekter	-4 866	-6 514	-6 514	-6 536	-6 536	-6 536	-6 536
Sum	22 050	24 093	24 113	23 719	23 399	23 399	23 399

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Kultur	22 050	24 093	24 113	23 719	23 399	23 399	23 399
Sum	22 050	24 093	24 113	23 719	23 399	23 399	23 399

Skildring av verksemda i dag

Tenesteområdet er organisert med Luster bibliotek som eiga tenesteeining, Lustrabadet som eige KF, Luster frivilligsentral som eigen juridisk eining med kommunen som sentral deltakar, kulturskolen som interkommunal ordning (Sogn kulturskule) med Sogndal som vertskommune og øvrige kulturtilbod og tiltak lagt under tenesteområdet Oppvekst og kultur.

Tenestene vert fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 231 Aktivitetstilbod barn og unge, tilskot til lag og organisasjonar
- 365 Kulturminneforvaltning
- 370 Bibliotek
- 375 Museum
- 377 Kunstformidling og utsmykking
- 380 Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg (drift av idrettshall og samfunnshus)
- 381 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg
- 383 Musikk- og kulturskule
- 385 Andre kulturaktivitetar og andre kulturbygg (inkl. frivilligsentral)
- 386 Kommunale kulturbygg

Nærare forklaring av kostrafunksjonane finn ein ved å gå inn i [kostrarettleiarane](#).

Kultur

- For tenesteområdet Kultur er budsjettet i B-26 på 23 991 241 kr. Dette er omlag 110 000 kr mindre enn budsjettet ramme for 2025.
- Organisasjonsutviklingsarbeidet knytt til Kultur og Folkehelse vil følgjast opp og fullførast tidleg i 2026. I samband med dette skal også OU-arbeidet knytt til organiseringa av kommunen sitt arbeid når det gjeld frivillig sektor sjåast på. Ansvar for oppfølging av kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er overført frå Kultur til Plan, Næring og natur.

Luster bibliotek

Luster bibliotek består av tenestene *Folkebibliotek*, 1,75 årsverk, og *Skulebibliotek*, 0,65 årsverk. Samla årsverk i bibliotektenestene er 2,4 årsverk. Folkebiblioteket ligg i andre etasje på Pyramiden kjøpesenter i kommunesenteret Gaupne. Verksemda omfattar aktiv formidling av kunnskap og kultur gjennom ulike medium, som er analogt eller digitalt tilgjengeleg. Biblioteket skal i sine tilbod til barn, ungdom og vaksne leggje vekt på kvalitet, aktualitet og allsidigheit. Folkebiblioteket skal i samsvar med biblioteklova vere ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale.

Det er oppvekst-/skulebibliotek for skule, barnehage, tilsette og alle foreldre i alle oppvekstsentra og skulane. Biblioteka er tilgjengelege i opningstida til skulane. Biblioteka har fast servicetid av tilsett frå folkebiblioteket. Alle biblioteka har automatisert utlån med sjølvbetjening, med unntak av Luster ungdomsskule, som har utvida samarbeidsavtale for bruk av folkebiblioteket som skulebibliotek; det er og etablert lokalt bibliotek på skulen, som folkebiblioteket har jamleg tilsyn med og påfyll av ny litteratur, hovudsakleg frå den nasjonale kulturfondordninga.

Luster frivilligsentral

Luster frivilligsentral er ein sjølvstendig og frittståande organisasjon organisert som ei ideell foreining med ikkje økonomisk føremål. Sentralen er ei eiga juridisk eining med egne vedtekter, egne styre og dagleg leiar. Kontoradressa er i Gaupne.

Frivilligsentralen får tildelt statstilskot og årleg tilskot i kommunen sitt årsbudsjett. Frivilligsentralen driv óg bruktbutikken og utstyrssentral for utleige av utstyr til fritidsaktivitetar.

Lustrabadet KF

Drifta av badeanlegget er organisert som egne kommunalt foretak, med egne styre og daglig leiar. Kommunen yter driftstilskott og kjøper tenester til symjeopplæringa i grunnskulen.

Sogn kulturskule

Sogn kulturskule er ein interkommunal kulturskule for Sogndal og Luster med Sogndal som vertskapskommune. Samfunnsoppdraget til kulturskulen er forankra i opplæringslova paragraf § 26-1:

«Kommunen skal ha eit tilbod om kulturskole til barn og unge, organisert i tilknyting til skolen og kulturlivet..»

Rammeplan for kulturskulen skildrar føremål og innhald for kulturskulen. Kulturskulen skal samarbeida med skule - og kultursektor og medverka til å styrka kompetanse og kulturell utfolding i lokalsamfunnet. Det inneber eit forpliktande samarbeid med barnehagar, grunnskular, vidaregåande skule, det lokale kulturlivet og profesjonelle aktørar innan kunst - og kulturformidling.

Øvrige kulturtilbod

Avdeling med; forvaltning av ordinære kultursaker og tilskotsordningar til lag og organisasjonar, arbeid med planar og oppfølging av tiltak/plan for anlegg idrett og friluftsliv og bygdebok. Forvaltning av skjenkeløyvepolitikken har dei seinare åra også sortert under dette tenesteområdet.

Kyrkja

Tilskot til drift og investering er kostraplassert på kultur.

Særskild for 2026**Innsparingstiltak:**

Løns- og prisvekst: Det er lagt til grunn eit nedtrekk på 1 % løns- og prisvekst. Dette gjev ei innsparing på 0,458 millionar kroner for kultur- og folkehelsesektoren.


Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	24 093	24 093	24 093	24 093
Sum Vedtak forrige periode	-820	-820	-820	-820
Sum Lønns- og prisvekst	727	727	727	727
Konsekvensjustert budsjett	-93	-93	-93	-93
Konsekvensjustert ramme	23 999	23 999	23 999	23 999
Innsparingstiltak				
Kulturskolen - reduksjon i ramme iht. prognose	-600	-600	-600	-600
Sum Innsparingstiltak	-600	-600	-600	-600
Nye tiltak				
Rabatterte priser for enkeltgrupper i Lustrabadet 2026	200	0	0	0
Sommarbading for skuleelevar 2026	120	0	0	0
Sum Nye tiltak	320	0	0	0
Nye tiltak og realendringer budsjett	-280	-600	-600	-600
Ramme 2026-2029	23 719	23 399	23 399	23 399

Folkehelse

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Lønn	4 143	3 868	4 028	4 413	4 413	4 413	4 413
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	936	1 000	1 000	1 023	1 023	1 023	1 023
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	819	296	296	303	303	303	303
Overføringsutgifter	353	183	183	187	187	187	187
Finansutgifter	318	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	6 569	5 346	5 506	5 925	5 925	5 925	5 925
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-192	-180	-180	-184	-184	-184	-184
Refusjoner	-3 008	-2 625	-2 625	-2 625	-2 625	-2 625	-2 625
Overføringsinntekter	-110	-50	-50	-50	-50	-50	-50
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-1 826	-676	-676	-676	-676	-676	-676
Sum Driftsinntekter	-5 135	-3 531	-3 531	-3 535	-3 535	-3 535	-3 535
Sum	1 434	1 815	1 975	2 390	2 390	2 390	2 390

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Folkehelse	1 434	1 815	1 975	2 390	2 390	2 390	2 390
Sum	1 434	1 815	1 975	2 390	2 390	2 390	2 390

Skildring av verksemda i dag

Skildring av verksemda i dag

Folkehelse er helsetilstanden til befolkninga og korleis helsa fordeler seg i befolkninga. Kommunen skal framme folkehelse gjennom planlegging. Ansvar for delar av folkehelsearbeidet er lagt til folkehelsekoordinator underlagt tenesteområdet Oppvekst og kultur. Koplinga til Oppvekst og kultur skal bidra til å sjå meir heilskap og samanheng i kommunen sitt arbeid overfor barn og unge.

Tenesta er fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 232 Førebygging, helsestasjon, skulehelseteneste og jordmorteneste
- 233 Smittevern, reisevaksine, samfunnsmedisin og folkehelse

Folkehelsearbeid kan definerast som samfunnet sin innsats i å påverka faktorar som direkte eller indirekte fremjar befolkninga si helse på alle plan. Folkehelselova legg opp til ei systematisk arbeidsform som inneber:

- å ha oversikt over helsetilstanden i befolkninga
- å ha oversikt over dei faktorene som har tyding for helsetilstanden i befolkninga
- å bidra til å jamna ut sosiale forskjellar i helse gjennom å sørge for at innsatsen for folkehelsa når dei med høgast risiko
- å sikra at alle sektorar i kommunen har fokus på folkehelse

Folkehelse

- Budsjett for Folkehelse i B-26 er på 2 390 330 kr, noko som er litt over 400 000 kr meir enn i 2025. Hovudårsaka til auken i budsjettet frå 2025 er auke i 60 % stillingsressurs knytt til ungdomsarbeid og i sær etablering av ungdomsklubb på Hafslo. Denne stillingsressursen vart vedteken i halvårsrapporten for 2025. Elles er mykje av arbeidet på Folkehelse knytt til konkrete prosjekt og der mange aktivitetar er eksternt finansiert.
- Folkehelse utarbeider ny rusmiddelpolitisk handlingsplan som vil verta lagt for politisk handsaming vårhalvåret 2026.

Tal om folkehelsa i Luster kommune

Kommunen skal kvart fjerde år utarbeida eit dokument som syner oversikt over helsetilstanden i kommunen: [Folkehelseoversikt 2024 - 2028](#)

Folkehelseinstituttet kartlegg årleg [folkehelsa i kommunane](#):

- Sjå oppvekstprofil for Luster kommune 2024 (fhi.no)
- Sjå folkehelseprofil 2024 (fhi.no)

Folkehelseoversikta i Luster syner at kommunen i sitt vidare planarbeid bør ha eit særskilt fokus på desse områda:

- Sosial ulikskap – barnefattigdom
- Psykisk helse
- Aldrande befolkning – ei samfunnsreform
- Frivillige organisasjonar – samarbeid for eit berekraftig samfunn
- Fysisk aktivitet - kosthald/overvekt

Det vert særleg følgt med på indikatorar som er knytt til desse fem områda. Mål og strategiar er omtalt i kommuneplan. Tiltak som er satt i verk blir systematisk evaluert.

Luster deltek også i den nasjonale undersøkinga Ungdata der elevar på 5.-7. trinn, 8.-10. trinn og vidaregåande opplæring vert spørte om korleis dei har det og kva dei driv med på fritida. Undersøkinga vart sist gong teken vinteren 2024. [Resultat frå undersøkinga finn du på ungdata.no](https://ungdata.no)

Tenester og oppgåver

233 Folkehelse

Helsestasjon/skulehelsetenesta har stor merksemd på førebyggjande og helsefremjande arbeid. Sentralt i dette arbeidet er tidleg innsats. Fysioterapitenesta gjennomfører trening for eldre med vekt på styrke og balanse (Betre balanse) på omsorgssentra i samarbeid med frivillige, og styrketrening for dei over 70 år på Luster treningssenter (SeniorSirkel).

SLT-politiråd

Luster og Sogndal og politiet har eit interkommunalt SLT-politiråd (SLT = *Samordninga av lokale kriminalitetsførebyggjande tiltak*). Luster har hatt ansvaret for koordinatorfunksjonen ved folkehelsekoordinator. Funksjonen har vore basert på statleg finansiering, men den økonomiske støtta har ikkje vore vidareført etter 2019. Det tverretatlege Familieforum er arenaen for SLT-arbeidet lokalt i Luster kommune.

Trygge lokalsamfunn (TL):

TL er ei ordning utarbeidd av Verdas helseorganisasjon (WHO) som vektlegg forankring, systematikk, langsiktigheit og samarbeid på tvers av fagområde og organisatoriske skilje som metode for å førebygge skader og ulykker. Forsking viser at denne arbeidsmetoden har effekt, og at ulykkesrisiko for mange type skader kan reduserast med 25 – 40 % dersom ein klarer å mobilisere næringsliv og frivillige organisasjonar i tiltaksarbeidet. Luster har oppfylt krava og vart sertifisert i 2016 som Trygt lokalsamfunn.

Saman om barn og unge i Luster (SABU)

Det er innført ein heilskapleg digital modell som viser korleis kommunen arbeidar for å sikre tidleg identifikasjon, oppfølging og hjelp til utsette barn. Modellen ligg på heimesida til kommunen og vert populært omtala som SABU-treet.

Oppfølgings- og losfunksjonen (LOS)

Dette er eit tiltak som starta opp i 2019 med tilskot frå Barne-, ungdoms – og familiedirektorat og som no er fasa inn i ordinær drift. Ungdomslosen er eit tilbod til elevane på ungdomsskulesteget der målet er auka trivsel og meistringskjensle samt å førebyggje fråvær. Ungdomslosen skal samarbeide tett med skulane og ungdommane sine føresette, og hjelpe til med ungdommane sin skulegang.

Aktiv alderdom

[Digital modell](#) som ligg på heimesida til kommunen. Her kan innbyggjarar, pårørande eller tenesteytar finne informasjon om sentrale tema for ein god, trygg og aktiv alderdom. Kommunen har som mål å leggje til rette for eit lokalsamfunn som sikrar gode levekår i alle delar av befolkninga.

Informasjonsmodellen skal synleggjere lokale moglegheiter og tilbod, samt nasjonale ressursar for ein god alderdom. Målet er å fremje aktiv deltaking, tryggleik, rett til å bestemme over eige liv og helse gjennom alle livsfasar.

Luster fritidsfond

Økonomi skal ikkje vere eit hinder for deltaking i fritidsaktivitetar i Luster. Luster kommune har oppretta eit fritidsfond som skal bidra til at alle barn og ung i alderen 6-18 år kan vere med på fritidsaktivitetar.

Luster danseverkstad

«Ung til ung»-formidling gjennom dans. Sidan starten i 2006 har frivillig ungdom vært ung-instruktørar og gitt hundrevis av barn og unge dansegleda i sine lokalmiljø i Luster. I tillegg til å være utøvande dansarar, unginstruktørar og koreografar, jobbar instruktørane bevisst med å vere gode førebilete for elevane. Instruktørane har dansetilbod i Gaupne, Hafslo og på Skjolden.

Utviklingsarbeid**Livsmeistring – Robuste barn og ungdom:**

Dette omfattande femårige samarbeidsprosjekt mellom Luster- og Sogndal kommune, Høgskulen på Vestlandet og fylkeskommunen vart ferdigstilt hausten 2025. Prosjektet har resultert i ressursen [meistrelivet.no](#) som er ei samling med undervisningsopplegg innan ei rekke tema for 1.-10. trinn og organisert i eit årshjul. I tillegg er det ressursar for barnehage og for føresette. Prosjektet vert no vidareført som eit samarbeid mellom alle sognekommunane.

Elles vert det gjennomført ei rekke utviklingsprosjekt finansiert av ulike offentlege tilskot. Større prosjekt er knytt til Ung arena og ungdomsklubbane, ungdomslos og Rocket Man Luster.

Særskild for 2026**Innsparingstiltak:**

Løns- og prisvekst: Det er lagt til grunn eit nedtrekk på 1 % løns- og prisvekst. Dette gjev ei innsparing på 0,458 millionar kroner for kultur- og folkehelsesektoren.


Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	1 815	1 815	1 815	1 815
Sum Budsjettendring i år	470	470	470	470
Sum Lønns- og prisvekst	105	105	105	105
Konsekvensjustert budsjett	575	575	575	575
Konsekvensjustert ramme	2 390	2 390	2 390	2 390
Ramme 2026-2029	2 390	2 390	2 390	2 390

Barnevern

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	9 730	12 212	11 262	10 705	12 317	12 317	12 317
Sum Driftsutgifter	9 730	12 212	11 262	10 705	12 317	12 317	12 317
Sum	9 730	12 212	11 262	10 705	12 317	12 317	12 317

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Barnevern	9 730	12 212	11 262	10 705	12 317	12 317	12 317
Sum	9 730	12 212	11 262	10 705	12 317	12 317	12 317

Skildring av verksemda i dag

Sogn barnevern er ei interkommunal teneste mellom kommunane Sogndal, Luster og Vik der Sogndal er vertskommune. Vik trådte inn i samarbeidet frå og med juni 2025. Sogn barnevern vil i 2026 vere dimensjonert med totalt 20,3 årsverk og har team for alle kommunale barnevernsoppgåver og team som yter tiltak til familiar.

Luster kommune har akuttberedskap utanfor kontortid gjennom Sogn barnevernsvakt.

Tenestene er fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 244 Drift av barnevernstenesta
- 251 Barnevernstiltak når barnet ikkje er plassert av barnevernet (tiltak i heimen)
- 252 Barnevernstiltak når barnet er plassert av barnevernet (tiltak utanfor heimen)

Nærare forklaring av kostrafunksjonane finn ein ved å gå inn i [kostrarettleiarane](#).

Samarbeidsavtale:

Det er inngått avtale med Sogndal som vertskommune. Kommunestyret godkjenner revidert avtale i 2022. Det er seinare vedteke at Vik også deltek i barnevernssamarbeidet.

Kommunal plan for førebygging

Ny barnevernslov krev at kommunen skal vedta ein plan for det førebyggjande arbeidet i kommunen. Kommunal plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsproblem vart vedteke i kommunestyret juni 2024. Planen skildrar kva som er måla for det førebyggjande arbeidet, korleis det førebyggjande arbeidet er organisert og fordelt mellom tenestene i kommunen, og korleis tenestene skal samarbeida.

Særskild for 2026**Innsparingstiltak:**

Det er ikkje lagt opp til direkte innsparingstiltak for barnevernstenesta i 2026, men framskrivingar på tiltaksområdet tilseier ei nedjustering med 760 000 kroner i budsjetttramma for denne tenesta.

Interkommunalt samarbeid:

Det er i 2025 gjort intensjonsvedtak i alle kommunestyra i sognekommunane om felles barnevernsteneste for Aurland, Lærdal, Luster, Sogndal, Vik og Sogndal. På oppdrag frå Sogn kommunalt oppgåvefellesskap har KS Konsulent gjennomført innsiktsarbeid med både tilsette i barnevernstenestene og kommuneleiinga, levert rapport og tilråding om felles barnevern i Sogn. Denne tilrådinga skal handsamast politisk i alle seks kommunane.

Vedtak gjort i Sogn kommunalt oppgåvefellesskap 3. november 2025:

- Sogn KO rår kommunane til å etablera ny felles barnevernsteneste i regionen
- Sogndal kommune vert vertskommune, det vil seie at hovudkontoret vert liggjande i Sogndal
- Avdelingskontor i Lærdal dersom alle seks kommunane vert med
- Prosjekt frå 1. januar 2026 skal førebu etableringa av den nye tenesta
- Etablering av felles barnevernsteneste frå 1. januar 2027


Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	12 212	12 212	12 212	12 212
Sum Vedtak forrige periode	-200	-200	-200	-200
Sum Lønns- og prisvekst	305	305	305	305
Konsekvensjustert budsjett	105	105	105	105
Konsekvensjustert ramme	12 317	12 317	12 317	12 317
Innsparingstiltak				
Reduserte utgifter barnevern 2026	-1 612	0	0	0
Sum Innsparingstiltak	-1 612	0	0	0
Nye tiltak og realendringer budsjett	-1 612	0	0	0
Ramme 2026-2029	10 705	12 317	12 317	12 317

Helse, omsorg og sosial

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Skildring av verksemda i dag

Helse, Omsorg og Sosial har 8 einingar/ansvar. Av dei tre områda er *Omsorg* klart størst med eit budsjett på om lag 209 mill., 227 årsverk og 297 tilsette. *Helse* har eit budsjett på 43 mill., 35 årsverk og 45 tilsette. *Sosial* er minst med ei økonomiske ramme på om lag 27 mill., 13,5 årsverk og 17 tilsette.

Av dei 8 einingane har Gaupne omsorgssenter det største budsjettet på 55,6 mill. - 60 årsverk og 70 tilsette. Men Grandmo miljøteneste har no eit budsjett på 54 mill. - 65,4 årsverk og 87 tilsette - og er dermed størst i tal årsverk/tilsette.

Dei tre områda har eit samla B-26 på om lag 281 mill. Samanlikna med (revidert) B-25 utgjer dette ein auke på 0,9 mill. Auken frå B-24 til B-25 var på 15 mill. Det generelle nedtrekket på 1% for auka løns- og prisvekst utgjer 3 mill for desse tre tenesteyrmda.

Detaljar om det einskilde tenesteyrmda er skildra i eigne kapittel.

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Lønn	270 050	278 292	276 421	282 622	282 622	282 622	282 622
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	32 788	29 567	31 429	30 426	30 426	30 426	30 426
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	12 980	12 970	19 980	21 437	21 437	21 437	21 437
Overføringsutgifter	14 054	10 438	14 538	8 617	8 617	8 617	8 617
Finansutgifter	367	10	10	10	10	10	10
Sum Driftsutgifter	330 238	331 276	342 378	343 112	343 112	343 112	343 112
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-21 445	-21 957	-22 047	-22 474	-22 474	-22 474	-22 474
Refusjoner	-40 493	-35 610	-39 310	-41 475	-41 475	-41 475	-41 475
Overføringsinntekter	-70	0	0	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-404	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	-62 411	-57 567	-61 357	-63 949	-63 949	-63 949	-63 949
Sum	267 827	273 708	281 020	279 163	279 163	279 163	279 163

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Sosial	32 518	32 491	31 937	26 815	26 815	26 815	26 815
Helse	39 800	41 509	41 514	43 118	43 118	43 118	43 118
Omsorg	195 508	199 708	207 569	209 230	209 230	209 230	209 230
Sum	267 827	273 708	281 020	279 163	279 163	279 163	279 163

Måltabell

Hovudmål

Aldersvenleg samfunn og tenester som gjennomgåande legg vekt på aktiv omsorg

Delmål

Dei eldre i Luster kommune får nytta potensialet sitt og er ein verdifull ressurs for lustrasamfunnet

God oppfølging av leve heile livet reformen med fokus på førebyggjande folkehelsearbeid

Alle brukarar med eit fagleg definert behov for pleie- og omsorgstenester skal få naudsynte tenester i tråd med formelle føringar

Luster kommune skal legge til rette for gode arbeidstilhøve og arbeide systematisk med rekruttering

Luster kommune skal vidareutvikle og betre evna til førebyggjande arbeid, tidleg innsats, individuell tilpassing og fleksibilitet basert på BEON prinsippet (beste effektive omsorgsnivå)


Innbyggjarane har sosial, økonomisk og arbeidsmessig tryggleik

Gode lågterskeltilbod som førebygger einsemd og fremjar psykisk helse

Sterke og attraktive og lokalsamfunn

Sosial

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Lønn	27 044	27 438	22 734	23 534	23 534	23 534	23 534
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	2 754	2 740	2 753	2 798	2 798	2 798	2 798
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	415	380	418	390	390	390	390
Overføringsutgifter	9 286	7 052	11 152	5 214	5 214	5 214	5 214
Finansutgifter	227	10	10	10	10	10	10
Sum Driftsutgifter	39 726	37 621	37 067	31 945	31 945	31 945	31 945
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-27	-50	-50	-51	-51	-51	-51
Refusjoner	-6 852	-5 080	-5 080	-5 080	-5 080	-5 080	-5 080
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-328	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	-7 208	-5 130	-5 130	-5 131	-5 131	-5 131	-5 131
Sum	32 518	32 491	31 937	26 815	26 815	26 815	26 815

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Sosial	32 518	32 491	31 937	26 815	26 815	26 815	26 815
Sum	32 518	32 491	31 937	26 815	26 815	26 815	26 815

Skildring av verksemda i dag

Sosialtenestene er lagt til NAV Luster som er eit partnerskap mellom stat og kommune. Leiar av NAV Luster har ei statleg og ei kommunal styringline. I den kommunale lina har NAV leiar ansvar og mynde som kommunal einingsleiar.

Tenestene er fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 213 Vaksenopplæring (Luster vaksenopplæring, LVO)
- 242 Råd, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid (sosialkontor)
- 275 Introduksjonsordninga
- 276 Kvalifiseringsordninga
- 281 Ytingar til livsopphald (økonomiske sosialhjelp)
- 283 Bistand til etablering og oppretthalding av eigen bustad (Husbanken)

Overordna fagleg ansvar for Luster vaksenopplæring (213) ligg organisatorisk til kommunalsjef Oppvekst, og ansvaret for forvaltning av Husbanken sine stønadsordningar (283) er lagt til Servicetorget.

Særskild for 2026

Busetjing av flyktningar:

Luster er i skriv frå IMDi datert 31.10.2025 oppmoda om å busetje 35 flyktningar i 2026. Det vart vedteke busetjing av 50 flyktningar i 2025, men dette vart (av IMDi) redusert til 25. Vurderinga i november 2025 er at tenestene har kapasitet og kompetanse til eit mottak av 35 flyktningar i 2026, men bustadsituasjonen er utfordrande. Dette kan likevel løysast ved at busetjingar kan regulerast gjennom året, med eit større mottak andre halvår 2026.

Etter ei samla vurdering er difor kommunedirektøren si tilråding til vedtak, og svar på oppmodinga frå IMDi:

1. *Luster kommunestyre vedtek å busetje inntil 35 flyktningar i 2026.*
2. *Eventuelle familiesameiningar kjem i tillegg.*

Drift og utvikling

Innsparingstiltak:

Løns- og prisvekst: Det er lagt til grunn eit nedtrekk på 1% løns- og prisvekst. Dette gjev ei innsparing på kr. 370 000.

Flyktningar: Mottaket av flyktningar i 2025 vart halvert i høve det som var planlagd. Endringa frå budsjettert mottak av 50 til 25, har store konsekvensar for statlege overføringar og drift. I budsjettprosessen er det difor arbeidd med tilpassingar. I sum er B-26 redusert med om lag 5 mill. samanlikna med B-25.

Overgang til arbeid er ein kritisk faktor. For å vidareføre- og styrke dette arbeidet vert 2 mill. flytta frå posten *økonomisk sosialhjelp* til inkluderingspotten, slik at denne vert på totalt 4 mill. i 2026. Bruk- og effekt av inkluderingspotten skal følgjast tett, og det vert gjort ei evaluering i halvårsrapporten. Den viktigaste indikatoren for evalueringa er graden av overgang til arbeid.

Interkommunalt samarbeid :

Med grunnlag tilråding i prosjektrapport levert i september, har styret i Sogn KO i vedteke å tilrå kommunane å inngå eit vertskommunesamarbeid for Nav-kontor i region Sogn. Det vert tilrådd desentral struktur med Nav til stades i alle kommunane, men tenesta må i dialog med kommunane få rammer til å utvikla tenestene utifrå framtidige behov.

I styremøte 3. november 2025 gjorde Sogn KO følgjande vedtak:

- Årdal kommune vert vertskommune for Nav region Sogn
- Prinsippvedtak vertskommune til politisk handsaming i kommunestyra i desember.
- Samarbeidsavtale og økonomiske konsekvensar til kommunestyra i februar/mars
- Etablering frå 1.1.2027


Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	32 491	32 491	32 491	32 491
Sum Budsjettendring i år	-1 350	-1 350	-1 350	-1 350
Sum Lønns- og prisvekst	974	974	974	974
Konsekvensjustert budsjett	-376	-376	-376	-376
Konsekvensjustert ramme	32 115	32 115	32 115	32 115
Innsparingstiltak				
Kostnadsreducerande tiltak - Nav	-3 300	-3 300	-3 300	-3 300
Reduksjon i økonomisk sosialhjelp	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000
Sum Innsparingstiltak	-5 300	-5 300	-5 300	-5 300
Nye tiltak og realendringer budsjett	-5 300	-5 300	-5 300	-5 300
Ramme 2026-2029	26 815	26 815	26 815	26 815

Helse

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Lønn	35 120	37 927	37 932	38 971	38 971	38 971	38 971
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	5 764	5 372	5 372	5 495	5 495	5 495	5 495
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	8 494	8 379	8 379	8 950	8 950	8 950	8 950
Overføringsutgifter	1 712	1 357	1 357	1 375	1 375	1 375	1 375
Finansutgifter	2	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	51 092	53 036	53 041	54 791	54 791	54 791	54 791
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-5 949	-6 374	-6 374	-6 521	-6 521	-6 521	-6 521
Refusjoner	-5 342	-5 153	-5 153	-5 153	-5 153	-5 153	-5 153
Sum Driftsinntekter	-11 292	-11 527	-11 527	-11 673	-11 673	-11 673	-11 673
Sum	39 800	41 509	41 514	43 118	43 118	43 118	43 118

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Helse	39 800	41 509	41 514	43 118	43 118	43 118	43 118
Sum	39 800	41 509	41 514	43 118	43 118	43 118	43 118

Skildring av verksemda i dag

Tenestemrådet er organisert som ei sjølvstendig tenesteeining leia av *Leiar for helsetenesta*. Eininga Helse har følgjande fagavdelingar: Helsestasjon, skulehelsetenesta og jordmor, Legetenesta med laboratorium, Fysio-/ergoterapi samt Psykisk helseteam og rusomsorg. Overordna ansvar for folkehelsearbeidet er lagt til folkehelsekoordinator i rådmannen sin stab.

Tenestene er fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 232 Førebygging, helsestasjon, skulehelseteneste og jordmorteneste
- 233 Anna førebyggjande helsearbeid (smittevern, reisevaksine, samfunnsmedisin, folkehelse)
- 241 Diagnose, behandling, habilitering og rehabilitering (allmennlegeteneste, legevakt, fysio- og ergoterapi)
- 242 Interkommunalt krisesentertilbod og senter for incest og seksuelle overgrep
- 243 Rusomsorg
- 258 Heimetenester – ambulerande virksomhet mv (psykisk helseteam)

Interkommunale tenester

Krisesentertilbod:

Luster sitt krisesentertilbod vert ivareteke av eit interkommunalt samarbeid med Kinn som vertskommune. Krisesenteret er lokalisert i Florø og skal oppfylle kommunane sine lovpålagde plikter om krisesentertenester.

Overgrepsmottak:

Mottaket er lokalisert til legevakt i Førde og er finansiert med om lag 60% frå helse Førde og 40% frå kommunane.

Senter mot incest og seksuelle overgrep (Smiso) - Nok:

Dette er eit kompetansesenter mot seksuelle overgrep lagt til Førde med Sunnfjord som vertskommune. Frå hausten 2020 vart namnet endra frå Smiso til Nok. Nok Sogn og Fjordane er ei privat stifting som vert drive med offentlege midlar. Inntil 80% av driftsutgiftene er statstilskot og 20% kjem frå kommunar, fylkeskommune og helseforetak.

Frisklivssentral:

Frisklivssentralen Sogn er ei interkommunalt helsefremjande og førebyggjande helseteneste for Luster og Sogndal. I samarbeidsavtalen vert kostnader fordelt med 70% etter folketal og 15% som deltakar-/medlemsandel per kommune.

Legevaktsentral/legevakttelefon (116117):

Alle kommunar skal ha ein legevaktsentral (LVS) som svarer på 116117. LVS for kommunane Årdal, Lærdal, Aurland, Sogndal, Vik, og Luster er lokalisert til det interkommunale lokalmedisinske senteret (LMS) ved Lærdal sjukehus.

SLT Politiråd:

Luster og Sogndal og Politiet har eit interkommunalt SLT - Politiråd (*Samordninga av lokale kriminalitetsførebyggjande tiltak*). Luster har hatt ansvaret for koordinatorfunksjonen.

Funksjonen har vore basert på statleg finansiering, men dette er ikkje vidareført frå 2020. Det er avtalt at Luster tek ansvar for koordinatorfunksjonen også i 2026.

Miljøretta helsevern:

Interkommunalt samarbeid etter vertskommunemodellen mellom Årdal, Lærdal, Aurland, Sogndal, Vik og Luster. Sogndal er vertskommune og har ansvar for å utfører oppgåvene i tråd med gjeldande lovverk. Tenesta vart styrka med ei stilling i 2020 og kostnaden vart dermed dobla. I ny samarbeidsavtale vert 30 % av utgiftene fordelt likt mellom deltakarkommunane, og 70 % etter omfanget av tilsynsobjekt i kommunane.

Jordmorsamarbeid:

Luster og Sogndal har vaktsamarbeid for jordmor. Ansaret for å administrere vaktordninga ligg til Sogndal kommune. Det er lagt til grunn ein stillingsressurs tilsvarande 10 %. Kostnad vert regulert årleg i samsvar med gjennomsnittleg lønsvekst. Luster dekkar 1/4 av vaktordninga og Sogndal 3/4.

Særskild for 2026**Drift og utvikling****Innsparingstiltak:**

Løns- og prisvekst: Det er gjort eit nedtrekk på 1% som gjev ei innsparing på kr. 460 000.

Styrkingstiltak:

For å rekruttere og behalde legar er det (frå 2019) opna for at legar vert kommunalt tilsett. Dette som alternativ til den tradisjonelle modellen der legar er næringsdrivande. Utviklinga syner at særleg yngre legar ynskjer kommunal tilsetjing, og moglegheit for kommunal tilsetjing har bidrege til god rekruttering- og stabilisering av legar i Luster.

Samstundes er kostnad (for kommunen) for kommunalt tilsett lege høgare enn næringsdrivande. Nasjonale tal syner at ei kommunal legestilling kostar i snitt 0,5 mill. meir enn ei næringsdrivande stilling (men dette vil variere avhengig av kor mykje ein tilsett lege takstar). Auken i tal tilsette legar i Luster er så langt i liten grad kompensert i Helse sitt budsjett. I 2026 vil det vere 7 kommunalt tilsette legar. For å kompensere for denne auken vert det tilrådd ei styrking av Helse sitt budsjett med 0,5 mill.

Helse- og omsorg mot 2030:

Kommunestyret har så langt gjort fire viktige vedtak i denne saka:

1. 28.11.2024, sak 87/24: Konseptrapport - vedtak om å samlokalisere institusjonsdrifta mm.
2. 19.6.2025, sak 55/25: Innsatstrapp - vedtak om å samle heildøgns tenester mm.
3. 2.10.2025, sak 68/25: Dimensjonering av heildøgnsstilbod fram mot 2040.
4. 27.11.2025, sak 75/25: Tomteval

Val av ny tomt gjev nye føresetnadar, og det vert arbeidd med vurdering av tre alternative løysingar:

- Maks: Nytt bygg med full samlokalisering av alle funksjonar
- Medium: Nytt bygg med noko redusert areal- og økonomisk ramme
- Minimum: Nytt bygg med større reduksjon i areal- og økonomisk ramme

Dei tre alternativa er eit utgangspunkt/rammeverk for vurderingane. Det kan vere fleire/andre aktuelle kombinasjonsløysingar som må vurderast i arbeidet framover.

I medium- og minimumsalternativa må nokre funksjonar vidareførast ved Gaupne omsorgssenter og i Helseneteret. Samstundes vil ei stegvis utbygging mot full samlokalisering bli vurdert.

Arbeidet med vurdering av alternativa vil bli gjort i ein prosjektorganisasjon med 9 arbeidsgrupper. Prosjektet vil ha brei representasjon frå alle fagområda i helse- og omsorgstenesta, tillitsvalde og andre sentrale aktørar. Prosjektorganisasjonen vil og bli brukt i det langsiktige arbeidet med teneste- og organisasjonsutvikling, til etablert drift i nytt bygg og i ny organisasjon.

Helse- og omsorg mot 2030 vert det viktigaste utviklingsarbeidet i helse- og omsorgstenesta i 2026.


Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	41 509	41 509	41 509	41 509
Sum Vedtak forrige periode	-980	-980	-980	-980
Sum Lønns- og prisvekst	1 230	1 230	1 230	1 230
Konsekvensjustert budsjett	250	250	250	250
Konsekvensjustert ramme	41 759	41 759	41 759	41 759
Nye tiltak				
Endra fordelingsnøkkel SYSIKT	60	60	60	60
Fleire legar på kommunal løn	500	500	500	500
Legevakttelefon	800	800	800	800
Sum Nye tiltak	1 360	1 360	1 360	1 360
Nye tiltak og realendringer budsjett	1 360	1 360	1 360	1 360
Ramme 2026-2029	43 119	43 119	43 119	43 119

Omsorg

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Lønn	207 886	212 926	215 754	220 116	220 116	220 116	220 116
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	24 270	21 455	23 305	22 133	22 133	22 133	22 133
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	4 071	4 210	11 183	12 098	12 098	12 098	12 098
Overføringsutgifter	3 056	2 028	2 028	2 028	2 028	2 028	2 028
Finansutgifter	137	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	239 420	240 619	252 270	256 376	256 376	256 376	256 376
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-15 468	-15 533	-15 623	-15 902	-15 902	-15 902	-15 902
Refusjoner	-28 298	-25 378	-29 078	-31 243	-31 243	-31 243	-31 243
Overføringsinntekter	-70	0	0	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-76	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	-43 912	-40 911	-44 701	-47 145	-47 145	-47 145	-47 145
Sum	195 508	199 708	207 569	209 230	209 230	209 230	209 230

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Omsorg	195 508	199 708	207 569	209 230	209 230	209 230	209 230
Sum	195 508	199 708	207 569	209 230	209 230	209 230	209 230

Skildring av verksemda i dag

Tenestområdet er organisert med tenestekontor, sentralkjøken og 5 tenesteeiningar; Luster omsorgssenter, Gaupne omsorgssenter, Hafslo omsorgssenter, Grandmo miljøtjeneste og Arbeids- og treningssenteret (ATS). Ansvar og mynde er internt delegert til leiarane av desse einingane.

Tenestene er fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 234 Aktiviserings- og servicetenester (eldre og menneske med nedsett funksjonsevne)
- 241 Ergoterapi
- 253 Helse og omsorgstenester i institusjon (inkl kjøken)
- 256 Tilbod om øyeblikkelig hjelp døgnopphald (ØHD)
- 257 Heimetenester – personellbase knytt til bofellesskap/samløkaliserte omsorgsboliger (BPA, ROP, Omsorgsplass)
- 258 Heimetenester – ikkje personellbase men ambulerande virksomhet mv (heimetenestene, psykisk helseteam)
- 273 Arbeidsretta tiltak i kommunal regi (Arbeids- og treningssenteret - ATS)

Interkommunale tenester:

Samhandlingskoordinator:

Målet med stillinga er at kommunane i fylket skal ha eit felles talerør mot Helse Førde når det gjeld samhandling, forhandlingar og avtaleinngåing på systemnivå. Sunnfjord er vertskommune. 17 kommunar deltek i samarbeidet og deler kostnadane.

Særskild for 2026

Drift og utvikling

Innsparingstiltak:

Løns- og prisvekst: Det er gjort eit nedtrekk på 1% løns- og prisvekst, som gjev ei innsparing på 2.17 mill.

Doble tenester: Samanlikna med andre kommunar har Luster høge kostnader knytt til støttekontakt. Noko av årsaka kan vere at Luster har ein praksis der det i nokre tilfelle vert gjeve støttekontakt til brukarar som har andre tenester på eit høgt omsorgsnivå. For å redusere kostnader vil slike tilfelle av doble tenester bli vurdert på nytt. Det er og for tida sær utfordrande å rekruttere nok støttekontaktar. Reduksjon av doble tenester kan gjere at andre får dekke behova.

Tersklar for tildeling- og evaluering av tildelte tenester: Samanlikna med andre kommunar har Luster ei "raus" tildeling av tenester, og tildelte tenester har i for liten grad blitt evaluert. Arbeidet med vurdering av tildelingspraksisen og evaluering av tildelte tenester har starta, og vil bli vidareført i 2026.

Yngre brukarar og ressurskrevjande tenester: Behova innan desse områda har auka monaleg dei siste åra, og det har vore naudsynt med kontinuerleg auka ressurstildeling. Tenestene vert i all hovudsak ytt av Grandmo miljøtjeneste (GMT), som dei siste fem åra har hatt ein auke på om lag 24 årsverk. Det har vore ei stor utfordring at turnusane ikkje har vore tilpassa økonomiske rammer (på grunn av auka behov

og tildelingar gjennom året). Konsekvensen var at i 2025 var det ein ressursbruk som låg langt over den økonomiske ramma. Budsjettet vart difor styrka med 4,9 mill. i halvårsrapporten.

For å få ein turnus innfor tildelt ramme (i B-26) er det hausten 2025 arbeidd med kostnadsreducerande tiltak. Det er under dette gjort tilpassingar i ny årsturnus som vonaleg gjev samsvar mellom drift og økonomisk ramme. Det vil bli arbeidd vidare med vurdering av drifta fyrste halvår 2026.

Gruppebaserte tilbod: Der det ligg til rette for det vil det bli vurdert om tenestemottakarar kan gjere aktivitetar saman/i gruppe.

Redusert bruk av vikarbyrå: På grunn av redusert tilgang på fagfolk har omsorgstenesta dei siste åra brukt vikarbyrå. Dette gjeld i noko grad gjennom heile året, men særleg for å sikre forsvarleg sommar drift. Utfordringane med sommar drifta har vore aukande dei siste åra, fordi tilgangen på faglærde ferievikarar er monaleg redusert. Det vil i tida framover bli vurdert ulike tiltak for å reduserer bruken av vikarbyrå, særleg i sommar drifta 2026.

Digitalisering og velferdsteknologi:

Digitalisering og velferdsteknologi er godt implementert i dagleg drift, og det er god kompetanse i organisasjonen. Det vil framover bli satsa på teknologi som gjev gevinstar både i høve kvalitet og ressurs/økonomi. Aktuelle tiltak i 2026 er:

- LMP bilder. Eingongskostnad på om lag kr 67 000, og årleg driftskostnad på kr 17 000. Med LMP bilder kan ein ta bilder med mobiltelefon og lagre i pasientjournal. Det kan brukes ved sårbehandling, eksem osv til dokumentasjon.
- Multidose e-resept er ikkje innført i Luster på grunn av manglande digitale løysingar. Nye- og betre digitale løysingar vert no pilotert. Om dei nye løysingane vert gode, bør multidose takast i bruk.
- Digital heimeoppfølging. Luster er med i eit prosjekt saman med kommunar og Helse Førde. Arbeidet vil bli vidareført i 2025. Samt auka bruk internt i kommunen.
- Auka bruk av digitalt tilsyn i heildøgns omsorg og Grandmo miljøteneste. Kostnad 3- 400 000
- Kunstig intelligens til hjelp i skriving av referat og rapportar.

Helse- og omsorg mot 2030:

Kommunestyret har så langt gjort fire viktige vedtak i denne saka:

1. 28.11.2024, sak 87/24: Konseptrapport - vedtak om å samlokalisere institusjonsdrifta mm.
2. 19.6.2025, sak 55/25: Innsatstrapp - vedtak om å samle heildøgns tenester mm.
3. 2.10.2025, sak 68/25: Dimensjonering av heildøgnsstilbod fram mot 2040
4. 27.11.2025, sak 75/25: Tomteval

Val av ny tomt gjev nye føresetnadar, og det vert arbeidd med vurdering av tre alternative løysingar:

- Maks: Nytt bygg med full samlokalisering av alle funksjonar
- Medium: Nytt bygg med noko redusert areal- og økonomisk ramme
- Minimum: Nytt bygg med større reduksjon i areal- og økonomisk ramme

Dei tre alternativa er eit utgangspunkt/rammeverk for vurderingane. Det kan vere fleire/andre aktuelle kombinasjonsløyningar som må vurderast i arbeidet framover.

I medium- og minimumsalternativa må nokre funksjonar vidareførast ved Gaupne omsorgssenter og i Helsesenteret. Samstundes vil ei stegvis utbygging mot full samlokalisering bli vurdert.

Arbeidet med vurdering av alternativa vil bli gjort i ein prosjektorganisasjon med 9 arbeidsgrupper. Prosjektet vil ha brei representasjon frå alle fagområda i helse- og omsorgstenesta, tillitsvalde og andre sentrale aktørar. Prosjektorganisasjonen vil og bli brukt i det langsiktige arbeidet med teneste- og organisasjonsutvikling, til etablert drift i nytt bygg og i ny organisasjon.

Helse- og omsorg mot 2030 vert det viktigaste utviklingsarbeidet i helse- og omsorgstenesta i 2026.

Utviklingsarbeid Arbeids og treningssenteret (ATS)

ATS har ei drift som skil seg mykje frå andre kommunale driftseiningar. I dette ligg stor grad av sjølvstende i høve tenestetilbod, dagleg drift, økonomi mm. Liknande tenester i andre kommunar har ofte ei anna organisering enn ordinære kommunale einingar. Det vert difor tilrådd at det i 2026 vert starta eit utgreiingsarbeid med vurdering av ATS som kommunalt føretak (KF).

Luster har tidlegare søkt om statlege VTA plassar (varig tilrettelagde arbeidsplassar) utan å få tilslag. Det vert tilrådd at det i 2026 på nytt vert søkt om VTA plassar.


Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	199 708	199 708	199 708	199 708
Sum Vedtak forrige periode	-1 335	-1 335	-1 335	-1 335
Sum Budsjettendring i år	5 300	5 300	5 300	5 300
Sum Lønns- og prisvekst	5 836	5 836	5 836	5 836
Konsekvensjustert budsjett	9 801	9 801	9 801	9 801
Konsekvensjustert ramme	209 509	209 509	209 509	209 509
Innsparingstiltak				
Nasjonale screeningprogram - avvikling av ordning	-159	-159	-159	-159
Utmelding av Alarmsentralen	-300	-300	-300	-300
Sum Innsparingstiltak	-459	-459	-459	-459
Nye tiltak				
Endra fordelingsnøkkel SYSIKT	180	180	180	180
Sum Nye tiltak	180	180	180	180
Nye tiltak og realendringer budsjett	-279	-279	-279	-279
Ramme 2026-2029	209 230	209 230	209 230	209 230

Samfunn og næring

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Skildring av verksemda i dag

Samfunn og næring er eit av to ansvarsområde under stabseining forvaltning og utvikling. Det er to avdelingar under området, næring og landbruk samt plan. Næring/natur og plan er dei to organisatoriske avdelingane, der verdsarv, næring og landbruk er samla i ei avdeling med ein avdelingsleiar og tre fagleg ansvarlege.

Viktigaste satsingsområdet for vidare samfunnsutvikling vil vere å få slutført handsaminga av kommuneplanen sin arealdel.

Ansvara som ligg under samfunn og næring er landbruk (inkl. natur- og miljøforvaltning), næring, plan, beredskap og kulturarv. For meir omtale av desse, sjå underkapittel.

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Lønn	13 580	14 434	14 141	16 098	16 098	16 098	15 223
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	5 378	4 952	4 984	5 196	5 196	5 196	5 071
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	3 248	2 167	2 104	2 221	2 221	2 221	2 221
Overføringsutgifter	8 650	4 746	7 746	3 450	3 450	3 450	3 450
Finansutgifter	27 288	20 011	20 011	20 011	20 011	20 011	20 011
Sum Driftsutgifter	58 144	46 310	48 987	46 977	46 977	46 977	45 977
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-4 362	-5 403	-5 403	-5 527	-5 527	-5 527	-5 527
Refusjoner	-7 200	-5 283	-4 360	-5 293	-5 293	-5 293	-5 293
Overføringsinntekter	-90	0	0	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-36 174	-24 419	-27 619	-24 019	-24 019	-24 019	-23 019
Sum Driftsinntekter	-47 826	-35 104	-37 381	-34 839	-34 839	-34 839	-33 839
Sum	10 318	11 206	11 606	12 138	12 138	12 138	12 138

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Landbruk	4 750	4 791	4 791	5 275	5 275	5 275	5 275
Næring	-56	-260	140	-65	-65	-65	-65
Plan	5 191	6 255	6 255	6 432	6 432	6 432	6 432
Beredskap	281	291	291	298	298	298	298
Kulturarv	152	129	129	198	198	198	198
Sum	10 318	11 206	11 606	12 138	12 138	12 138	12 138

Måltabell

Hovudmål

Delmål

Berekraftig reiseliv basert på dei unike natur- og kulturverdiane i Luster

Kommuneorganisasjonen framstår som eit forbilde i klimaomstillinga

Landbruket har gode rammer og det er mangfald innan landbruksproduksjonen i Luster

Verdiskapninga og produksjonen i landbruket oppretthaldast

Luster kommune legg til rette for berekraftig utvikling og nyskaping innan næringslivet og støttar opp om dei eksisterande verksemdene


Luster kommune er offensiv for medfinansiering av utviklingsprosjekt i næringslivet jmf «grunnlag for handsaming av næringssaker - Det gjeld både eksisterande bedrifter og nystarta bedrifter/grunderar

Positiv utvikling av felles arbeidsmarknad i Sogneregionen, særleg innafor offentlege arbeidsplassar

Luster kommune deltek aktivt for å utvikle fleire offentlege arbeidsplassar i Sogneregionen

Landbruk

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Lønn	4 226	4 437	4 437	4 857	4 857	4 857	4 857
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	1 757	990	990	1 015	1 015	1 015	1 015
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	2 880	1 453	1 453	1 490	1 490	1 490	1 490
Overføringsutgifter	2 244	1 140	1 140	1 160	1 160	1 160	1 160
Finansutgifter	134	11	11	11	11	11	11
Sum Driftsutgifter	11 242	8 032	8 032	8 533	8 533	8 533	8 533
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-289	-315	-315	-323	-323	-323	-323
Refusjoner	-4 305	-2 572	-2 572	-2 582	-2 582	-2 582	-2 582
Overføringsinntekter	-90	0	0	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-1 807	-354	-354	-354	-354	-354	-354
Sum Driftsinntekter	-6 492	-3 241	-3 241	-3 259	-3 259	-3 259	-3 259
Sum	4 750	4 791	4 791	5 275	5 275	5 275	5 275

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Landbruk	4 750	4 791	4 791	5 275	5 275	5 275	5 275
Sum	4 750	4 791	4 791	5 275	5 275	5 275	5 275

Skildring av verksemda i dag

Tenesta er organisert under stabseining Forvaltning og utvikling med avdelinga næring og landbruk. Ansvar og mynde er internt delegert til fagleiar landbruk og naturforvaltning.

Tenestene vert fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 329 Landbruksforvaltning
- 360 Naturforvaltning

Særskild for 2026

Tilrettelegging og stimulering av landbruket:

Luster kommune er ein av dei største landbrukskommunane Vestland fylke. Kommunen si rolle er både å tilrettelegge/stimulere samt å driva forvaltning. I forvaltinga av statlege og kommunale tilskotsordningar er det viktig med grundig oppfølging og kontroll slik at intensjonen for tilskotet blir følgt og at det vert likebehandling mellom brukarar. Av stimulerande tiltak er det fleire kommunale landbruksrelaterte tilskotsordningar som blir rullert i dokumentet «Grunnlag for handsaming av næringssaker i Luster kommune». Luster kommune har i fleire år hatt ei ordning med kommunalt lån i samband med større investeringar, Lånetaket vart frå 2024 auka til 2,5 mill.kr i lån pr verksemd. Det vert ei større rulling av grunnlaget i formannskap/kommunestyre i februar 2026.

Veterinærvaktordninga:

Det er i utgangspunktet tre veterinærar som deler på vaktene i distriktet. Det har sidan januar 2025 vore to erfarne veterinærar som har delt vakta, ei betring frå at det berre var ein i store delar av 2024. Veterinærvakta er lyst utatt på nytt anbod i november 2025, med varigheit på 2+1+1 år.

Naturforvaltning i Luster kommune:

Luster har mykje natur og kommunen har oppgåver knytt til viltforvaltning, ureining og friluftsliv. I tillegg har kommunen fått ansvar for forvaltning av åtte mindre verneområde og administrering av fylkesfellingslaget for rovdyr.

Hjortejakta er basert på grunneigarrettar, men mange små eigedomar har ført til mange små jaktvald. Hjortebestanden er stor og bør ikkje auke grunna beiteskader og påkøyrslar. For å få ei meir effektiv jakt og meir retta avskyting, bør jakta organiserast i større einingar.

Ny forvaltningsplan for hjort (2021-2024), og ny lokal forskrift som tredde i kraft frå 2023, skal ligga til grunn for dette arbeidet.

I 2025 fekk Luster kommune tildelt 500 000 kr til ulike tiltak i dei mindre verneområda kommunen har forvaltningsansvar for, inklusiv tilskot frå ordninga med nasjonal turiststi. Desse tiltaka omfattar mellom anna tilretteleggingstiltak på Nigardsbreen, fjerning av gran i 4 naturreservat og kunnskapsinnhenting i verneområde, samt andre mindre skjøtselstiltak. Vi vil søkje om midlar på same nivå også i 2026. God fagleg kompetanse innan naturforvaltning i kommunen og samarbeidet med nasjonalparkforvaltningsknutepunkt Gaupne (5 statlege arbeidsplassar) gjev kommunen tilgang til og god dialog kring tilretteleggingsmidlar. I tillegg til å sikre vernet av områda, er det blitt viktigare med tilrettelegging og ønskje besøkande velkomen inn. Gode naturopplevingar er viktig både for lokale og

tilreisande og har særleg stor påverknad på reiselivet.

Fortun bygdalag har blitt autorisert som besøkssenter for nasjonalparkane Breheimen og Jotunheimen. Luster kommune vil bidra inn til realisering av dette besøkssenteret, det er gjort vedtak om finansiering og oppstart av planarbeid for Fortun.

Elveførebygging

Tilsyn med eksisterande utbygde elveførebyggingar ligg hjå landbruk og naturforvaltning. Det er eit stort prosjekt under oppsegling med flaumsikring av Gaupne – i samarbeid med NVE. I den forbindelse kan det bli aktuelt å vurdere korleis arbeidet er organisert i Luster i dag. Det er også truleg behov for å styrke kompetanse og kapasitet til å vareta kommunen sine oppgaver i eit så stort flaumsikringsprosjekt.

Utviklingsarbeid

Arbeidet i Vassregion Sogn vil halda fram. Det er påvist for dårleg vasskvalitet i nokre vasslokalitetar, og det kan vere aktuelt med tiltak knytt til både avrenning frå landbruket og frå små avløpsanlegg. I 2024 byrja kommunen med tilsyn og kontroll med små avløpsanlegg, noko som vil fortsette å bli prioritert i 2026. Miljørådgjevar vil halde fram systematiske tilsyn knytt til private avløpsanlegg, og anlegg som ureinar vil få påbod om å dokumentere at anlegget tilfredstiller krava til ureining. I mange tilfeller vil det vere meir tenleg å bytte ut aktuelle delar av avløpsanlegget, noko me rettleiar innbyggjarane om. Det er likevel grunneigarane sitt val og kostnad med korleis dei vil tilfredstille myndekrav.

Den gamle avfallsplassen på Lambhaug har påvist avrenning og ureining. I 2024 vart situasjonen ytterlegare kartlagt. Konklusjonen er at det må gjennomførast tiltak, desse er kostnadsrekna til 9 mill.kr inkl. mva. Desse ligg inne i investeringsbudsjettet for 2027. I 2026 vil me avklara grunneigartilhøve, og vurdere om eigedommen med kringliggande areal kan vere eigna for eit næringsområde.

Naturforvaltning er viktig i ein utmarkskommune som Luster. Jakt og fiske er viktige rekreasjonsaktivitetar for lokale, og storslagen natur trekk til seg besøkande frå heile verda. Nigardsbreen er ein av dei store opplevingane for turistar i Sogn og kommunen arbeidar aktivt med besøksforvaltning som vernemyndigheit. Utfordring med tilbaketrekking av breen aukar mellom anna behovet for tilrettelegging og det må vere fokus på tryggleiken for dei besøkjande.

Luster kommune er med i Sogn Friluftsråd, og vil jobbe tett med dei om utvikling av deira arbeid. Det vil i samarbeid med friluftsrådet bli søkt om statleg sikring av friområde rundt strandsona i Hotla.


Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	4 791	4 791	4 791	4 791
Sum Vedtak forrige periode	300	300	300	300
Sum Lønns- og prisvekst	184	184	184	184
Konsekvensjustert budsjett	484	484	484	484
Konsekvensjustert ramme	5 275	5 275	5 275	5 275
Ramme 2026-2029	5 275	5 275	5 275	5 275

Næring

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Lønn	1 841	1 626	1 776	2 645	2 645	2 645	1 770
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	1 715	1 040	1 490	1 189	1 189	1 189	1 064
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	23	25	25	26	26	26	26
Overføringsutgifter	6 094	3 606	6 606	2 289	2 289	2 289	2 289
Finansutgifter	27 154	20 000	20 000	20 000	20 000	20 000	20 000
Sum Driftsutgifter	36 828	26 297	29 897	26 149	26 149	26 149	25 149
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-2 432	-2 492	-2 492	-2 549	-2 549	-2 549	-2 549
Refusjoner	-254	0	0	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-34 198	-24 065	-27 265	-23 665	-23 665	-23 665	-22 665
Sum Driftsinntekter	-36 884	-26 557	-29 757	-26 214	-26 214	-26 214	-25 214
Sum	-56	-260	140	-65	-65	-65	-65

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Næring	-56	-260	140	-65	-65	-65	-65
Sum	-56	-260	140	-65	-65	-65	-65

Skildring av verksemda i dag

Tenesta er organisert under stabseining Forvaltning og utvikling med fagområda næring og landbruk. Ansvar og mynde er internt delegert til stabsleiar. Tenestene vert fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 285 Breiband
- 320 Kommunal næringsverksemd
- 325 Tilrettelegging og hjelp for næringslivet

Særskild for 2026

Tilrettelegging og hjelp for næringslivet:

Luster kommune skal vere aktiv i høve delfinansiering av både små etablerarprosjekt og større satsingar i næringslivet. Kommunen kan ha ein rolle både ved utvikling av eksisterande verksemdar og etablering av nye. Det er fleire interessante utviklingsprosjekt under gjennomføring og på planstadiet i næringslivet i Luster.

I februar 2025 vedtok formannskapet; "Grunnlag for handsaming av næringssaker i Luster kommune", styringsdokument for både administrativ og politisk handsaming av næringssaker.

Aktuelle område det skal arbeidast med i 2026:

- Rullering av dokumentet, "Grunnlag for handsaming av næringssaker i Luster kommune" i kommunestyret februar 2026. Årets gjennomgang skal vurdere om det skal innførast søknadsfristar og strengare handtering av tilgjengelege budsjettmidlar. Det skal vurderast om det er kriterie som skal endrast, til dømes fullt rentefritak for lån til driftsbygningar i landbruket. Det vil ikkje bli handsama søknadar i 2026, verken med administrative eller politiske vedtak, før denne rulleringa er gjennomført.
- Arbeidet med felles kompetanseutvikling for næringslivet vil bli vidareført med temamøte vinteren 2026. Dette vil skje i samarbeid med næringslivet. Dette er arrangement der Luster kommune og Luster Sparebank samarbeider om det praktiske. Det er og møte og kurs på regionalt nivå der både Luster kommune og næringslivet i Luster er aktive deltakarar.
- Følgje opp masterplan for reiselivet med Visit Sognefjord, og regional og lokal tolegrenseanalyse og moglegheitsstudie for besøksforvaltning i Sogn og Luster.
- Halde fram samarbeidet med Sogn Utvikling knytt til næringsutvikling i Luster.
- Utvikling av eksisterande næringsstomter - Hausamoen, Gaupnegrاندane m.m.
- Følgje opp arbeidet med Harastølen

Utviklingsarbeid i regionen:

Gjennom Sognarådet er no alle næringsansvarlege i kommunane i eit samarbeidande nettverk, Næringsnettverket i Sogn. Luster har leia nettverket dei siste to åra, og vil bli avløyst på nyåret.

Status breiband:

Det har vore arbeidd aktivt med høgkvalitetsbreiband til innbyggjarane og næringslivet i Luster over tid. Det er Luster energiverk AS som er den juridiske eigaren av det meste av fiberen i Luster kommune. Transportfiberen (deler av den) vert nytta av fleire selskap ma Hydro, Statkraft, Statnett, Sognekraft og Telenor, desse selskapa har driftsavtale med Luster energiverk. Det er og Luster Energiverk som eig fiberen inn til husa ved fiberutbygginga til innbyggjarane i kommunen, men Sognenett leiger den fiberen på kommersielle vilkår frå Luster energiverk. Sognenett har avtale med kunden om nettleveransen.

I 2025 vart det vurdert breibandsutbygging frå Ornes til Feigum, men kommunestyret konkluderte på å ikkje gå vidare med prosjektet og heller vurdere korleis utvikling av mobilnettet kan gje betre tilbod til dei områda som ikkje har tilbod i tråd med nasjonale målsetjingar.

Næringsområde :

Luster kommune har regulert nytt næringsareal på Reiarmoen/ Hausamoen, og har vedteke oreigning. Det er dialog med Sogn Datasenter som ønskjer å utvikle næring på området. Mogleg at oreigningsprosess kan stoppast viss Sogn Datasenter kan utvikle området etter direkte avtale med grunneigarar.

Det er og slik at sjølv om det er att ledig næringsareal på Gaupnegrاندane og Røneidsgrاندane, så er det begrensa. Det gjer at Luster kommune må byrje å sjå etter nye alternativ, og Hausamoen er eit område som peikar seg ut. Reguleringsplanen for Gaupnegrاندane er viktig for å sikre betre utnytting av tilgjengeleg næringsareal. Kjøp av spolebasen vil gje store moglegheiter på næringsareal og næringsutvikling.

I 2023 vart siste næringstomt på Galdetoppen seld. Kommunen har no ikkje næringstomtar på Hafslo, og må i samband med kommuneplanen sin arealdel vurdere kvar framtidig næringsareal på Hafslo skal vere. Arealet ved den gamle revegarden er eitt alternativ, men kanskje kan den tidlegare regulerte utvidinga av Galdetoppen også vere aktuell. Det er høg inngangsbillett begge stadar. Det vil også bli vurdert om området rundt den gamle bosplassen på Lambhaug kan bli eit godt framtidig næringsområde som har bra nærleik til både Gaupne og Hafslo og såleis kan avlasta behovet for næringsareal begge desse stadane.

Klimautfordringar og næringslivet i Luster kommune**Straumprisar**

Innbyggjarane vart hausten 2025 fristilt frå sine fastprisavtalar, med grunngjeving av at Norgespris var eit rimelegare tilbod enn den kommunale ordninga. Fastpris til næringslivskundar vart selde frå 1.5.25 – 31.12.26, slik at det er ikkje aktuelt med nokon endringar med inngangen til 2026. Hausten 2026 må det vurderast korleis Luster skal handtere straumsal til næringslivet vidare. Gjeldande pris er på 55 øre pr kw/h eks.mva.

Næringslån

Renta på næringslån blir sett ned 0,25% til 4,75 % i 2026.

BuLust – eit prosjekt for å fremje busetjing og bulyst

Luster etablerer eit treårig bustads- og tilflyttingsprosjekt som har fått namnet BuLust, ei kortform av bulyst i Luster. Luster har tidlegare hatt vellukka prosjekt med å få omsett både gardsbruk og tomme hus. Dette er erfaring som ein tek med seg inn i det nye prosjektet, men målet er samstundes å tenke heilskapeleg på heile kommunen.

Gjennom BuLust er målet å få jobba både med:

- Betra tettstadsutvikling
- Få omsett eksisterande bustadmasse som er lite nytta
- Få omsett ledige tomter
- Vurdere om det er marknad for nye bukonsept, eventuelt transformasjon av ledige bygg

Prosjektet vil jobbe i samspel med andre utviklingsarbeid, mellom anna helse og omsorg 2030. BuLust vil også få ansvar for oppfølging av prosjektet samarbeid om bustadutvikling i Luster kommune, som er støtta av Husbanken.

BuLust skal jobbe vidare med delprosjekt og konsept for ulike behov for ulike grupper. BuLust vert etablert som eit prosjekt for å fremje busetjing og bulyst i Luster kommune. Gjennom prosjektet er målet å auke busetjinga i heile kommunen, redusere tal tomme hus og marknadsføre bu- og livskvalitetane i Sogn og Luster.

Vesentlege budsjettendringar

- Budsjettposten til bedriftsutviklingstilskot er vesentleg redusert, og er i 2026 på 2 mill.kr.
- Lagt inn budsjettramme for BuLust-prosjektet 1 mill.kr årleg


Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	-260	-260	-260	-260
Sum Vedtak forrige periode	100	100	100	100
Sum Lønns- og prisvekst	95	95	95	95
Konsekvensjustert budsjett	195	195	195	195
Konsekvensjustert ramme	-65	-65	-65	-65
Innsparingstiltak				
Redusert bruk av næringsfond	1 400	1 400	1 400	1 400
Redusert nivå bedriftsutviklingstilskot	-1 400	-1 400	-1 400	-1 400
Sum Innsparingstiltak	0	0	0	0
Ramme 2026-2029	-65	-65	-65	-65

Plan

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Lønn	5 504	6 406	6 406	6 579	6 579	6 579	6 579
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	1 495	2 001	2 001	2 050	2 050	2 050	2 050
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	292	601	601	616	616	616	616
Overføringsutgifter	239	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	7 531	9 008	9 008	9 245	9 245	9 245	9 245
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-1 641	-2 595	-2 595	-2 655	-2 655	-2 655	-2 655
Refusjoner	-699	-158	-158	-158	-158	-158	-158
Sum Driftsinntekter	-2 340	-2 753	-2 753	-2 813	-2 813	-2 813	-2 813
Sum	5 191	6 255	6 255	6 432	6 432	6 432	6 432

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Plan	5 191	6 255	6 255	6 432	6 432	6 432	6 432
Sum	5 191	6 255	6 255	6 432	6 432	6 432	6 432

Skildring av verksemda i dag

Tenesteområdet omfattar avdelinga plan. Plan har ansvar for kommune- og samfunnsplanlegging, arealplanlegging, forvaltning av areal, byggetiltak og tilskotsordningar samt kartforvaltning og oppmåling. Ansvar og mynde er internt delegert til plansjefen.

Tenestene vert fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 301 Plansak
- 302 Byggsak
- 303 Oppmåling

Særskild for 2026

Vi skal følgje opp planprogrammet, der følgjande planar har høg prioritet i 2026 (ikkje uttømmende liste):

- Kommuneplanen sin arealdel
- Områdeplan Hafslo
- Sentrumsplan Gaupne
- Gaupnegrandane
- Byggjefelt Salen

For meir omtale av dei ulike planane, og oversyn over planar som ikkje vert handsama etter plan- og bygningslova syner vi til planprogrammet. Luster kommune skal i tillegg sikre oppfølging av private planinitiativ

Utviklings- og utgreiingsoppgåver

- Gitt tilslutning i alle kommunestyra i dei fem samarbeidskommunane (Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal) så skal Luster bli vertskommune for eit nytt vertskommunesamarbeid innan kart, oppmåling og GIS. Dette vil starte frå 1.1.2027, men i 2026 vil det verte mykje førebuingsarbeid.
- Geovekst-kartlegging skal gjennomførast i Luster i 2026 og 2027. Vil gje betre og oppdaterte flyfoto- og kartgrunnlag.
- Setja fokus på redusere talet på 0/0 teigar i kommunen. Lage eit system/ ein mal for å få matrikulert sameigar mm.

Forvaltningsoppgåver

- Vidareføre rask sakshandsaming av byggjesaker og oppmålingssaker i tråd med lovpålagte tidsfristar.
- Kontinuerleg arbeid med forbetring av kvalitet på kommunalt kartverk.
- Redusere talet på feil/ manglar i bygningsdelen til matrikkelen.

Oppfølging av kommunestyrevedtak:

Det vart vedteke i samband med kommunestyrehandsaminga av budsjett 2025 at det i første halvår 2025 skulle det bli gjennomført ein fagdag om stadutvikling med representantar frå politisk og administrativt nivå. Målet var at det skulle bli engasjert ekstern bistand med faglege innlegg frå til dømes Vestland Fylkeskommune og Distriktssenteret. Ei målsetting med fagdagen var å utforme eit langsiktig stadutviklingsprosjekt for Gaupne og Hafslo. Fokus skal vere på fortetting og bustadutvikling i sentrum, estetisk kvalitet i sentrumsområde, aktivitetstilbod og sosiale møteplassar. Prosjektet skal sjåast i samanheng med og bidra inn i pågåande planarbeid, samt bidra til å realisere desse planane. Kommunestyret har vedteke opprettinga av BuLust-prosjektet, og denne fagdagen har difor vorte utsett til dette prosjektet er oppe og går.


Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	6 255	6 255	6 255	6 255
Sum Lønns- og prisvekst	178	178	178	178
Konsekvensjustert budsjett	178	178	178	178
Konsekvensjustert ramme	6 432	6 432	6 432	6 432
Ramme 2026-2029	6 432	6 432	6 432	6 432

Beredskap

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Lønn	122	126	126	129	129	129	129
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	149	165	165	169	169	169	169
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	10	0	0	0	0	0	0
Overføringsutgifter	29	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	310	291	291	298	298	298	298
Driftsinntekter							
Refusjoner	-29	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	-29	0	0	0	0	0	0
Sum	281	291	291	298	298	298	298

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Beredskap	281	291	291	298	298	298	298
Sum	281	291	291	298	298	298	298

Skildring av verksemda i dag

Tenestoområdet ligg under avdelinga landbruk og næring. Under beredskap ligg ansvaret kommunen har for beredskap, særleg knytt til vern mot naturskade. Ansvar og mynde er internt delegert til stabsleiar.

Tenestene vert fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 339 Beredskap mot brann og andre ulukker (her er det primært andre ulukker som er ført)

Særskild for 2026

Utviklingsoppgåver

- Ta i bruk kriseberedskapsprogrammet Rayvn i større grad enn no
- Gjennomføre øving


Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	291	291	291	291
Sum Lønns- og prisvekst	7	7	7	7
Konsekvensjustert budsjett	7	7	7	7
Konsekvensjustert ramme	298	298	298	298
Ramme 2026-2029	298	298	298	298

Kulturarv

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Lønn	1 887	1 838	1 396	1 888	1 888	1 888	1 888
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	261	756	338	773	773	773	773
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	42	88	25	90	90	90	90
Overføringsutgifter	44	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	2 234	2 682	1 759	2 751	2 751	2 751	2 751
Driftsinntekter							
Refusjoner	-1 913	-2 553	-1 630	-2 553	-2 553	-2 553	-2 553
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-169	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	-2 082	-2 553	-1 630	-2 553	-2 553	-2 553	-2 553
Sum	152	129	129	198	198	198	198

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Kulturarv	152	129	129	198	198	198	198
Sum	152	129	129	198	198	198	198

Skildring av verksemda i dag

Dette ansvaret omfattar både kommunen sin aktivitet knytt til generelt kulturminnevern og verdsarven Urnes.

Tenestene vert fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 365 Kulturminneforvaltning

Særskild for 2026

- Verdsarvsenteret er å rekne som fullfinansiert, sjølv om fylkeskommunal deltaking er noko skubba ut i tid. Luster kommune har avsett 10 mill.kr til finansiering av investeringsprosjektet. Mykje detaljplanlegging som må gjerast med å planlegge for prosjektgjennomføring.
- På investeringsbudsjettet ligg brannsikring av tunet på Ornes, og dette vil bli jobba vidare med i 2026.
- I 2022 starta eit prosjekt med skjøtselsmedarbeidar på Ornes, finansiert av tilskotsmidlar frå Riksantikvaren. Dette prosjektet har gode resultat, og vonleg vil vi få finansiering til å vidareføre og styrke dette for å sikre god landskapspleie knytt til verdsarven.


Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	129	129	129	129
Sum Lønns- og prisvekst	69	69	69	69
Konsekvensjustert budsjett	69	69	69	69
Konsekvensjustert ramme	198	198	198	198
Ramme 2026-2029	198	198	198	198

Eigedom

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Skildring av verksemda i dag

Eigedom er eit av to ansvarsområde under stabsområde forvaltning og utvikling. Det er ei avdeling (eigedom) og ei tenesteeining (teknisk drift) under området. Ansvara som ligg under eigedom er eigedom, veg og park, kommunale bygg, utleigebustad, VARS og brannførebygging. Det er tett samarbeid mellom eigedom og teknisk drift i arbeidet innanfor dette feltet.

Sjå underkapittel for nærare omtale av dei ulike ansvara.

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Lønn	32 183	31 210	31 581	31 039	31 039	31 039	31 039
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	51 843	42 891	43 641	44 809	44 809	44 809	44 809
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	16 209	20 865	20 865	21 337	21 337	21 337	21 337
Overføringsutgifter	8 031	1 518	1 518	1 441	1 441	1 441	1 441
Finansutgifter	3 590	364	364	364	364	364	364
Sum Driftsutgifter	111 855	96 848	97 969	98 990	98 990	98 990	98 990
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-45 920	-51 233	-51 233	-53 072	-53 072	-53 072	-53 072
Refusjoner	-12 553	-1 210	-1 210	-1 215	-1 215	-1 215	-1 215
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-1 936	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	-60 409	-52 443	-52 443	-54 288	-54 288	-54 288	-54 288
Sum	51 446	44 405	45 526	44 702	44 702	44 702	44 702

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Eigedom	3 622	4 391	4 391	4 502	4 502	4 502	4 502
Veg og park	23 405	18 762	19 655	19 135	19 135	19 135	19 135
Kommunale bygg	22 225	22 046	22 274	21 641	21 641	21 641	21 641
Utleigebustad	-1 713	-1 241	-1 241	-1 266	-1 266	-1 266	-1 266
VARs	-5 841	-9 441	-9 441	-9 446	-9 446	-9 446	-9 446
Brannførebygging	9 748	9 888	9 888	10 136	10 136	10 136	10 136
Sum	51 446	44 405	45 526	44 702	44 702	44 702	44 702

Måltabell

Hovudmål

Kommuneorgansisasjonen framstår som eit forbilde i klimaomstillinga

Påliteleg og bærekraftig infrastruktur og robuste tenester

Sterke og attraktive og lokalsamfunn

Trygge og attraktive bustader

Delmål

Klimagassutsleppa og energibruken frå kommunen sin verksemd reduserast

Luster er ein trafiksikker kommune med god tilrettelegging for gåande og syklande


Trygg levering av veg, vatn og avløp

Attraktive tettstader som tilbyr varierte bustad- og tenestetilbod og gir bulyst

Luster kommune vil ha gode og framtidsette bustader og bustadløyningar for barnefamiljar, eldre og utsette grupper

Eigedom

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Lønn	1 559	2 026	2 026	2 081	2 081	2 081	2 081
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	2 285	2 249	2 249	2 301	2 301	2 301	2 301
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	135	359	359	368	368	368	368
Overføringsutgifter	169	-42	-42	-42	-42	-42	-42
Sum Driftsutgifter	4 148	4 592	4 592	4 708	4 708	4 708	4 708
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-200	-201	-201	-206	-206	-206	-206
Refusjoner	-326	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	-526	-201	-201	-206	-206	-206	-206
Sum	3 622	4 391	4 391	4 502	4 502	4 502	4 502

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Eigedom	3 622	4 391	4 391	4 502	4 502	4 502	4 502
Sum	3 622	4 391	4 391	4 502	4 502	4 502	4 502

Skildring av verksemda i dag

Tenestemrådet omfattar avdelinga eigedom. Stabsfunksjonen eigedom er eigar og forvaltar av alle kommunale bygg og anlegg. Eigedom kjøper tenester hjå teknisk drift for å drifte og vedlikehalde bygg og anlegg. Eigedom har prosjekt- og byggeleiingsansvar for investeringsprosjekt. Ansvar og mynde for avdelinga eigedom er internt delegert til leiar eigedom.

Tenestene vert fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 121 – Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen
- 335 – Offentlege toalett (leigde toalett, eigde er på ansvar kommunale bygg)
- Investeringskostnader er ført på kostrafunksjonen til føremålet som vert investert til.

Særskild for 2026

Budsjettet på dette ansvaret er i svært stor grad knytt til aktivering av kostnader i investeringsrekneskapen. Dei tilsette på eigedom skal i 2026 følgje opp vedtekne investeringsprosjekt og sikre best mogleg leveransar på budsjett, kvalitet og tid til beste for innbyggjarar, brukarar og tilsette i kommunen. Eigedom skal bidra inn der det er relevant i investeringsprosjekt, frå utgreiingsoppdrag til realisering.

Eigedom har også ansvaret for sal av bustadtomter. I 2026 skal Salen bustadfelt planleggast og truleg opparbeidast i 2026 og leggst ut for sal i 2027. I følgje investeringsbudsjettet skal det også byggast eit nytt offentleg toalett på Vassbakken. Vidare planlegging Bolstadmoen vert avklara når grunnnerv er avklara.


Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Vedtatt budsjett	4 391	4 391	4 391	4 391
Sum Lønns- og prisvekst	111	111	111	111
Konsekvensjustert budsjett	111	111	111	111
Konsekvensjustert ramme	4 502	4 502	4 502	4 502
Ramme 2026-2029	4 502	4 502	4 502	4 502

Veg og park

Brutto utgifter i % av kommunen sine totale brutto utgifter



Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsutgifter							
Lønn	4 207	3 498	3 641	3 593	3 593	3 593	3 593
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	14 466	10 809	11 559	11 058	11 058	11 058	11 058
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	5 159	8 880	8 880	9 102	9 102	9 102	9 102
Overføringsutgifter	4 150	600	600	514	514	514	514
Finansutgifter	0	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	27 981	23 787	24 680	24 266	24 266	24 266	24 266
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	-249	-4 576	-4 576	-4 681	-4 681	-4 681	-4 681
Refusjoner	-4 327	-450	-450	-450	-450	-450	-450
Sum Driftsinntekter	-4 576	-5 026	-5 026	-5 131	-5 131	-5 131	-5 131
Sum	23 405	18 762	19 655	19 135	19 135	19 135	19 135

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Veg og park	23 405	18 762	19 655	19 135	19 135	19 135	19 135
Sum	23 405	18 762	19 655	19 135	19 135	19 135	19 135

Skildring av verksemda i dag

Tenestekområdet omfattar tenesteeininga teknisk drift. Teknisk drift er ei utøvande eining. Stabsfunksjonen eigedom er eigar og forvaltar av alle kommunale bygg og anlegg. Eigedom kjøper tenester hjå teknisk drift for å drifte og vedlikehalde bygg og anlegg. Ansvar og mynde for tenesteeininga Teknisk drift er internt delegert til leiar av eininga.

Tenestene vert fordelt på følgjande kostrafunksjonar:

- 330 Samferdsle
- 332 Kommunale vegar og trafikktryggleikstiltak
- 335 Rekreasjon i tettstad (grøntanlegg, offentleg toalett m.m.)

Særskild for 2026

For større investeringstiltak på det einskilde anlegg syner vi til omtale i investeringsbudsjettet.

Anleggsutvikling

Økonomien på anleggsutvikling i åra 2026 til 2029 er 4 mill kvart år.

Asfaltering/reasfaltering og mindre oppgraderingstiltak nyttar rammeløyvinga anleggsutvikling. Det kommunale vegnettet treng oppgradering og fornying av fast dekke. Dei mindre tiltaka vert løyste via rammeløyvinga. Nærare oversyn over status og aktuelle/prioriterte tiltak er skissert i KTP.

Dei prioriterte tiltaka i 2026

- 0,5 mill.kr skal tilbakeførast til investeringsprosjekt Modvovegen
- Bolstadvegen - grøfting og reasfaltering på deler av vegen
- Ekrevegen, Indre Hafslo. Grøfting, masseutskifting, oppretting og ny asfalt.
- Røslbakkane i samband med Salen, vurderast
- Kryss Sviggaplassane mot fv. 55
- Alle vegar. Nytt/ utskifting/ reparasjon av rekkverk

Administrativ fullmakt

Trafikktryggingstiltak/aksjon skuleveg tek utgangspunkt i plan m/tiltaksliste.

i 2026 er dette tiltaket aktuelt:

- Fullføre Bakkingavegen - fortau frå Hafslo sentrum

Veglys

Frå og med førre økonomiplana vart det lagt til grunn veglysinvesteringar på 1,5 mill.kr annankvart år. Det er ikkje avsett midlar til veglys i 2026. Det er uansett i lita grad lagt opp til nye veglysanlegg, men heller utskifting av gamle lampar til led-lampar.

Park:

Gartnarstilling er innarbeidd og grøntområde har ei god drift ut frå dei råmene som er til rådvelde. No er tilgang til Storekaia i Solvorn avklara, og i 2026 skal vi utarbeide ein plan for bruken av kaia og landområdet, og samanheng mellom denne og badeplassen og resten av sentrum. Solvorn bygdeag vil bli invitert med i arbeidet. Vi vil utfordre Vestland fylkeskommune til å vere med på å drifte toalettet på badeplassen i Markstein, sidan dette vert mykje brukt av dei som står på rasteplassen. Det same gjeld drift av nytt toalett på Vassbakken som ligg langs nasjonal turistveg.

Samferdsel -kommunal ferje Solvorn - Ornes:

I 2024 var det utlyst ein konkurranse på drift av ferjesambandet Solvorn - Ornes. Det er valt å inngå kontrakt med Lustrabaatane Drift AS, og kontrakt vert signert på slutten av 2024. Det er uendra rutetabell, og periodekort vert også vidareført. I ny kontrakt får kommunen inntektene sambandet generer, og for å bidra til finansiering av sambandet vert pris for einskildreiser auka monaleg, sidan hyppigbrukarar av ferja no har periodekort. Ny kontrakt er ein del dyrare enn tidlegare, men sidan budsjettet har vorte styrka med ein del midlar til å betal for auke drivstoffkostnad på eksisterande samband er nettoeffekten ikkje så stor. Det er planlagt at prisauken på einskildbillettar skal kunne auke inntektene med om lag 1 mill.kr. Arbeidet med å få fylkeskommunen til å ta over drift av ferjesambandet vil halde fram.

Tilskot til vedlikehald av private vegar

I budsjettframlegget er tilskot til private vegar sett til 500.000, ein nedgang med 100 000 kr samanlikna med 2025.

Parkering

